

bokselskap.no, Oslo 2018

Olav Duun: *I eventyre*

Teksten i bokselskap.no følger 2. opplag, 1921 (Kristiania/Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-438-8 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-439-5 (epub),

978-82-8319-440-1 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Duun

I eventyre

bokselskap.no

Oslo 2018

[Sommarkvelden](#)

[Lande i eventyre](#)

[Faren](#)

[Gråvêren og oterbørssa](#)

[Heimlausingen](#)

[Frami bygda](#)

[Ut or eventyre](#)

SOMMARKVELDEN

I.

Det var skinande sommarkvelden, bjølleklang frå marka og myasong kring øyra, og dei to som var på vegen nordover Kjelvik-kleiva, gjekk seint og høgtidsamt, liksom det var for godt vêr å gå i, ein skulde heller sette seg ned og halde helg.

Det var slikt eit laug med sol over all ting, over lauvlia og myra og alle snauberga. Bjørkeskogen dåma så det stemte for bringa, og lauvglansen stod tett og mjuk imot auga, i ungdom og ovmod; åt andre sida tok myra etter ein, ho blømde så brunt og tuvut og dogga kvitblått over tjønnene og dalsika vestetter, ho hadde bryllopp i kveld. Men fjelle var over det alt i hop: stod i kveldsola så mosabrunt og berggrått det var, det smilte over all bygda og langt til havs.

Og der går ho Elen Vennestad i veg med gutungen sin, sa folk. Armods krok! sa dei kanskje om både guten og henne. Ho kjente dei sa det, slik som ho kjente godvêrskvelden og alt det som i kring henne var.

[6] Solstrålane vart lenger og lenger, og mjukare og rikare, og mya la ein ny og heit tone i songen sin, så hjartans dirrande og tett over ein, han rann i eitt med solstrålane, så det var å kjenne på liksom *dei* song. Inn i dette minte saubjøllene seg berre med djupare dirring, liksom av større strålar ovant blånaen ein stad.

«Ka du går og tenkji på du, Odin?» seier mora.

Ho kjente ein liten vaknande rykk i handa; det var så uvant at ho spurte han om noko.

«På det at æ berre e sju år,» svara han da det hadde vore litt.

Orda kom lyst og modig, men dei drog ein skugge over andlete hennar. Han måtte merke det, for no aksla han seg og lo og vilde stryke det ut att: No skulde han ut og *vera* hoss folk, no skulde dei få gjætar i Kjelvika òg! Rettno så.

Og no var dei oppå høgste kleiva, oppå Langbrekka, og himmelen vida seg ut framfor dem så det tok under bringa, dei gjekk og dei gjekk, og lande nordover

det seig unna og vart ikkje å sjå, berre blåe himmelbotnen. Så endelig blåna det fram, låglande på nordsida Folla, langt ute og nede, og der fjorden sjøl med det store bleikblanke andlete imot dem og med issvarte speglingar innunder hitre lande.

«Nei men *sjå!*» ropte guttungen. Dei hadde stana. Han var i ei undring over heile andlete, blunka storøygd og med munnen open, måtte ta etter vøre eit par gonger. Så kika han på [7] skråss opp etter andlete til mora: *Ser du, mor? Er det ikkje rart?*

Ho var lyslett og mild, som han støtt hadde sett henne, og auga dei blunka slik rolig og tungt, såg ikkje ut til dei vart sittande med nokon ting; slik var ho mormor Åsel på Håberg òg. – Ja, sa ho berre. Ho tok handa hans att, utan å sjå den vegen, venta henne og fann henne.

No svinga dei vestetter frammed høgdene. Det var ikkje anna enn gongstig no. – Bur det ikkje hest-eigande folk på den her kanten, mor? Svare venta han elles ikkje på; det var så uvisst med den tingen; det var over tusen ting han skulde vita, og ho mor tok det urimelig tålig med å svara. – Men enn alle desse store einkavaneⁿ¹ her da? og slike fine små sletter imillom, som dei skulde vera både klipt og kosta, he? og sjå der nede, kva skal dei med all den leira, mor? – Ja da! Men kom no, Odin.

«E det dér utpå dem drukna, folk? Når dem bliv på sjøen? Nej men kyrn, mor, dem står *uti vatne!*»

Han vart laus i handtake, kjente ho, og eldande kringføtt, rettno fór han visst. Ting for ting kom imot han og susa igjenom han, utrulige ting alt saman; no lo han høgt over seg: Sjå fuglen, han datt i sjøen, kar! Å, han søm, gjer han, – du lurar ikkje meg, ikkje!

«E du så gla i kveld, Odin?»

Han såg berre halvt på henne. Så drog [8] det etter seg. Glad? Det visste han no ikkje; men han skulde bort og *vera*; dei var på vegen no; for dei kunde ikkje ha han lenger heime, no når ho mor hadde giftå seg og han farfar hadde *gitt ifrå seg* og skulde på kåre. Han rente fort gjennom tankane, og andlete skifta i einingen. Så seier han, gammalt og stødig, – det er ein ny Odin å høre på:

«Sjer du, mor, om æ ikkj va bra å ha. Ka?»

«Jau?»

«Ja, for det e ikkj sagt dem ha gjort det her, all i hop. At du ha vorti fri dem så lett.»

Mora måtte smile, enda ho vart kald oppetter andlete. – Fri dem ja, sukka ho.

Men var dei ikkje snart framme no? undrast han, – dei hadde da sikkert gått ei mil no og vel så det? Eller ein fjerding? Og kven var det som budde på andre sida fjorden? Og best han går, seier han:

«Æ gruva ikkj det slag for å komma dit. Du ska berre sjå, mor!»

«Det e bra det, Odin.»

«Ja-e.»

No hadde dei eit sund på sida, millom lande her og eit par lange skogøyar; no skulde det ikkje vera lang stubben att. Han hadde hørt det, og desutan kjente han det på handa hennar, ho kleip så hardt no. Og sjøfuglen lokka og skreik så frammandt; no var ein ikkje heime lenger; og nedmed stranda der sukka det og sukka det, – det var båra som låg der og gnog, ho vart aldri ferdig. Han tok litt tyngre i handa til mora.

Det der, det måtte vera Kjelveik-valen som han hadde hørt om: storstein og sand tvert over sunde og til øya. Ei frammandvori lukt kom og tok imot dem, det måtte vera røyklukta frå ei stue. Men no stana dei og stod og lydde: Det var ein som ropte hit over sunde bortant øya. – Gurianna! ropte det, og eit kvinnfolk-mål attom haugen her svara ja. Der, no ropte det att, enda grovare, og kvinnfolke svara ja. Odin var nær på å sette i med. Det ropte tredje gongen, så det rønn i all marka:

«Guri-anna!» og no hørte dei han sa med seg sjøl: «Du e eit kors å dragast med.»

Det var han Bendek sjøl, det der, sa Elen, for han var urlite tunghørd av seg, og ho som svara, det var kona hans, ho skulde vel over med færingen og hente han.

Men guten hadde levna til så merkelig:

«Æ ska fortel dæ det var *mål* ti 'n!»

Dei gjekk over haugen, og hadde plassen framfor seg: ei grøn slette millom sjøen og småhaugane, med steingar rundt omkring, så det var som ein haga; og to små grå hus med tørvtak på. Det låg her så gjømt og utrulig, ein måtte mest vera den første som fann det. Fjose var som du såg ein salrygga hest, ein kuv opp på kvar enden og ei djup sell i midten, – og der var det eit hus nedmed sjøen, det måtte vera nauste deira! Der kom færingen kilande fram [10] om nauste og over vass-speielen, og eit kvinnfolk i årane, og båra sømte etter med ein skinande trekant over sunde; e-fuglen tøyde på og rodde unna med ungene sine, – kvar ein skreiv trekanten sin etter seg i vatne.

Elen og Odin stod og heldt einannan i handa. Sola stod beint på vollen, og skjein over blomsteren så det var blått i blått og kvitt i kvitt, det var ein trolldom med blomster som Odin hadde drømt om ein gong, og midt nedgjenom herligheita rann bekken og mulla med seg sjøl. Små grasstrå stod i vatne til knes og nikka og bikka på seg; og ringerla ho var nedåt og vaska seg, – ho var å sjå til som den der heime; og svala ho fanns her ikkje. Odin spurte kvifor *ho* ikkje var her? – Nei, ho budde vel ikkje her, ho. Men ser du alle sjøfuglane, Odin? Er dei ikkje vakre? – Jau; visst dei ikkje hadde vore så berrmælte, så. Men no lo han og pekte: Nei, no har eg da aldri sett skjura med raude føter før! – Det er kjelden det der, sa Elen; du skal sjå du finn egga hans nedi fjæra ein vakker dag.

Men no kom båten att, og der var to i han. Det var Bendek som sat og rodde no. Han var stor og rundrygga, det var ikkje noko under det var mål i han der, og enda han knapt lea på seg, rann båten så lett som i lufta unna åretaka. Hunden i bakkotten som eit menneske. Gurianna viste berre med handa, så lystra båten [11] og svinga inn i støa. Så, no kjem dei oppover – no bli dei vår han!

«Guds fred!» helsa Bendek.

Det var inga sak å gå fram og helse på han; og ikkje på ho Gurianna heller, men han var snar til å ta åt seg handa og komma seg attende til mora: ho var så mørk og så rar ho der. Bendek pusta seg opp etter bakken:

Jaså, her var framandfolk ute og før? Og slik ein stor gut da? No skulde dei

sjå her vart dreng i Kjelvika òg! Det vart mykje snakk om han; og så bar det inn. Da merka Elen at hjarte vart litt tungt i han. Det gjekk same kjensla gjennom henne og stemte imot: Det var så nytt allting her, så smått og frammandt alt det auga fall på, og lukta imot dem, og lyden i huse, ho hadde aldri vorte vår det før når ho var her; det tok bitte ifrå ein liten ein, det vart mange mils veg heim til Vennestad no.

Men det var ei koseleg lita stue. Lågt under lofte, og vindauga små og dimsne, men kvitt golv, med sand på, og heimslig og reint allstads, med kokeomn inne, og seng, og mjølkehylle oppetter veggene, og klokkeskap og andre gamle måla ting med utskjeringar; og blomster var det i vindauga. Odin var snart over det tyngste og langt inn i undringa att. Og Bendek snakkar berre med *han*. Hadde han vore på seisjøen nokon gong? Ikkje det no. Men ro kunde han visst, ikkje så lite? og huga på å lære det ja, jaha. Her skulde det ikkje bli *mankement* på å ^[12] få lære. Men sjå, seien vippar deg no vel berre på sjøen, he?

Odin lo spellande kåt og blankøygd: Nei stopp no urlite!

Bendek lo med, stort og godt, det var så det humra i heile stua. Han hadde ein krans med grått skjegg rundt andlete, og små blå auga, som kom bort mest når han lo. Han var stor som fjelle når han sat, men berre som ein annan ein når han reiste seg. Gurianna var like svarthærd, kor lenge ein såg på henne, og litt kaldt var det å sjå på henne, ho var ikkje ulik ei farkkjerring som hadde vore innom på Vennestad eingong, – berre ho ikkje røyker òg! sukka han. Og nær på å få skjegg det var ho visst. – Men du skal ikkje vøre å vera redd henne! kviskra han til mora, straks dei vart toeina ei blink. – Nei? kvifor det? Ho er da snild ho. – Ja da, det skal du ikkje gruve for.

Men klokka stavra og gjekk, det ståst ikkje tid for henne, og no måtte Elen ta og gå heim. – Det var kar det! sa Bendek! Reiser ut og tener i den alderen, det var ikkje alle som klara det san. Odin la hendene på ryggen. Ingen hadde skrytt av han før. Han kremta stort:

«Det va det at det vart ikkj anna råd. Dem kund ikkj godt ha mæ heim lenger, når –»

Han tverstoppa i det og raudna. Mora såg ned.

Han hadde vel vore med og kjørt vonoms meir? spurte Bendek.

[13] «Det va æ som gjord' mestparten tå kjøringja, på sisten her.»

«Du da!» lo mora. «Du må da snakke sant, Odin!»

«Du veit han vil ikkj stå her og komma reint bort heller,» sletta Bendek av.

Nei, det var just det, og kva skulde han ta etter? Elles skulde han vel snakke *sant* nok.

Dei vart med Elen ut og oppover til lee. Odin gjekk og såg på henne. Så vakker var ho ja, når ho gjekk breiddmed Gurianna, så tjukt og lyst eit hår hadde ho, og munnen så god. Hån visste kva ho gjekk så tangst for no: at han skulde henge seg i henne når ho gjekk.

«Det e ikkj lenger veigstubben heim!» trøsta han henne da dei sa farvel. Ja, ho skulde snart sjå til han, sa ho.

Ho skyndte seg kring haugen liksom ho var redd han kom etter. Der såg han siste snippen av tørklæe hennar. Og no gjekk dei nedover. Han heldt seg på bortre sida av Bendek.

Sola seig nedpå lande i nordvest og skjein raudt. Og sjøen han skifta og vart ansles og ansles, det var ikkje mange som visste korles *han* var. Åretak riksa det bortom holmane, og båtar kunde ein sjå langt utpå, og dei ytterste skjera såg greinlig ut som dei hang i lufta. Sjøfuglen han lét om seg, det vart aldri ende på låta hans, det der var tenna, som var så fin i måle, sa Bendek. Odin var nær på å ta handa hans. – I morgo-kveld ror vi ut på seisjøen, sa Bendek. [14] Det var bedre enn ei hand å ta i. Det vart ei smal sak å gå inn att.

Han skulde ligge borti benken, som stod ved veggen midt imot senga deira.

«Osså te sengs! sa brura,» – Bendek såg lystig på han.

«Kofor sa a det, brura?»

«Ja sjå, det veit vi ikkj, verken du hell æg, nei.»

Og hadde ikkje klokka vore, så skulde det ikkje ha vore farlig tingen å ligge her; men ho lét om seg verre enn sjøfuglen, Kjel-vik! Kjel-vik! dette hadde aldri ho mor klara å ligge og hørt på. Kanskje ho var oppå høg-kleiva no, og snudde

seg og såg hitover.

– – – Elen sat på ein stein oppå Langbrekka. Ho såg ikkje attende. Ho såg ned for det meste, og så framover til Vennestad. Der var sola borte for ei stund sia. Stua heime snudde hitover, imot myra og fjelle, ein såg ikkje anna enn myr og fjell frå vindauga i stua der, og så sola eit tak om sommarkvelden når ho gjekk ned over kleiva her; ein kunde sjå seg sjuk på det. Men det vart bedre år for år, og dette var det niande.

Ho la panda i handloven og lét att auga. No såg ho Vennestad enda bedre, alle husa både utvendigⁿ² og innvendig, og jordene og heilt borti andre garen, og sørover til åsane og vestover så langt ho vilde over småskog og dalar, heilt fram til Håberg. Ho såg opp, litt stiv i augelokka, for no hadde ho ikkje komme i hug på [15] langsamlig tid at ho var dotra der. Ho var ifrå Vennestad; det var grei grein det. Ho såg dit att. Dei var grå å kalle, husa der, for målinga hadde fare, og no skulde det berast i veg og få det til att, få det istand slik som han Iver hadde tenkt seg det. Ho reiste seg med det same og tok til å gå, dei måtte vel undrast på kor det vart tå henne som aldri kom att. Leppene rørtes, liksom ho snakka med seg sjøl med ho gjekk. Auga rann i eitt med doggblåe natta.

Men enn han Odin da som hadde så lett for å skiljast ifrå meg? Ja ja. Så hadde da Vårherre hørt den bønnen. Einkvan måtte vel òg ha som ei meining om kva ho hadde gjort i kveld. Han *må* det, sa ho, – du skjønner da vel det, Iver, at det gjekk ikkje av seg sjøl. Ser du ikkje det, – da er du blindare enda enn eg hadde frykta for. Hadde det vore eit anna barn ...

No småsprang ho i unnabakken, og tårane stod henne blankt og heitt i auga.

Så saktar ho på, og det kvitnar ein angst i det unge andlete: Gale gjort? Kven som seier det er gale? – – Ja ja, det får i gudsnamn vera kva det vil. For du *vilde* det, Iver! trur du ikkje eg såg det da? Det var ikkje annan veg å gå.

Og så var det moblåe natta der ho gjekk. Alt ho såg på så sov det.

No måtte han vel sova snart, han Odin òg?

Og kvifor skulde ikkje han lide straffa i lag med meg? For du *må* det, Odin. Det er ikkje annan veg å gå.

II.

[16] Vennestad låg noko frå vegen som går om Håberg og austgjenom bygda. Det var to garar, Framistu og Bortistu. Framistu, eller Eilertgaren som han gjerne vart kalla no, hadde vore ein med dei likaste i bygda. Enno fødde dei ein 8–9 naut, og før i tida, da han stod i sitt beste, var dei oppi det dubbelte. For det hadde gått att og ned både med han Eilert og garen. Først gjekk hån god for bror sin, som dreiv stort på sjøen, og sette til mange pengar. Sia kom det eine uhelde etter det andre, både på folk og fe, og mannskapen vart borte hoss han, og garen kraup i hop og gav mindre og mindre, men han Eilert var ikkje den som vilde vera fattigmann og fara smått fram. Det var hemn i det, meinte folk, for dei sat med uretten der i garen. Far til Eilert hadde fått maka åt seg beste jorda og hamninga, den gongen dei heldt skifte på Vennestad. Framistu fekk sandjorda og lauvskogen, og Bortistu vart sittande med sidlenda og myra, der det aldri treivst korn. Det hadde kosta han ei gaufn¹³ med pengar, var det å tru, for øvrigheita var dyr, men han vart velstandsmann attmed det; og den andre han sat der på den sure jorda si og maula grønhavre og sukka som ein husmann, – så selde han og fór til Amerika. Det [17] hadde elles ligge til Eilert-slekta å vera etter monnen sin, alt det folk visste å seie av attgjenom tida; bygda kunde mang ein stubb om dem. Bestefaren, eller somme sa far *hans* igjen, hadde gått ein mann så nær i pengevegen at han fekk stokkpryl. Så var han over syndaren med øvrigheita og retten og flådde han for mykje peng. Nokre visste å fortele, at Kjelvika hadde hørt Nesse til ifrå gammalt, men nessamannen hadde tjuvkjent mannen i Framistu og kunde ikkje føre prov for seg, og dermed måtte han gi frå seg plassen til bot og straff. No var dei borte, både dei og velmakta.

No var Bortistu, eller Mikkalgaren, den beste. Den jorda ho bar, same korles åre var, berre dei fekk vekk vatne, og den andre vart skrinnare alt i handa og venta regnsommar støtt.

To gutar hadde Eilert havt, og den eine bleiv på sjøen, og den andre hadde reist til Amerika og skulde vera død der. Han skulde enda ha fått ein *u-daue*. Kona var òg død, og den gongen var det han Eilert fekk i ho Elen Håberg til å styre huse for seg. Folk vart opp i under over henne den gongen, og dei var det

den dag i dag. Ho hadde gått heime så still som eit lamm, og så flyttar ho til Vennestad tvert imot mora og alt det folk kunde forstå, – og mora enda, som nyst hadde havt den sorga at einaste sonen hennar døde. Dei vilde ha det til, at ho hadde komme hit og bydd seg til sjølmint. Ungdommen i bygda gav ho ingen ans. Loftdøra [18] hennar skulde vera stengt, det var det mange som kunde vitne, for ho hadde vakse seg til og vorte ei vakkerveikje etter kvart, ho var rettelig ei å tøye seg etter. Litt lang og grann var ho, men på henne var ikkje det noko lyte, langt av den vegen, og så eiande fin i hår og hold; og smilte ho nokon gong, så var det liksom ho let sola skine for ein. Men loftdøra hennar ho var stengt, og om ein var heldig og fekk lokka henne med ut ein kveld på dans eller anna moro, så var ho liksom ikkje til stades. I arbeide var ho fløt, og for han Eilert var ho som ein Guds sending, sa folk, ho fekk ny skikk på både eitt og anna. Ein for ein såg dei seg hag i henne, gutane; det var ei nød. Ho Elen vart aldri vår dem.

Eilert gjorde seg stor for siste gongen ved denne tida: han innreidde stua med kammers og stell liksom på Håberg og hoss anna gromt folk; det var enda dei siste pengane han fekk låne, så vidt folk mintes. – Da var det at snekkaren kom der. Han heitte Otte Setran, og hørte heime på andre sida fjorden; han var elles garmanns-son og odelsgut, skulde ein snakke om det. Han skulde enda vera av den gamle Juvik-slekta, langt uti. Foreldra hans var døde, og garen hadde han seld, og sia hadde han fare rundt på snekring som ein annan heimlaus ein. Dei kom vel i hug han: han var så mørkdæmd og frammand å sjå til, og aldri gav han seg skikkelig i snakk med nokon, så ein vart klok på kva [19] som budde i han, det såg ut som han tenkte paa sitt, berre, og vilde ha det for seg sjøl; men i grunnen var han ein lettliiva kropp, den tid han kom hit, han song med han arbeidde og var gjerne med på dans og annan sjau. Han hadde brune auga. Gjentene sa han var stygg. Dei andre smilte og tenkte sitt om den tingen.

Dei såg ikkje han og Elen i lag, aldri på dansen og aldri med kirka. Men ein kunde sjå dem om kvelden somtid: Ho kom ifrå sommarfjøre, og han sat utpå haugen bortafor husa og røykte, eller han kunde sitte utpå stubrua, og ho kom og stod der som all snarast, – det fall seg slik, men det var ikkje på ein slump. Somtid ved borde kunde dei sjå opp, dei andre, dei merka der *var* eitkvart, og da sat dei to og såg på ein annan, så underlig ålvorsamt liksom dei talast ved. Han

Eilert sa det sia, at han tykte reint det tyngde i stua, når dei var inne baa to. Elen hadde ikkje vore mangmælt før, og ho tagna reint bort no; så henne let ein vera å snakke frampå til om den tingen. Men ein gong såg tause at ho smilte til han, og det livs levande og ungt som ho kunde når ho berre vilde. Ho kom over garen berande med einkvart tungt, og han kom og tok i med henne. Ein kvelden han var til handlaren, det var utpå seinhausten, sette det i med eit himmels vêr, storm og snøfokk så det var ikkje å få opp auga. Og tida leid, og han kom ikkje att. Dei sa ikkje orde nokon ein, – ho Elen var ikkje [20] slik å sjå til. Ho lya på vere gong og annan, slik at det kom for dem eine veggen av stua var borte, og når det tura på det verste, kunde ho sjå frå den eine til den andre. Dei sat oppe til midnattsleite mest, på vona. Så vilde dei gå og legge seg, for kva sat dei der etter? –fyren var da på landjorda lel, og fram til folk måtte han vel kløne seg. «No kjem'n!» seier Elen, ho vart raud som nypa; ho hadde hørt han tok i døra. «Skikka 'n føribu?» lo drengen, det var liksom det lettna over heile stua. «Gammelt folk døyr alder i ungdommen,» fjasa dei, – «han bliv ikkj, han som i reipe heng!» Elen hørte det ikkje. Ho sat berre og såg på døra; ho såg ut som ho hadde teke ei stor avgjerdsle, det kom dei i hug sia. Og der hadde ho han, ikkje lang stunda etter, så snøut og gjennomblese at han var ikkje attkjennande.

Etter den gongen trudde dei det måtte bli ålvor tå imillom dem. Det einaste dei kunde merke, var at Elen lo nokre gonger, ho hørtes spellande kåt og galen. Til jul var han ferdig der i garen, men han vart der i jula med. Dei måtte seie han hadde gjort fint i stand. Sein var han, men han var ein som fekk det til. Han likna på gammalkarane i det, at det vart som det skulde vera. Det stod der og vitna den dag i dag. – Han har gjort gasta arbeid her i garen! sa Eilert med Elen. Ho lo ein underlig djup lått med seg sjøl; og før åre var omme lo Eilert med. Otte fór til Amerika, da [21] folk reiste på fiskja. Dei som fortalte det til Elen, kunde ikkje merke minste grand på henne, og mest såg det ut som ho skulde vita det før, men det gjorde ho ikkje. – Ja ja, *han* kjem vel att, sa den andre. – Kanskje, og kanskje ikkje, svara ho, og dermed snudde ho seg til sitt. Men når dei såg på henne, så hadde ho vorte tynn i kjakane. Dei kunde sjå ho smilte med seg sjøl somtid, det var som dei såg gråe armoda. Hadde ho ikkje vore så stiv i seg, kunde dei ha havt vondt av henne nokon kvar.

Utpå haustparten kom guten til. Så uventa hadde ikkje slikt barn komme til der i bygda, i manns alder. No lo dei til det, men den gongen syntes dei ho hadde havt dem til nar alle i hop, så det kjentes. Ho lo enda, da ho låg på seng. – Slik ein velskapt gutunge da, sa Åsel Håberg, mor hennar. – Han gjorde no jamenn *vel* og! Vi var no ingen fuskarar, nokon tå oss! Og til den einaste ungdomsvennina si sa ho, da ho sat der på senggavlen hoss henne: Ei einaste natt var han her, og så kom han ikkje att meir! – Kom han ikkje att meir? – Nei, for eg stengte døra igjen. Meir skulde det ikkje til. For det skulde gå slik.

Sia kom det ut, at ein av ungdommane hadde snakka til han da han stod på ferdafot til Amerika. Om han ikkje skulde til Vennestad før han fór? – Nei. Ho vilde ikkje ha meg; ho stengte meg ut. Venta ikkje anna heller for resten. Han var litt påskjenkt den gongen og [22] snakka beint ut: Nei, men glømmar henne, det gjer eg aldri. Og ikkje ho meg heller. Og da så. Og no gjer eg meg ein sving ut i verda – det var derfor eg let garen gå ifrå meg, det er derfor eg er skapt, din fåne! Så får vi sjå da, korles *der* ser ut. Så får vi sjå det med det same, korles live har tenkt ut det her for oss. Forstår du meg? Nei, du er bra slik. – Kanskje ho skulde ha takk, ho som stengte døra? – Ja, flir ikkje åt det du!

Det gjekk slik at han Iver fekk henne. For Eilert sette opp testament til henne på garen og det som etter han vart, – det skulde visst ikkje bli stor rikdommen, og der vart ho gåande. Ho var utskjemt. Heim til Håberg komⁿ⁴ ho aldri meir, og Åsel var ikkje den som trødde ut dørene for folk; og dei andre hadde heller ikkje stort å gjera der. Ingen kunde seie at ho tok seg nær av det, ho var heller lysare å sjå til enn før, og ho lo når der var eitkvart å le til. Kanskje ho gjekk og venta Amerika-brev. Der kom ikkje noko. Gutungen kalla ho Odin, og bar han sjøl til dåpen. Det vart ein sprellande unge: vill men snild, sa han Eilert, og han kalla seg farfar for guten og hadde han i hælane mest kor han gjekk og stod.

Så kom han Iver. Han var brorsonen til Eilert. Han hadde fare med farty ei tid, og sia hadde han streppa omkring og handla beist. Han var ingen ungdom, var visst over 40 år, og vakker hadde ikkje Vårherre gjort han. Han var [23] snau i hovude alt, og auga i han var ikkje milde; men han var ein som visste kor han skulde, og no skulde han hit og ha henne. Pengar hadde han gnudd i hop ikkje så

lite av, vilde dei tru. Han bar fram erende sitt både til henne og Eilert: Garen skulde han kjøpe, for det han stod for i banken, og dertil kvitte Eilert for all skylda og gi han eit skikkelig kår; for denne garen vilde han ha, og så henne! Så kunde dei gjera som dei syntes; han tykte dei skulde tenke på det. Dei gjorde det.

Så vart det til det at ho tok han. Ho skulde ha sagt det med eitt eller anna menneske, at javisst var det billig, men litegrand fekk ho vel tenke på han Eilert g. Og han bydde da så han var åtalslaus, sa ho, han bydde høgare enn folk hadde venta.

Her i vår vart dei gift, og no hadde ho vore i Kjelvika med gutungen sin. For han var ikkje med i kontrakten, sa folk, og han Iver han vilde ikkje sjå han, hadde dei hørt. Han sa ikkje noko, han var ikkje den mannen, men det vart så kaldt i stua når han såg i kring seg og ikkje likte seg. Han var ein rett-tenkande mann, det var ingen som sa anna, og Elen var han visst god med, han hadde gjerne gått eit bra stykke veg for hennar skyld. Så var det vel ikkje for mykje om ho gjekk denne stubben for han?

Nei, sa ho med seg sjøl. Såpass fekk eg gjera. Ettersom han ikkje sa eit ord om det. Hadde han nemnt det, så hadde det aldri vorte. [24] Og ikkje hadde ho tenkt det heller fra først, det var langt av den vegen. Men ho såg skuggen i huse, og den hadde han Iver ikkje fortent. For han var meir til mann enn ho hadde tenkt. Ikkje var det så beint for henne heller med guten, det hadde vorte tyngre for kvar veka som gjekk, at her hørte han ikkje til. Ho hadde liksom teke på seg å gi han bort; ho fekk stå ved det. Og til Håberg skulde han ikkje, det syntes ho einkvan hadde sagt henne.

No var det gjort, og no såg det ansles ut. Det har seg slik med all ting, trøsta ho seg. Ho angra det ikkje. Ho låg berre vaki om natta og kom i hug det, og det bars for henne at kanskje var skuggen kaldare i huse no enn med guten var her. Det måtte vera det, at ho var ikkje den ho hadde trudd. Ho hadde havt denne guten lel. Og han Iver var grannvar og nærtakande meir enn nokon skulde tru, – det var derfor han kunde sjå så stridt framfor seg og gå og tie lange øva. Hadde ho enda vore den at ho kunde snakke for seg! For han var beiskelig så blind, han Iver, han var som ein annan karmann slik. Han Otte ja! sa ho. Men han, kroken, han fór sin veg og kom aldri att meir. Den som ser ein og skjønner ein – det er

ikkje han ein får. Det er ikkje han ein skal ha heller, kan hende.

Eilert hadde fått det tålig, kor som var. Han sat i eiga stue og stort kår. Dei sa eitt og dei sa mangt, men det måtte dei gå ved, at [25] ho hadde gjort det som vakkert var imot *han*; og Iver var heller ikkje den at han kneip med kårkorne. Ho hadde det vel i seg, den gongen ho tok han, kva to det var i han.

Elen stelte sjøl uti kammerse for kallen. Ho reidde opp senga hans, same kor travelt ho hadde det, såg over klæane hans, koka og bar inn maten til han. Somtid sat ho der ei stund, med ho stoppa ein sokk eller bømme eit plagg. Det hendte seg ho berre sat der.

Det gjorde ho, kvelden etter ho hadde vore i Kjelvika. Kallen låg borti benken, han måtte halde auga med klokka oppå veggen, for ho var ei latbingse og vilde ikkje gå. Når ho lurte på å stane, tøyde han på seg og gav henne ein liten døtt, så ho måtte gi seg i veg att. I millom hosta han og skravla og var tung for bringa. Bjørklaue ho hadde teke inn, dåma stua full; og i kveld, visst ho fekk stunda, vilde ho leite einer og hakke og strø på golve. Så la ho fram bønbooka hans og brillene, spurte enda ein gong kva han meinte om ein liten kaffeskvett, og så gjekk ho til døra. Ho stod og smilte til han:

«Dokk sjer ut som Dokk held på og trivs no, mein æ?»

«Hø, hø!» hosta han.

«Og guten, han hi berre godt tå å komma bort åt folk, ikkj sant?»

No såg han opp, og auga i han var mildare enn ho kunde minnst dem frå før. Han såg [26] lenge beint på henne, og ho vart skinande raudlett. – Ja, no måtte ho til sommarfjøre.

Og han Iver kom og bar skulubøtta for henne. Sa ikkje noko, men kom og tok henne og bar henne heilt fram. Hørte ikkje ho takka, snudde berre og gjekk. Men han var ikkje den som sprang og hjelpte folk til kvardags. Det skulde vera som ein liten takk, visst.

LANDE I EVENTYRE

I.

[27] Odin måtte gnu auga både lenge og vel om morgonen, før han kom etter kor han var: lofte tett nedpå han, og veggene som såg på han, dei smilte så frammandt til han; dei kjente han, men ikkje han dem; og så denne låta ute, alt dette som skråla og skreik og ikkje gav fred – Kjelvika og sjøfuglen! Ja visst, det var her han var, no hørte han enda klokka, – ho let ikkje så vondt som i gårkveld, det var lyse dagen. Berre han no fekk rava på seg klæane litt svint. For han var borte hoss folk no og var gjætar.

Han gjekk over den tanken litt velare med han klædde på seg. Det var det at dei trong han ikkje heime, for krøtermarka der var inngjerd på alle kantar med skigar og brattfjell; og ho mor var bra glad i gårkveld, at han våga å vera att her. Ho hadde kanskje nemnt det alt, til einkvan, og dei var einig med henne i det at det var mykje av slik ein sju-åring. Og just no tenkte ho på det. Han såg opp og var spilande [28] forundra: Ja, det gjorde ho, no med han sat her, no stod ho bortmed kjøkenbenken og kom i hug det! Men så hadde han ikkje tida til å undrast meir på det, for kor var dei, sjøsegfolke? og kvifor hadde dei ikkje vekt han så han kom i veg med krøtera i rett tid? Ho Gurianna var helst i sommarfjose, var gjerne ferdig der no, for dei hadde berre to kyr som mjølka, og så gjeiteteksene; dei var plassfolk her. Det var berre å jaga buskapen om morgonen, det var i kveldsøkta det var eit grand *onnsamt*, hadde han Bendek sjøl sagt.

I kjøkene møter han Gurianna, ho kjem inn med mjølkespanne. Ho var like svart som i gårkveld; han tok eit steg attende.

«Æ somna tå æ!» seier han, litt sandut i måle.

«Gi dæ tia, ban!» ho ser på han med små smilande auga, og han stig enda eit

føtt attende. «Vi villa da ikkj jaga dæ hu-stups åt gjættmarkja heller. Vil du ha sildropi?»

«Ja takk!» stotta han. Han skulde ha sagt at ho skulde ikkje vøre å traktere, men det kom bort for han, og straks etter var han levande opp i under:

«Ka det e for slag det da – sildropi?»

No smilte ho att, han vart berre ein tullvalle for henne; men ho var visst ikkje slik at ho *gjorde* ein noko. Han fekk ein stor kumme med ferskmjøl i hendene, og eit *drikk!* attåt som ikkje var å sleppe unna. Her stod han ja og [29] visste kva sildrope var, og no kom det opp kva slag krypsyl til gjætar dei hadde fått, for ferskmjøl smakte han ikkje, det vendte seg i han straks han kjente meininga av det. Han syntes han stod der ei levetid, men det var ikkje lang blinka, så hadde han råda i hovude, og ho var god; slik kom ho støtt når det var om å gjera. Eg vil gå utpå dørsteinen og sette meg, sa han. Og rettelig godgjera meg, la han til, for slik sa han farfar somtid. Han tok seg ein munn like vel, så han kunde seie han hadde drukke, grøste all igjenom og tømte resten i hønekoppen som stod der, for den var det mjøl i før. – Så, Odin, no stod du over det der.

Og dagen gjekk i ei einaste solblank undring, frå ting til ting som rann imot han og vart overmanna, eller kom og gjorde seg kjent med han. Først var det alle dei rare små haugane med einer og lyng og ingen skog, og fjelle oppetter, der gjeitene kleiv himmelshøgt i rindane og mekra ned til han, og så var det stranda frammed, med grasslettene og tangbeden og kvitsanden og alt det rare som der fanns, han sprang og fann, sprang og fann, – han fann beine tå ein fisk einstaden! Han fór heim med det med ein gong – hadde dei sett maken? Nei nei, det var ikkje av håkjerringa, men han sette hendene i lomma og slong av nedover med stor ro. For dei var rare, både han Bendek og ho Gurianna, dei lo mest ikkje det grand til han om han kom og var toskut, og spurte han, så svara dei liksom [30] han skulde vera eit vaksemenneske. Han var no gjætargut for resten, og sia vart han *ein heil kar*, det sa Bendek. No tok han fart att, liksom undringa saug han med seg: hadde nokon sett dette her før?

For dette her, det var det han gjekk heime på Vennestad og visste om; det var lande i eventyre! No var han der, og minninga om heimen og den tida var berre

som ein lyd langt unna. Han hadde stana og stod blå still med han såg det for seg, og i det same ser han eit vidunder nedpå sjøen. Det bragla tett i tett heile sunde over, sømte og smatt og synte seg fort vekk, sølvfisk og gullfisk og all slag fisk, sjøen var levande alt med seg. Han undrast ikkje, for sjøen han var truande til alt i hop, og der skulde han bli ute for mangt, blinka det gjennom han. Han kom stor og vaksen opp til husa, slik han Bendek vilde ha gjort om *han* hadde komme ut for einkvart overhendig. Sjå ut! seier han. – No da? Ja, sjøen er full tå fisk, det er så det kokar.

Bendek kom, men han kom ikkje fort: Korhelst da?

Odin peka stort og rundt utover sunde, der sola speila seg i småbåra.

Bendek drog på andlete. Så fortalte han korles det hang i hop. Odin fór det over på nytt, med eine auge halvt i hop. Nei nei; det der var gjerne ikkje fisken, men her var nøgda av han, det kjente han tvert igjennom seg.

[31] «Han e vel obergeli jup, sjøn?»

«Går over hue på dæg ja,» humra Bendek. Og straks etter la han til: «Du synes her e *mangt* her, mein æg?»

Det hoppa i Odin. Det var så for utrulig at ein vaksenmann visste det slik og sa det til han; han vart ståande med munnen open, svara ikkje eit ord.

Han var reint oppråd eit tak utover dagen. Her var hundre rare ting, men ikkje ein å komma heim med og fortele om. Han fekk kanskje ta og kalle dem far og mor likevel, for det hadde dei snakka frampå om. For han skulde ha gjort dem glad, det var det. Det var skrot ikkje ei av kyrne hadde gått seg ned i myra, for da kunde han ha – ja, han kunde i alle fall ha sprunge heim og henta hjelp. Eller om det vart ei ulåt nedmed sjøen, og der kom ein sjødevel krypande opp og vilde ta dem, og han Bendek som var så sein til å springe – – så kom han Odin gytande og narra ufreskje etter seg, slik rypemora gjorde her i sta, slik! og så plaga han ut beiste så det sprakk, og så var dei frelst. Åⁿ⁵ ja; det vart alltid ei råd; han kom til å gjera dem ei beine som *var* noko.

Han kom heim og fortalte den eine hendingen sterkare enn den andre, om eit overhendig molterom oppmillom haugane, om far etter klodyr, og siste gongen

om einkvart hunden hadde vorte for oppi marka ein staden, det måtte vera noko utrivelig, for han reiste busta imot sjølve ^[32]berge – kanskje det var bjønn eller bergtroll? Kanskje det vart rettast å ta heim krøtera? – Nei, meinte Bendek. Hunden, den karen han såg mangt slag som ikkje folk kunde sjå; det var ikkje noko å akte på nei.

Da vart klæane kalde på kroppen, for aldri hadde han trudd dei skulde tru på det han kom og fortalte, og var det virkelig så at hunden –? Men munnen fór i veg, i eitt vêr, og det var nær på han gjeispa, slik tok det i han: – Eg såg no snerten i det eg òg, det var til helvten ei kjerring og til helvten som eit dyr, det tenkte seg fram unna storsteinen, men så vart det vår meg, – det er berre slike som sitt i berge og svarar når vi ropar, la han til, for han vilde ikkje skræme dem.

Bendek stod og lo, da Odin vart vår han, langt inni seg og humrande godt:

«Du e ein litin skrønmakar, mein æg?»

Odin smilte, såg ned og sparka i jorda med skotåa. Slik leit var det når dei let over seg for kor vakker ein gut han var. Han hadde glømt seg urlite; for han hadde hørt det og kunde det, at han skulde snakke sant. Men det var ikkje farlig. Det vart alltid ei råd med den tingen.

«Du skuld ikkj spøk med det som vi ikkj sjer!» Bendek sa det i ålvor.

«Stand ikkj å skrem guten!» sa Gurianna, ho stod der og skura eit kjørel.

^[33] Var dette treskone han skulde få? Han var over dem i same blinka, og no hadde han dem på, eit par nye ope-tresko som Bendek hadde gjort, berre tresolen å kalle og ei reim over rista. Bendek spurte korles dei kjentes å ha på seg. Det her var karen sin til klæ-plagg! lo han og kuta rundt stua.

Han sprang og snåva i eitt vekk, da han var oppi marka og jaga heim krøtera til kvelds, for dei var fule med det, treskone, at dei stal føtene unna ein rett som det var, og merkelig så stilt som her var i marka, når han først ansa på det, og slike digre storsteinar her låg og såg etter ein, allstads? Men krøtera var gode å ha her, og hunden, – han såg på han og tok som ein takst på han –, dei var visst ikkje huga på hund, bergtrolla og det der som ein ikkje ser? Kan du ikkje gjøy! ropte han til han.

Dertil så song det i han heile tida: «Ette kveldvaren ror vi ut.»

Odin lo da han kjente båten flaut under seg; han lo så det lya over sunde. Han sat på framtofta og stakk med åra si. Tunga vilde ut i eine munnvika, og pannehuda vart stinn, for det var om å gjera at ikkje krabben tok åra, hadde Bendek sagt. Gong for gong var han der og tok i henne, men han var glad han slepte att. Sveitten tyta fram, men så rann òg lande framom dem som det var smurt, og nedi sjøen kom det tangklyser og sandbotn, storstein og svart vatn [34] villig vekk, og der tok krabben åra hans for ålvor! Bendek kom ut av takten.

«No sleft'n igjen!» ropte Odin. «Men han var *stor!*»

Og der såg han Gurianna oppmed stua, ho stod med handa til spjell over auga og såg etter dem. Ja ja, ho vart ikkje med denne gongen, ho kunde da ikkje vente dei skulde vera tre mann i færingen? Mora kom òg for han i det same: ho vart heller ikkje med i kveld.

Så, no hadde dei agn i sjøen, no kunde det bite kva stund det skulde vera. Odin syntes huva letta seg på hovude. Han dyppa ikkje åra meir. Dei rodde over fisk no, det kjente han. I det same gav det ein liten rist i båten, og Bendek la i og svor. Det hadde vore ein sei i venstre trøa, men han *sat* ikkje. Da Odin kom seg etter det, seier han ålvorsamt:

«Dokk må ikkj bannast!»

Bendek måtte sjå seg attover aksla: Jaså? Så mumla han, da han var i roinga kommen: – Nei nei, for resten. På landjorda så. Men fiskaren, han får vita anna han.

«Dér! dér!» skreik Odin, og no stod trøa i boge, og fisken og Bendek regjerte med einannan så guten gol høgt. Det var ein diger raudtorsk som hadde hogge på, ein tarejadd dei kalla, og i det same Bendek kleppa han inn, kom Odin stupande attgjenom og greip han med båe hendene.

[35] Han merka knapt at han vart gripen over nakken og hivd framgjenom båten, men da Bendek snudde seg til han, kraup han i hop som hunden, syntes han vilde komma bort der han sat.

«Fjellfinn!» sa Bendek, men straks etter humra han, og den lyden syntes Odin

var det vakraste han hadde hørt. Berre det ikkje vart *for* lenge til Bendek låg i vatne og drukna og Odin kunde komma og berge han!

Men der var seien, først på den eine trøa og så på alle tre, og no stod sjøen ikring dem i eitt kok.

«Fanken han rett!» sette Odin i.

«Du må ikkj bannast!» åtvare Bendek.

«Nei, på landjorda nei – men skynd Dokk da – *dit!*»

Det stod på ei rid, men så var det tverslutt. Odin sat som på glør, for på andre sida skjere, der var han, det var ikkje vandt å kjenne. Men Bendek visste det sjøl, for no la han den vegen, og straks etter var dei borti han att.

Odin undrast ikkje på at fisken var der han trudde. Han fann gjernast det han leita etter, på det vise at han kom dit tingen hadde vore, og så rekte han liksom vegen etter han dit han var. Her var det levande ting å leite etter. Det var rart ein ikkje vakna og berre hadde drømt det.

Inn i denne draumen song måsen og tenna, måsen og tenna, og sjøen kring skjera hadde ^[36] same måle; og blånaen rundt lande song det same han. Det var ikkje *til*.

Da dei var i heimvegen, datt Odin av tofta utan han merka det, og sov med hovude på tilja til båten tenna frampå i støa. Da skjein alt sola imot han over sjøen, ei stor og raud sol. Det var ikkje å tru på, noko av det ein såg. Om det så var enge oppetter vollen, så smilte det ukjennelig gjennom sømnen og mot solskine, karve og blåbjølle og soløy; han var den første som hadde sett dem. Fjellpyntane var det slikt slag med, og sjøen han skapte seg om berre med ein såg på han, rann ut i raudblankt og mjølkekvitt og all slag fint skimmer. Dagane elles dei var ikkje til.

Han hadde ikkje sovna enda da dei kom og la seg. – Han søv, han, sa Gurianna. – Hå ja ja! gjeispa Bendek. – Kjem for meg det bli ein *galant* gut. – Å ja da, ja da; kan bli kva du vil; både prest og sjørøvar, han san.

Odin snudde seg, så benken riksa og varskudde. Det var for sant til å ligge og høre pa; og ikkje skulde han lye heller, på dem. Så vildra det litt for han; og så

seig han inn i lande sitt for ålvor.

Han låg blå vaken, best det var, kom stupande ut or ein vev med draumar og såg seg i kring. Midt på natta skulde det vera, og lyst som dagen? og klokka ho peka på fem? Han låg still og såg fram for seg. For ho *var* her; no i sta. Havfrua. Sist han såg henne, var ho [37] berre barne, men no var ho vaksi havfrue og kom sømmande til han så det skjein i sølvrisk over all hennar kropp. Men same andlete, og same auga, og så smilte ho til han, at her budde ho, og dei to, dei – –

Borti senga sov dei, jamt og tungt.

II.

Kvar dagen vart eit eventyr. Her var meir enn han vann å undrast over, han hadde nok med å fara over det og vinne på det, nedmed sjøen og oppi marka og kor han snudde seg: stein og byskje låg og gjømte på alt ein ikkje visste om, og han var den einaste som fór her, og åtte det og rådde over det, trollverk og gode ting om ein annan, så hjarte sette i veg og dulpa gong for gong. Og så han far, han Bendek, og ho Gurianna. *Dei* visste einkvart. Gjekk ikkje an å spørre dem eingong. Han spurte støtt, men aldri om det som det var mest om å gjera med. Som den tingen, at han far banna somtid. Han som visste kor farlig det var. Eller det at han las fadervåre om kvelden og ikkje om morgonen, hadde han vore utsett for einkvart, kanskje, nattens tid? Og kvifor såg ho Gurianna ut liksom ho hadde stole? Ja, og kven var det i grunnen som budde i hus som stod tomme? For dei var der tydelig nok, tett innpå han, helst nedi nauste. Sprang gjorde han ikkje for det. Det var ulovlig.

Ho mor heime på Vennestad, ho hadde [38] Vakkermannen med seg; det hadde ein når ein ikkje glømte seg og laug eller banna, og slik vilde han òg bli, sia ein gong.

Odin var ute i Vestmarka etter sauene ein dagen, eit par månar seinare på sommaren. Han sprang ifrå tuve til tuve og rava i moltekart, i stor forundring, for her stod han verkeleg denne karten han hadde fortalt om, og no hadde han

snart huva si full, og no skulde dei bli flate, dei heime. Men her var for mykje av han, det kunde ikkje henge rett i hop dette her? Det fekk vera som det vilde, ho Gurianna skulde ha han lel; ho kunde ikkje noko råd for ho var så svartherd og kald å sjå til. Her ein dagen hadde ho mest sett blode i han, for da sat ho og røykte da han kom rennande inn. Pipa var som trolla vekk, og han vart ståande i døra ei lang stund. Raka seg gjorde ho òg, hadde han komme etter. Men no skulde ho få molt! Karten voks opp verre og verre, stod og flirte og gjorde seg raud til han all vegen bortetter, og sauene skulde ha vore heime for lenge sia!

«Ja!» sette han i, best det var, for det hadde ropa namne hans nokonstads. Det hadde komme ovant fjelle eller lufta, eit framandt mål. Der! no ropa det att. Han står og ser seg i kring. Da kjem det ein gut opp over haugkanten framfor han, og straks etter ein til frå andre leia, og vegen heim stenger dei for han. No lét han, den eine – no svara den andre – no svara det allstads bortimillom haugane. Det var han ^[39] dei song over, dei hadde han no, for det var deira kart han hadde rava i. No var dei fire, og same stygglåta på dem alle i hop: «Alio-alio-alio-ei!» Skinnhuve på hovude alle fire, og raude undertrøyermar og blåe vestar. Dei hadde vakse opp utor marka her.

Han leita seg ei lang rot-grein og stod med.

«Ka dokk vil?» ropte han.

«Molt-tjyv!» gol dei, og så sette dei i songen sin.

No var dei her, kom sigande inn på han frå alle kantar, og to av dem var større enn han. Det var folk likevel, trudde han, og da måtte det vera lovlig å bruke rudda?

«Molt-tjyv!»

Odin vart heit om øresnippane, tok og tømte huva midt framfor dem – der hadde dei! Å stela var det styggaste han hadde hørt om.

Men dei var like blanke i augekrikene. Da gjekk det opp for han, at her skulde han ha bank. Ja vel, men da vart det lovlig å slå. Han drog til den fremste av dem med sveigja, sprang ⁿ⁶ inn på den største og tok ryggetak og gjekk overende med han. Dei andre over han, og no vart det i ein eld med nevedask og støyt og spenn.

Odin klara dem tålig ein for ein, og han syntes han klara dem tålig alle i hop. Han sloss så lenge han såg.

Så vart han åleine. Dei hadde sokke ned i marka like uventande som dei kom – det hadde visst ropt paa dem.

[40] Det tok litt tid å få naseblode til å stane, og auga var ikkje stort til å sjå med, men han kom seg da opp i lia og fekk med seg sauene heim. Her skulde ho mor ha sett ein med blod på, ho som dåna berre ho tenkte på det. Han smiler gong og annan: Slik – slik stod eg, og så beint på dem, he? Det er det likaste eg har vore borti nokon gong.

Men da han fortalte det heime i Kjelvika, fekk dei rukker i panna. – Han måtte da ikkje slåss! sa Gurianna. Bendek sa det same. Da vart han stirøygd:

«Æ forstod det da slik? At det mått *te*?»

«Legg dæg alder ut med mang-mann' nei, med overmakta.» Det var Bendek som sa det. – For Jørnstrand-ungane var eit u-sed til ungar, la han til.

«Va det berre dem da? Skuld æ ha *rømt* da?»

Dei la ut for han om at slåsting var både stygt og farlig, skikkelig folk heldt seg unna og kom seg *pyntelig* ifrå det, og Jørnstranda det var ein plass enda lenger vest, under Nesse, og dei derifrå skulde han halde seg langt unna. Odin stod som han hørte på, og prøvde det virkelig alt han var god for; men best det var, datt det ut av han: Eg undres på korles det går neste gong eg. Han vart raud og skjemt, og skyndte seg i veg med: Nei, eg skal springe min veg – eg skal vel klare det!

«Ja, gjer det du, ban!»

[41] «Æ ska prøv!» Men eit tungt tak måtte det vera.

Seinare på dagen spurte han Bendek om *han* hadde gjort det nokon gong? Kva for slag? – – Å snu ryggen til dem og springe unna? Bendek sa berre um! og hum!

Da visste Odin det var umulig for seg, enno. Og neste gongen han gjekk seg på dem, bar det i hop med det same. Han fekk enda meir bank enn sist, men han trøsta seg med at han hadde gitt meir òg; og heime skulde dei mest bli like slug,

naar han berre vaska seg til gagns.

Gurianna spurte like vel. Han nekta. Det var ikkje stort styggare det enn å gjømme pipa når det kom folk. Straks etter kom Bendek og spurte. Da tilstod han det med ein gong. «Det bar ikkje likar te nei», sa han, og Bendek han måtte le.

«Du ska tru æ smord opp dem! Bevare dæ kar!»

«Skrytlaup!» Bendek gjekk beint ifrå han.

Odin kunde ha gråte. Han, som hadde meint på å ikkje lyge eit ord meir. Styggmannen, som mora hadde fortalt om, var han ikkje stort redd, men det kjentes som han hadde sprunge med nasen imot ein kvist. Skulde det aldri bli siste gongen da? Nå, det skulde alltid bli ei råd. Og elles så skulde dei på seisjøen.

Einkvelden sa Gurianna at han fekk fli seg og vera med *bort*. Han såg på Bendek, for det var eit sjøvêr som var storveges. Men Gurianna ^[42] sa at det var kvinneforening på Vennestad, og da slokna det over både seisjøen og Kjelvika.

Vennestad hadde vakse, denne tida han hadde vore borte. Hus og allting hadde skapt seg om. Men han vilde ikkje vera der, det var så tomt allstads. Det vart ikkje mange orda mora fekk snakke med han. Ho kom ut i Eilertstua med han var der og såg seg om. – Har de ikkje hund heller her? sa han. – Hund? – Ja, for det har vi, og det er malli til kropp, skal du tru; han ser både det som er og det andre, og ikkje er de på seisjøen heller om natta? Ho måtte smile, og Eilert med, for dette var som å høre han Bendek sjøl.

«Du lika dæ godt i Kjelvikja, mein æ?»

«Ja, better-*de*, ban, dér – –»

«Nei, men Odin, du må da ikkje bannast!»

«Nei, æ mis-snakka mæ, det va hålade æ skuld ha sagt!»

Mora stivna i andlete og såg på Eilert.

Guten var ute alt. – Det var ein liten snev med juviking i han, smålo Eilert. – Det var det minste eg hadde frykta for, sukka Elen. Men slik måtte det vel bli når *han* kom ut i villmarka.

Han la i veg føre, da Gurianna kom og skulde heim. Mora ropte etter han, at

ho måtte få seie farvel. Han kom og gav henne handa. Da vart han gudnådslig skjeiv i andlete ei blink, berre barne, så ho måtte skynde seg og få det overstått. Da var han Bendek med det same, runda ålbogane, knytte nevane og gjorde ein link med høgre tommelfingeren opp og ut:

[43] «Du val lava så vel da!»

– – – – Ein dagen sist på sommaren fór han og streppa vestmed strendene og kom dit han aldri hadde vore før. Av og til lya han, for Jørnstrand-ungane vilde han ikkje i kast med oftare, han heldt på og vart eit skikkelig menneske no. Han kom klivande nedover ein haug, skulde ha sett kva som var der bortom før han snudde, det kjentes som det skulde vera einkvart merkelig å finne der. Kanskje det var noko som sjøen hadde komme med. – Der var ei fin vik. Sjøen gjorde ein sving inn, og der skjein kvitsanden med småstein og skjel, og ovanfor der ein liten fin voll. Og der sat det ei lita gjente i sanden og trøydde seg. Hjarte la i veg litt fortare enn vanlig, for det var ikkje sant det han såg, og ikkje var det lovlig å snu heller, han måtte ned til henne.

Ho vart ikkje skræmt. Ho såg berre på han. Nei, ho var ikkje havfrua hans, nei, ikkje fullt det, men ho hadde ein vakker bundi-vest på seg, og raude sokkar, og på hovude der hadde ho ikkje noko. Håre hennar var mørkvore.

Var det kyrne hennar det her? han pekte på nokre skjeler ho hadde.

Ja, og enn han da? kven var han for ein?

Nå, han var no – ja, han var gjætarguten i Kjelvika.

Å, den karen. Ho såg på han eit tak og smilte så halv-veges, og da var det ikkje langt ifrå at ho var havfrua lel. Så reiste ho seg og kosta ruske av skjørte sitt, og lo:

[44] «Trur sanneli æ får lopp på mæ i sand' her. – – – Men du må ikkje fara og ta molt på vårt vald,» la ho til. «Gutungan kund skamslå dæ forderva!»

Han såg på henne, litt tom i kjakane: Ho var søstra deira da? Det var ho som heitte Karen-Anna! Ho var ei rar ei, likevel. Det var skrot han ikkje hadde noko å gi henne. Men vilde ho, sa han, så skulde han gjera henne ei tre-ku som kunde både springe og gaule, kva ho sa om det? Ho lysna så vakkert med det same; men

så fór det ein ny lått over andlete hennar:

«Jau–visst?»

«Nei, men. Visst æ ha kunna så.»

«Ha du gitt mæ å da?»

«U–betinget!» For det sa han Bendek når han var rettelig stø på einkvart.

Så bar det til å gå kvar sin veg. Men dei gjekk og såg att, alt i eitt. Ho sprang elles, stykkomtil, ho var så glad og så kåt, og der vart ho borte attom haugen.

– – – Han fann henne der mange gonger. Brørne hennar fekk nysn i det, og etter den dagen vart det meir ugreit, for slåss vilde han ikkje meir, og slett ikkje så ho såg på. Dei fann seg rom for rom, men gutane var etter dem og gygna; dei måtte heilt fram til Kjelviknauste på sisten. Des rarare var det når dei fekk vera i fred ein dag.

Når han var åleine, kom ho alltid for han ^[45] som draumen og havfrua, men først ho var der, så var det berre gapen og trøyheita, for det ikkje ho fann på, det var ikkje til. Han stod og grunda somtid: at han ikkje hadde ansa på det før at det var moro i kvar ein ting! Han hadde da visst der budde einkvart i same kva det var. No vart kvar steinen til eit hus og kvar stubben til ein mann, og med kvart klødde ho seg ut og skapte seg om, det skulde ikkje meir til enn ei garnflære, så var ho ein gudsengel med venger og stell.

Men da retta han seg bein: Ho skulde tru han hadde sett nifske ting her, i nauste og oppi haugen! Ja, hadde ikkje havfrua komme og hjelpt meg, her ein kvelden, så –

«Havfrua du! Din vassadall te kall!» ho skuva han så han trilla, og lo seg mest i hel. Men straks etter bad ho, og da var ho hjartans god: Kan du ikkje lyge i hop einkvart igjen da? Ikkje noko nifst, men –

Da det vart seinhausten og kaldt, fekk dei komma inn i Kjelvika og leike med dei vilde. Karen-Anna skulde bli kona hans. Det sa ho Gurianna, og det var sant. Med tid og stund, sa han. Ho var eit år eldre, og tok til å gå på skolen, og da vart han åleine lange tider, kunde ikkje eingong komma i hug korles ho var. Utan henne kunde han ikkje ha levd denne vinteren i Kjelvika.

III.

[46] Først grasserte stormen og storsjøen ei lang tid. Da hendte det om kveldane, at Bendek sette seg borti benken og fortalte eventyr. Det fanns ikkje det som utrivelig var i dei eventyra, det var blanke solskine og kvite englane, og slang det ein skarv imillom, så vart han sittande i klemma og fekk det han fór etter. Om dagen var dei ute og leita rak-ved, og da kunde ingen vita kva dei *fann*. – Da snøen kom, gjorde Bendek han eit par ski. Så dagane var det ikkje farlig med. Om kvelden kunde det vera verre. Han vart vår himmelen, og den var han redd. Han visste ikkje sjøl kva gale han hadde gjort, men himmelen, kveldens tid, den kunde han ikkje sjå i augesynta. Somtid var han mørkblå og tett nedpå ein, så ein kunde høre stjernene, dei kviskra og trua. Andre kveldar var han gulbleik og høgt høgt over fjelltoppane; og tidomtil stod han med brandgule gloa vest over skjera og stirde hit. Av og til var det hilderstilla i mørkre, og da stod hunden og søkte imot fjæra, busta stod og grøste til vêts på han. Da vart Bendek ikkje stort meir hell ein gutetrave han heller. – Men oftast var det vind. Han var heller ikkje for god å høre på, han streppa land og strand i kring, og tuta og fortalte gjorde han, og ingen kunde forstå han. Men han var da ein kjenning.

[47] Så vart det våren att, og så vart det sommaren, og Odin var ein herre i lande sitt som før. No kjente han att seg. Det vart same sommaren ein gong til. Men han hadde fare sin veg før Odin vardest.

Utpå hausten kom silda i sunda. Ho kom som ho var trolla fram. Odin vart ståande og glåme beint fram i vête eit lite tak: ho hadde stole seg inn på han utan han merka det slag. – Han var med og sette om kvelden, og han var med og tok opp om morgonen før det gråna av dagen, og sia stod han i fjæra og tinte av sild som ein vaksenkar; krøtera fekk andre sørge for. Morgonen var det raraste. Da kom Bendek og vekte han, i kulande mørkre: – Skal du virkelig vera med da? og straks etter var han i klæane og ute, og i veg fór dei på fastande hjarte, med allting sov rundt omkring. Einast nymånen var oppe, som eit tegn på himmelen, og rimfroste lyste nedetter vollen og synte han fram som eit ukjennelig andlet. Morelden gneista unna årane, og båtar kom det stomlande frå alle kantar og leita seg fram til garna sine i gråmørkre. Odin var hol i magen av spaning, når Bendek

tok inn hørnsteinen og garna kavla tørt utfor bakskotten. Sild, sild, det var som Bendek velta sølv inn i båten, ein levande, braglande sølvstokk, han Bendek stod der og vart rik! Når det var slutt, syntes Odin han vakna utor den draumen og trong tid før han fekk pusta seg opp.

Spurte dei han korles det gjekk med silda, [48] tagde han litt først, og spytta, og så sa han jau takk, det var ikkje så kleint heller. Best dei stod og han var å å gå sin veg, kom det stort og tungt:

«Her e ein *vanna* med sild!»

Han hadde hørt det ordet av Bendek. Det var gammalt og sterkt.

Men ein og annan morgonen vakna han og såg lyse dagen i vindauga. Bendek hadde fare i veg åleine. – Du måtte få sova *ein* dag, sa Gurianna. Dei dagane hadde Bendek fått dobbelt så mykje sild, kom han etter, og det merkeligaste var at den silda skulde han ikkje sjå; Bendek stengte naustdøra.

Silda kom bort likså uventande som ho hadde synt seg. Da først mintes han Karen-Anna, – han kjente det på seg at ho hadde venta han fleire dagar. Han fann henne i vika deira. Dei rekte vidt omkring i marka.

Berrfroste stod blankt som isen frå himmelen og ned til jorda, og kvite isgrimene lo ned ifrå brattfjelle, og allstads i kring var det brungrått og klårt og fint, det var høgaste helga; og slik var ho Karen-Anna òg. – Du trur vel ikkje det du, at eg blir rik? – Jau? undrast ho. – Ja, for det er avgjort det. Eg bryd meg ikkje om at eg skjeivar skone mine *inn*, men det er eit merke på rikdom, du kan spørre han Bendek, – nei men, eg veit det lel òg.

«Han Bendek ja ...» sa ho med seg sjøl. [49] «Du skuld ikkj vara i Kjelvikja, Odin! Nei, for han bannest, han Bendek,» la ho til.

«Ja men, han les fadervåre ò.»

«Ja men, han stel ò, han stel sild tå garna åt folk.»

Først vart han mållaus, men så kom han seg og sette i:

«Dér lyg du så staurn står ti dæ!»

«Dem veit det all i hop,» svara ho lågt.

«Det e løgn, seie æ, han va ikkj heim eingong den tia, han va i byen!»

«Lyg?» Ho såg forfæld på han. For laug gjorde ho aldri, det visste han, ho var ikkje slik, det kunde einast vera for trøyheit ein gong. Men dette her?

«Du lyg, sei æ, og no ska du ha dengt!» Han reiv seg ein kvist og kom. Han vilde legge henne over knee; men ho vilde ikkje til, og like sterke var dei. Dei stridde hardt og stilt ei lang stund. Da ropar Odin, han er tjukk i måle: «Kan du ikkj ligg still da veikj, med æ får deng dæ!»

Ho slakna og seig i hop millom hendene på han. Men han kom seg ikkje i gang.

«Du val slepp for den her gongjen! Men *det* sei æ dæ – – –»

Dei vart sittande i lynge. Ho hadde tårane i auga, sat og reiv opp grastuster og mose. Da lova han seg, at henne skulde han vera god med til gagns når dei vart vaksne. – Lyg du aldri ^[50] du da? spurte han. – Nei? – Nei, du som er veikje, veit du. Eg, eg er ein *stor skrønemakar*! Men eg skal venne meg av med det no heretter, det er ikkje farlig for meg.

Han sat og såg Bendek for seg. Han såg han åleine i mørkre om morgonen bortpå sunde, og i nauste når han stod og salta. Han såg når han skyndte seg heim med rakgods og gjømte det på mørklofte. – Jagu stel han òg! mumla han med seg sjøl. Ho kvakk og såg opp, og no reiste han seg; han syntes han vart høg som ein vaksen ein:

«Visst æ *snakka* åt 'om! He?»

Ho lyste av forundring alt med seg. Auga hennar dei rann imot han, syntes han; dei var gråe i letten, men blåe attåt, likna ingen andre sine. – Ja ja, han fekk gå heim no.

Ho trudde det han sa. Da vart det inga anna råd enn å gjera det. Han vilde gjera det, visst sola skjein på stueveggen når han kom heim.

Ho gjorde det. Ho skjein fram om fjellnova over Jørnstranda med det same han kleiv over steingaren. – Kor han far var? vilde han vita. – Oppi haugen og reiv einer.

Han fann Bendek og gav seg til å slite i einen; men einen vilde ikkje opp.

Nedover tok dei kvar si bør, og Odin hang tett i hælane på Bendek. Så stod dei på skottgaren heime og kosta av seg moske og skulde inn. Det heldt på og avdagast. Det var underlig tomt og stilt ^[51] i kring dem og all vegen utover. Skjera dei svortna så rart.

Var det noko? spurte Bendek, han stod med brunene høgt opp.

«Dem sei det, folk, at Dokk stel sild, at Dokk fér anns-manns garn – det e løgn, sa æ!»

«Sa du det?»

«Ja, for det e løgn, høyri Dokk! Men kan Dokk ikkj lètt det vara lel da? Hell så reisi æ min veig!»

Han ser Bendek liksom han er langt unna, han står og smiler; han har aldri stått slik før. Odin må ta ein kvist og bite i. Bendek sette seg på sagbukken.

«Det e så med di, Odin,» mumla han. «Ja. Herifrå ja; reis sin veig; det va eit ord for oss bå to. Kjelvikja – dem nemni namne; meir veit dem ikkj om det. Mann' skapa Kjelvikja. Og Kjelvikja skapa mann'. Det e no mi tru ja. Dem kan var gla som slepp.»

Odin såg ut i vêre. Han Bendek – dei vart ursmå imot han. Hadde *dei* sitte der på sagbukken og tenkt over det? Og somtid så sat han på ein stein nedi fjæra og tenkte på det. Det visste dei ikkje nei –

«Men ka det ska bli tå dæg, mein du? Å nei, for resten, det e ikkj fali med dæg, Odin. Visst det e *oppreisning* ti dæg. Fer ein annan ein e det fer seint.» Bendek sukka så tungt som fjelle, syntes Odin.

Så vart han sittande og rugge på seg og ^[52] mumle med seg sjøl. – Mor hans, ho er det ikkje stort *med*. Bra folk, har vore. Men det er ikkje deira tid no. Men faren, det må ha vore ein å gå i veg med. Så guten han er det ikkje farlig med nei. Det ser eg *no*, det.

Bendek reiste seg, såg opp og ned over guten.

«Menneskets hjertes tanke er ond fra hans ungdom av – står det orde i bokjen din?»

«Nei?»

«Nei. Mi tru om det san. Kom in da Odin, så går vi te taffels og *gasteleri*. Det e ærli graut på borde; det kan du lit på.» Han humra som ein blid hest.

Odin låg slik at halvmånen såg inngjenom glase til han. Han låg og såg han beint inn i andlete i kveld. Litt kaldt var det, men det skulde til, for han hadde ikkje noko gale gjort. Og han Bendek og den ting, det stod som i ei skodd for han. Det vart rett alt i hop det *han* gjorde. For han var av det slage.

Men visst ho mor hadde visst om dette her? Kanskje ho hadde det i seg? og desutan skulde vel *ho* bli glad ein gong! – Du Odin, du Odin, vilde ho seie.

Nokre dagar etter bar det på skolen med han. Det var trøysamt arbeid å gå der. Heile garen full med ungar, og slike ungar da! det var ikkje manns mål å høre når lærarinna var vekk. Sjøl ruvde han ikkje stort der, det beit han straks, men det var berre første dagen han [53] kom i hug det, og dertil så hadde han sitt i bakhanda, som ikkje dei visste om, heime i Kjelvika. Han var frå eit anna land enn dem. Og tusen ting var der å høre, både ute og inne. I timane kunde han knapt sitte still, han skulde ha vore nokon stads og fortalt det, for ikkje visste ho mor det der og slett ikkje dei heime.

I heimvegen kom han gjernast åleine om Vennestad, for dei frå Jørnstranda gaut beinveges over høgda mykje godt. Da hendte det at mora kom ut og snakka eit par ord med han. «Guds fred!» helsa han og strauk seg over panna. Han venta tålmodig med ho spurte om det eller det, og straks ho tagde, var han i fortelinga. Men best det var, kunde han ta att seg i det og ikkje seie eit ord meir, og eit par gonger slo han enda av på det han hadde fortalt: Goliat og denne gjætarguten, dei var ikkje her ifrå lande, når han tenkte seg om, og vikingane åt ikkje folk, beintfram.

«Ka dokk *onna* med her i gåren?» kunde han spørre. «Og han far min, det va ein som va å gå i veig med; det e oppreisning ti mæg!» sa han ein kvelden, han gjorde som Bendek med tommelfingen att.

Elen kvakk. Han syntes ho slo opp augelokka så det sa smikk i dem. Men så hyfsa han opp bokpakka under armen, sa godnatt og fór sin veg.

Ein kvelden hadde han sitte att på skolen, for det han lo til lærarinna med ho las fadervåre. [54] Det var tussgråe skymminga da han kom til Vennestad. Mora vilde han ikkje møte i kveld, han gav seg ikkje om å fortelle henne korles det hang i hop. Da hørte han det tusk borti kålåkeren og smått kviskrelo. Det var ungdom som fór der og stal kål, no hørte han enda kor det grøpp, det grøpp i munnen på dem med dei åt. I det same kjem Elen over garen. Da spring det ein av dem på fireføtene framom stallnova og inn i kornåkeren, ein i lysgrå seglduksklæa; han gaula som ein kalv. Elen trur ho har glømt å ta inn kalven, og så stanar ho for og lokkar på han: «Góssó, góssó, kælven!» Det svarar med storflir tre fire stads borti mørkre. Han måtte bite seg i leppa, skulde det ikkje bera i gråten med han. Men no knytte han nevane og banna, høgt så Vårherre òg hørte det, at ho skulde få *oppreisning* ein gong!

For det første skulde han vera snild gut på skolen. Og eit par dagar etter sa Karen-Anna: Du må ikkje stå og flire oftare på skolen, Odin! For da får du ris. – Ja, ris var han ikkje redd, men. Han skulde til å vera folk like vel; han hadde vorte huga på det.

Ein dagen i neste veka fekk han ris. Dei stod og song sluttningsverse, og dei tok i så overhendig rundt omkring han. – Det her går rennande godt det! tenkte han. Men i same stunda tyta fliren opp i han, og da han såg på lærarinna, vart det enda verre. – Hadde eg vore litt meir redd no! ønska han, for så skulde [55] det ha klara seg. I det same sprakk han så låtten kvæste gjennom songen. Lærarinna tok han med seg ut. – Var det til *henne* han lo? – Ja. – He? – Ja, for du var så hundig bister med du song! – og dermed var han på låtten att.

Det vart ris på berr kropp. Han kom i hug det sia, at dei skar tenner båe to med det stod på. Han hadde aldri fått ris før. Det sat i han heile vinteren, kor umulig det var å kjenne på da det gjekk for seg; og like urimelig var det å samle seg etterpå og vita at dette var han.

Dei andre ungane dansa omkring han ute. Men da lo han med:

«Æ ska fortel dokk ho handsamma mæ! Bli det ikkj folk tå mæ, da bli det ikkj tå nokon.»

Da slakna dei av. Dei let så, nokre av dem, at rikka ho seg og rørte han ein

gong til, da, da –

Odin vart stor i bringa ved dei orda. Og straks etter kom Astri Håberg borttil han og seier:

«Vi, Odin, vi e søskjenbonn vi. Veit du det?»

Nei, det hadde han ikkje hørt noko om, og desutan så var det reint for fint ty i henne. Men det var da ei hjelp no med det same.

Og så vart det gjerne ei råd.

Han fortalte mor si hendinga først han råkta henne; det bar ikkje ansles til. Men ho forstod seg visst ikkje stort på det. Ho skulde aldri ha hørt om det.

[56] Bendek, han var det eit anna mål med. Han lo så det rønn i stua:

«Du val hels a ifrå mæg, at ho skuld ha havt sæg ei smørmark fer det arbee! For du e ein kanali!»

FAREN

I.

[57] Den vinteren kom Otte Setran heim ifrå Amerika. Han hadde ei søster som var gift på Holmen på sørsida fjorden, og der slo han seg for. Han var ikkje stort ansles å sjå til enn da han fór, enda han hadde vore borte ein åtte–ni år, folk syntes det var lite om amerikaneren i han. Han hadde latt skjegge sitte, og det var så lysbrunt og mjukt. Auga hans gjekk like handfast over ein som før, tok med seg det dei vilde.

Stort pengar sat det visst ikkje med han, det kom ikkje slik for dem.

Han gjorde seg ein sving til Setran ein dagen, gjekk der og såg på farsgaren, snakka nokre ord med kjenningar han møtte, og så bar det til Holmen med han att.

Der vart han gåande og slenge, resten av vinteren, kom ikkje i gang med nokon ting.

Dei må ha trekt av fjøra i han i Amerika, sa folk. Dei spurte Lina, søstra, korles det var med han, men ho visste ikkje stort meir enn ^[58] dei. Ho hadde ikkje komme seg i snakk med han, sa ho; det var ikkje slik som før.

For den tida, da var ho som ei mor for han; det hadde liksom vore dei to alt frå dei var små. Nei, han fekk gå her og tie, sa ho. Men des meir ho slo det ifrå seg, des tyngre kom det att, og til slutt var det ikkje å komma unna. Ho fekk ta og snakke med han, for elles kom det einkvan annan og gjorde det, kom og tok han beint ifrå henne, og det var ho ikkje huga på. Ho vilde få han på glid, så kom kanskje Vennestad inn i snakke av seg sjøl, – så fekk ho i det minste høre om han visste av arvingen sin.

Men det bar slik til, at først ho fekk opp målemne, så spurte ho beint ut om han visste han hadde ein gut gåande etter seg på Vennestad?

Han såg opp fra boka. Det såg ut som han undrast på kven *ho* var for ei.

Ja men, han visste da vel det? Og at ho Elen var gift og alt i hop?

No endelig saug det seg tak i han. No var det ikkje stort om amerikaneren i han nei.

Jau, han hadde hørt det i Amerika; det om guten; av han Jens Håberg. Han sat litt og bladde i boka. – Og så hadde eg det liksom i meg at ho var gift. Da eg kom heim her. – – Da først? – Ja.

Ho stod ei stund og stridde med det.

«Men kofor reist du ifrå a da, Otte?»

«Ja? Sei mæ det? Men reist gjord æ.»

^[59] «Skreiv du ikkj da?»

«Nei.»

«Kom du aldri i haug a da? At det va synd ti a?»

Det svara han ikkje på, han berre sat og såg på henne, ho visste ikkje kor ho skulde av. – Var dei ikkje forlova da? spurte ho, for ho måtte eitkvart seie. Da merka ho at han kom lenger og lenger ifrå henne, liksom han hadde rådd utor sømnen. – Det kan eg ikkje svara på, sa han. Det var no som det var med den tingen. Han bles hånlig fram for seg: «Forlova?» Han mumla det eit par gonger, og så gjekk han bort til vindauga, vart ståande og sjå ut, nedetter vollen og bortover fjorden.

Ja ja, ho Elen var no gift no ho da, sa Lina. Med han Iver merrabyttar dei kalla; og guten han er bortsett for betaling, eller korles det er.

Otte stod berre og snudde seg ifrå henne, og der kunde han få stå, syntes ho. Men det vart ikkje så ho gjekk. – Det draup unna take ute, tikka og tikka, heldt på all dagen og fekk aldri svar. Ho vart lei for ho stod der, for han heldt liksom auga med henne heile tida. No kremta han eit par gonger, just da ho vilde stiltre seg ut att.

«Det som var millom a Elen og mæ, det skjel dokk ikkj. Dokk forstår det så ikkj lel.»

«Nei nei,» sa ho. Ho opna døra og seig ut. For det var ikkje kommande veg over til han meir.

[60] Den tid han var småguten, var han kåt og gælen så det var ein lyst, allting så skulde han borti det, enten det var vist eller gale, og trøysamt var det same kva han fór med; og når han rennte seg opp i leiheita og fekk svi for det, så kom han til henne. Så døde foreldra, det vart ikkje lenge millom dem. Det tok han seg ikkje meir nær av enn ein annan ein. Han var 17 år den gongen og hadde gjort mest alt arbeide på garen i to år.¹⁷ Garen skulde han ha, og ho skulde stelle for han. – Så fer han i veg og seler garen utan ho veit ord om det, utan å vera myndig eingong, og han som formyndar skulde vera, kom og spurte henne. Ho vart så likeglad, ho let det gå som det vilde. Men da Otte merka at ho gret for det, vart han tankefattig. Han sette seg stilt ned og fortalte henne korles det var. Han var snekkar og ikkje noko anna, det var ei sott som var over han, og dertil så var verda så stor og full av vidunders ting, han heldt det ikkje ut å gro fast her. Ho

syntes ho skjønna han den gongen. Det var den likaste stunda ho hadde havt. – Men no er det sant som han seier, at vi forstår han ikkje lel, smilte ho. Og ikkje gjorde vi det den gongen heller. Når han snakka med ein, hadde han tankane langt borte nokonstads. Ho mintes det så vel: Kvar tingen eg gjer, har *liv*, sa han. Først er han til inni meg. Han plagar meg ofte. Så endelig står han der. Og så er det ikkje den tingen likevel. Og ingen har glede av han. – [61] Eg reiser min veg! kunde han mumle. Inn imillom kunde han slå seg laus, og da var det gjerne for ålvor, så lenge det vara. *Ho* hadde stødd han heim meir hell ein gong. Ho måtte gifte seg so fort det let seg gjera, så ho hadde ein heim for dem; det var inga trøyheit just. Otte han forstod det ikkje, same kor vel ho forklara han det. – Du er så tungsint, Otte? sa ho til han ein gong, for det heldt han på og vart. – Eg? Men finns det nokon som er så lettliiva da? Guds gode vøre kvar ein dag mest, og verda ho er så vid og så vakker – *eg* skal vel finne fram! Det kjem berre for meg at her skulde ha vore snudd opp ned på – ja, på alt i hop i bygda. Det går rangvegen, synes eg. Å, det skal bli arti, gut, å sjå!

Den tida han var på Vennestad, hadde ho merka det var eitkvart som *gjekk* i han. Det måtte vera lukka sjøl som var over han. Slik vart vel han, når ho tok etter han. Somtid syntes ho det kom ein frammand ein inn i lag med han. Det var Elen; ho visste det no. Ein kvelden kom han ned i fjøse og sat der med ho mjølka. Best det var, lo han litt: Det er ikkje så visst det er eg som skal snu opp ned på verda. – Nei nei, sa ho. – Nei! lo han, og blistra imillom, han var som barne å sjå til. Folk kan snekre som dei vil for meg, og gå til kirka som dei vil for meg! – Gå til kirka? undrast ho. – Ja, eg sa det. Eg ser så mangt som eg ikkje kan seie. Eg reiser ifrå det. Men [62] da han reiste seg og *gjekk*, likna han ein rådlaus mann. Amerikafeberen, tenkte ho den gongen; men så beintfram var det vel ikkje. Det var lukka si han skulde vekk ifrå; ho såg det no i dag.

Om kvelden, da folk hadde gått og lagt seg, kom Lina og skulde sleppe ut katta. Dagslyse låg og skimra over fjorden enda, og takdropen blinka imot det som sølv imot glas; den eine svara den andre no, stua rundt. Borti holte sat det ei nattvaka og song og lo, og imot andlete på Lina kom det ein uvant øl gjennom lufta. I det same kom Otte om nova, og ho vart ståande still der ho stod, for så forandra i andlete hadde ho aldri sett han, han rådde ikkje noko med det. Dei

stod der og tagde.

«Ja!» sa han endelig. Det kom hardt, liksom det skulde slå både henne og dei andre. – «Enno kan det hend' utruli ting!»

«Nei, nei!» bad ho. «Otte!»

«Det skjer aldri meir enn det som *ska* skje.»

Han la i veg og gjekk, om nova og opp bakken, den vante vegen hans.

Ho låg vaki til langt på natt. Da endelig hørte ho han kom stomlande inn og gjekk og la seg.

II.

Men morgonen etter var han oppe før dagen rann. Han vart ikkje gåande som elles og slenge, han gjorde opp varme i kjøkene og sette over [63] kjelen, og kaffeen var ferdig da Lina kom opp. – Ja, eg måtte opp, eg, sa han. Det er rart til vêr, ute, så fint? He? – Ja men? – Eg skal ut og ro. Eg får vel låne færingen?

Lysinga reiste seg som ei stor bleik åsyn over austfjella, ei gammal og nattvakande ei, som tok for seg bygda og gjekk henne over. Gar for gar hadde ho dem der. Dei sov, og ho let dem sova. Enno var det ikkje deira tid. Og fjorden? Otte var til vindauga alt i eitt og såg etter. Ja. Han var hildrande blank. Han var mest ikkje til. – Jaha, sa han, han hørtes reint som han var lettliva, – i dag ber det i veg. – Du skræmer meg reint, sa ho. Er det guten du vil sjå? Han er i Kjelvika han. – Guten? Han blunka kringt, med tankane samla seg. – Javel, du har rett i det; det var guten eg tenkte på. Det var liksom nokon ropa på meg.

Lina lo, ein tør, trillande kvardagslått: – Til sommaren hører du visst grase gror. – Ein skulde visst det òg, når rett var, svara han.

Fjorden blikka raud-fiolett i solrunna, og bleikna av som eit sovande andlet under den lyslette himmelen. Og Otte fór. Lina såg båten hans kraup over fjordspeielen i solskine, med blanksvarte strimevegen etter seg. – Gud einast veit kor den vegen pekar! sa ho med seg sjøl.

Da han kom ut av bjørkeholte og såg fram til Vennestad, måtte han sette seg

på ein stein.

[64] Av og til anda det gjennom bjørkekronene, vakna så levande tett over han; så sov dei og venta som før. Vårsola skjein på mosavollen og snøfleckene, og vårvilt fly kom syngande framom ein, stripa og skreiv med store sving i lufta. Men vegen han gjekk beint fram til Vennestad utan å blunke.

«Ja, æ kjem, æ kjem!» sa Otte. Han reiste seg, og da syntes han dagen folna i kring han og fraus, hadde vel ikkje venta seg så kald ein gjerning. Men sola ho stod beint på han og brann, så han tørka sveitten i eitt vekk. Den vegen der, den hadde han fare ein gong ei uvêrsnatt, kom famlande i kvite blinda over dy og dal, fann vegen og miste han og fann han att, for ho sat heime og venta han. Var ho *Elen*, så venta ho han enda.

Men da han kom til svingen nedom hagen, saktna han på og trødde litt meir smått, og så bar det ikkje til gars med han. Han gjekk til Håberg.

Åsel Håberg hadde han ikkje sett før, hadde berre hørt snakk om henne og visste ho var mor til Elen. Han skjønna det måtte vera henne, straks ho snudde seg til han. Auga hennar tok eit rolig tak i han, og heldt det. Sia drog han seg til minnes at ho var tynn av seg, og ikkje høg men bein, lyslett og smalvori i andlete, med raude roser i kinna og ein fin og fast liten munn. Men auga dei var lysblåe. Dei stod mildt og trygt imot han, og ikkje blunka dei, syntes han, [65] og ikkje var dei å komma ifrå.

Elen sine var like høge i letten, og like rolige av seg, og like seine i blunken, men dei tala med kvar sin tone, desse auga, likna ikkje kvarandre det grand.

Han hadde ikkje tenkt å sette seg, venta heller ikkje han skulde vera stort velkommen, men når ho viste fram til stolen, så sette han seg, han kom ikkje eingong til å seie kven han var. Da han fortalte det, såg han ho hadde visst det før.

Han skulde hit med ei helsing frå folke deira i Amerika, sa han, både frå han Jens og frå Gjartru, han hadde snakka fleire gonger med dem, og dei hadde bedt han helse til Håberg, men det hadde ikkje vorte før no. Det stod berre bra til med dem; dei baska godt.

Åsel såg til sides, på tausa som var inne. Ho vart raud og gjekk ut. Det kom

for Otte at ho vart leidd ut. Åsel hadde sett seg beint imot han. Så gjekk ho til døra og snakka ut i kjøkene, om kaffe var det visst; kom så og sette seg att, og det skygde som ein angst over auga hennar.

«Ja,» sa han. «Æ tenkt mæ te Vennestad i dag.»

Ho nikka berre. No først vart han vår at han sat her og hadde opna hjarte for henne.

«Ja, æ sjer ikkj annan veig. Æ får *gå dit!* Det skjer ikkj anna enn det som ska skje.»

«Nei,» sa Åsel.

[66] «Så får a Elen dømm mæ. Og gjera det ho vil. Det gjer vel ikkj noko om det grøssa i folk ein gong i millom? Nei, for resten, ho *gjer* det ikkj – æ får a ikkj med mæ, men –»

Åsel la den eine handa fast oppå den andre: «Ja Gud veit *det*, og ingen annan! Ho e tå eit oløkkeli folkslag ho liksom du.» Ho sat litt enda. Så såg ho opp: «Nei, du gjer ikkj det, Otte?»

Det vart stillare og stillare i stua. Otte syntes mest det var kvelden, da han svara.

«Nei, æ gjer kanskji ikkj det.»

«Æg vil ingen ting sei. Men æg e for veik, det kjenni æg.»

Det rørtes og bevra over alt andlete på henne. Han kunde sjå det no, at ho var ikkje eit ungt menneske som han hadde trudd. – Du skulde ha vore i mak i Amerika, sa ho. Eg visste det var gale at ho gifta seg; eg visste det så vel. Ho meinte ho gjorde ein god gjerning, såla. Og eg var for veik. – Men kven er det som styrer verda da? sa han og var raud heilt opp i panna.

Det er Vårherre, svara ho rolig. Otte slakna med det same og fall til ro. – Trur De det da? For eg har prøvd han: han kjem for meg umulig; vi skulde visst ta råda tå han. – Ja, ban, eg kunde fortele deg mangt om det. Eg har prøvd det eg. Eg sleit meg ut attmed det. Det som skal komma, det kjem, du har ein stor rett i det. Og ho Elen, ho – –

«Ho ba mæ om det, sist kvelden, at æ mått ikkj reis *langt!*»

[67] «Men når det va langt du *skuld?*»

«Ja men. Æ kom ingen veig. Det va stengt. Og ho Elen ho *ba* mæ – –»

Han hadde reist seg, han vilde gå. – Eg får berre spørre om ho tilgir meg, mumla han. – Det gjer ho aldri! sa Åsel i stor angst. Alt anna gale kan hende, men ikkje det, – du *skal* ikkje dit!

«Så får Dokk tegji mæ da!»

Orda kom stomlande trøytt og vegville, han syntes han skjangla beint imot auga hennar. Men *dei* tok imot han som glasruta tek imot flye.

«Æg? Nei, ban, æg hi ingen ting med det å gjera. Va inga sak da!»

Han sette seg att. Han syntes ho hadde bedt han om det. – Eg kjenner ikkje ho Elen, sa ho for seg sjøl. Ho var berre barne her, eg visste ikkje anna, og så reiste ho ifrå meg og var vill frammand for meg. Men det veit eg, at er skylda di, så er det ikkje farlig. Uretten han er lett å bera, for *henne*.

No kom kaffeen inn. Det var Andrea som kom med den, enka etter sonen på garen, og ei smågjente kom inn tett etter henne og gjekk bort til farmora. Åsel strauk henne på håre, med ho sat og såg fram og tenkte.

Andrea var svartklædd og bleikvori, stort meir såg han ikkje av henne. Ho òg hadde denne stilla over seg; det var Håberg, syntes han, og aldri hadde han vore ein stad det var så stilt. Det var ikkje sorg, og ikkje motløyse, [68] det var live sjøl som hadde teke denne tonen. – No såg ho på han med det same ho gleid ut. Ho hadde brune auga, og dei kjente han.

Da ho hadde gått, kom han til å sjå stua i kring seg. Kanskje det var der han låg, denne tonen som ringte stilla inn over folke her. Veggene synte seg først. Dei var mørkgrønne, hadde sin eigen lett som han ikkje hadde sett på vegg før; og rendene etter bordfara var lysraude eller kva ein vilde kalle det, dei streka så rolig oppetter veggen og hadde si eiga meining. Lofte var blåkvitt, med skyer av blått i botnen. Den letten hadde orde lukka havt, den tida han var småguten. Og benken og stolane og klokkeskape, det var same tyngda i dem, og same lukkelige tanken; det var same mannen som hadde sett dem her. Einast det store kråskape

stod og ønska seg herifrå. Det var breitt og rundmaga, og blankt så det skjein brunt av det – her var det, skape hans skulde ha stått, det som han aldri fekk til!

«Skape ja,» sa Åsel og smilte. «Det e så det. Men der hi det stått, og helles da så vart spelle hennes Andrea så husvilt utan det. Ho ha dem med sæ hit, bå to.»

Pianoe stod ved veggen midt imot. Det hadde same letten, men det hadde grodd fast i stua kor som var. Men åleine kunde det kanskje ikkje stå?

Otte vart urolig, tanken ira han gjennom all kroppen, slik det støtt var når noko skulde *gjerast*; [69] han reiste seg og gjekk halvveges borttil skape, såg på det og rundt i stua med brunene ihopknipne, og togg seg på nedreleppa innved munnvika.

«Det får stå lel,» smilte Åsel.ⁿ⁸ «Som eit merke på at ein hi vorti for gammel. Ikkj for *di*: Her kan enno bli omsnuna på Håberg. Trua, den sleppi æg aldri nei.»

Men visst han no fekk det til, mumla han, det skape som *han* meinte, slik at det steig fram utor veggene liksom det var sjølve andlete deira? og den rette målinga kom på?

Åsel klipte med auga og strauk småveikja over håre litt kringare. – Eg er så vant til å vente. Eg vil snart ikkje stort anna; ein mosaveks. Og han Odin, guten din, han er i Kjelvika, hører eg. Ho vann seg ikkje til å komma hit med han. Og eitkvart kan det vera godt for, trur du ikkje det? Ho blunka fort og ungt, det var slik fjorden blikka til han i dag.

«Ja, no tenkt æ mæ dit,» sa Otte fort. Han vilde ikkje møte auga hennar, men han måtte det lel. Han gav seg over og tilstod det: «Det va berre som snarast her, at æ syntes æ kund gå på sjøn. Guten han kom æ ikkj i haug. Nei, Dokk kan vara oradd!»ⁿ⁹

Det same syntes han, da han var i vegen nordover til Kjelvika. For kor skulde han gjera av han? Det var som live sjøl å tenke det ut.

Dei sat ved borde da han kom inn. Han [70] fortalte kven han var. Ingen av dem sa noko til det, Gurianna sette fram stol til han, og Bendek gav seg tida med maten. – Det var godvêre å ferdast i, sa han berre. Odin såg like nyfiken på han som på ein annan frammandkar, glømte seg enda så han spilte supa på borde.

Da sette Bendek knivskafte i bordskiva, ein liten rolig kakke berre, og guten rykte auga til seg og passa sitt.

«E det der han Odin da?»

Skulde vel så vera ja, sa Bendek, han såg ein gong på guten og ein gong på faren: «Han e råsdræng her i gåren, den karen, og ku-kaptein og høvesmann og liti tå kvart. Det hi vorti kar tå honnom ja.»

Odin smilte, han var ikkje dummare.

«Æ skuld no liksom vara far hans æ da,» sa Otte.

«Ja vel ja. Du val vara velkommin heim ifrå Mereka!»

Otte måtte ha både mat og kaffe, og Gurianna bar fram utor skape så han vart forundra. Bendek og han kom snart i snakk, og til han fortalte Otte meir frå Amerika enn han hadde gjort til dei andre til saman. – Men det var vel ein «stein i vein» der òg, ventar eg? Bendek var sid i munnvikane, han var stø på det han sa. – Ja, sa Otte, skal det bera i veg slik som det der har gjort, da ser det svart ut. Da var det bedre folk sette seg stilt ned og tok i hop hendene, slik ser det ut for meg. For det blir ^[71] ikkje verande til i verda, skal dei renne i veg på den måten. Den eine vil berre trø den andre under seg, det kan ikkje komma anna enn ulukke av slikt. Otte stod litt og såg ned i golve. Så ser han på Bendek: Det kom for meg, da eg gjekk hitover no, kva som står i bibelen ein stads. «Sætter eder ikke op imod det onde,» står der. Og det vonde, det er det harde, at den eine ikkje skal vægje for den andre. Ho Åsel på Håberg – – det var ho som synte meg det!

Bendek skaut brunene oppunder hårgaren, las orde med seg sjøl og nikka det fast: Det står slik ja! Så lo han, med små knivblanke auga: «Det va mæg no ei ful oppfindels!» Men litt med kvart gjekk det opp for han, og no nikka han att: Der har du det for resten! Hå-hå, san! *Da* vart det anna låt i spelle snart. Da kunde vi ha vore bra folk, nokon kvar. Å ja ja, san. Å leva, det er ein mangfelt ting! Jaså, ho Åsel no! Han smilte med seg sjøl.

«Og no var du budd på å ta guten ifrå oss, kanskji?»

Otte hakka i det. – Visst guten vilde, og *dei* vilde, så.

Bendek såg over til Odin, som sat på vedkassa med hendene i lomma. Dei

andre to såg òg dit. Det rann ein liten skygg blink over auga til guten. Det gav som ei ørande lita minning om Åsel.

«Ja, det der e no han far din da, som du skjønna.»

[72] Odin såg på faren, stødig og beint på han. Som all snarast var det Elen som såg på han, eit menneske som forstod han heilt inn og utan eit ord. Så var det borte, og eit villframmandt par auga flytta seg opp og ned over han; dei var nyfikne og stolte i same blunken, og halvt fiendar imot han.

Vilde han bli med han da? Og ha far og heim og alt i hop? Det var Bendek som spurte. Otte fekk ikkje opp måle. Han syntes han hang i ein tråd utom berge. Han vart sveitt.

«Nei!» kom det stutt og friskt.

Ingen sa meir. Straks etter fór han på dør. – Vi kan snakkast ved sia, sa Bendek. Men det må vi seie, både kjerringa og eg, at gutnabben han blir tung å miste. Han fanga auga til Otte, og andlete var skinnande godslig og grovt og breit: «Sætter eder ikke op imot det onde!»

Otte sa farvel og gjekk. Soldagen hang som eit eventyr over Kjelvika, ifrå høgste fjellbruna og over småhaugane og dei lange strendene. Det darra med ein særskilt rikdom i blånaen. Det var ikkje smått det at Odin vilde vera her i ødemarka. Det måtte vera som ei sjæl i han alt.

Otte gjekk beinast til Vennestad. Det var så tomt både i han og i kring han, det kunde komma på eitt ut kor ein gjekk.

Han fann både Elen og mannen inne. I det same ho såg opp og kjente att han, stod det som ein kald vind gjenom stua kor ho lasta han [73] for dette. Ho hadde venta seg han var meir til mann enn som så. Ho kom i hug kven han var i *deira dagar*. Iver bad frammandkaren sette seg. Han var tør som tre i andlete; han mumla eitkvart om hestane og såg på klokka, og så gjekk han ut.

Otte sette seg ikkje, og Elen sa ingenting.

«Æ kjem ifrå Kjelvikja,» sa han. «Odin han vil ikkj vetta noko tå mæ. Så gjekk æ inom her lel. Æ syntes du villa mæ inkvart, at du villa gi mæ guten?»

Elen såg fort på han, med store auga:

«Koles kund du vetta det? – – Nei, æ hi ikkj skikka noko bu på dæ,» skyndte ho seg og la til, og no snudde ho seg ifrå han.

«Nei nei, Elen. Men kan du begrip og forstå – – at æ kund reis ifrå dæ?»

Måle hans var ukjennelig både for han og henne.

«Og ikkj vil du ha guten heller?»

Da gråna ho oppetter kinna, men såg opp gjorde ho ikkje.

Han fekk ikkje noko svar, og venta det ikkje heller.

«Men at æ *gjekk in da?*» sa han, da han var utom døra.

– – – Den kvelden gjekk Elen til Håberg. Åsel tok henne med seg inn i øystre stua, og der var dei to-saman til dei andre hadde lagt seg; og Åsel var med henne på vegen heim, [74] heilt til Vennestad. Da dei gjekk framom Lauvset, hadde folk sett at Elen gret. Sia gjekk det orde i bygda, at Elen hadde tenkt å rømme med gammalkjæresten til Amerika, men Åsel fekk henne ifrå det.

Åsel kom ofte til Vennestad etter den tilburden. På Elen var ikkje noko å sjå.

III.

Folk snakka seg innpå han oftare etter kvart. Han tenkte ikkje på Amerika meir? Nei visst, ein kunde vel slå seg ned her òg? Han hadde ikkje lært så lite der borte, vilde dei tru. For der var det *drift* i folk, hadde dei hørt. – Eg har lært ein ting, pla han seie, og det er at folk lever kor dei kjem, på det vise det er, og *ein* er fornøgd, og ti er ufornøgd; der som her. Og så ein ting til, kunde han seie. – Å? – Ja nei, det var ikkje noko som var å prate om. Dei fekk ikkje vita det.

Han var djupare enn han gav seg ut for. Det skulde vera arti å vita kva som budde i han. Ein kaldvoren ein måtte det vera, for elles hadde han reist til Amerika att, no når ho Elen var gift og ikkje vilde laupe med han.

Utover sommaren tok han seg til og arbeidde. Han gjorde i stand som ei snekkarstue til seg på Holmen, rådde seg verkty og gjorde ting og annan. Stort vart det ikkje med han, det var synd å seie, han brukte meste tida til å tenke ut det han skulde gjera, om det så berre [75] var ein stol, og seint gjekk det med å få

det utor hendene òg. Han var kunstnar, sa klokkaren, han Ola Håberg, og han måtte vel vita det som hadde både seminarien og meir til. Og konstig var det, det han fekk til, det kunde ein vera med på. Der hadde han gjort ein stol så klumsut og gammaldags at han bad folk gråte over seg, han hadde labbar som eit klodyr. Den kjøpte dyrlægen. Dei drog på munnvika og undrast ikkje på *det*. No heldt han på med eit skap, og orde gjekk at det skulde til Håberg enda, men det såg ut som det var bra både for skape og Håberg at han aldri fekk det ferdig. Breiddmed det gjorde han til ymse småting, og like ufantlig tilemna dei med. – Han måtte *gi* dem bort.

Men sjøl synte han fram stasen sin så glad som småguten: Han tykte han hadde fått det til! Folk vart stive som tre oppetter kjakane, såg han, dei var invari lukkelige. Men ei og anna sjæla var det som skjemdest på hans part. Han spurte Lina om ho hadde sett dem? – Ja! ho hadde det! han hørte kor harm ho var. Ho veit ikkje det, tenkte han, at det er meg ho er mest harm på.

Ein og annan lo og sa han beint ut det dei meinte, at han snekra som ei ku.

Lenger utpå sommaren vart det stor likferd i bygda. Det hadde død ei gammal enke på andre sida fjorden, og ho var skyld med halve bygda mest, og hadde ei diger bankbok ^[76] etter seg og berre utarvingar, så der skulde det haldast *gravøl*. Da var det einkvan som fann ut at dei skulde be med amerikaneren på Holmen, han hadde vore mykje hoss gamla og snekra, og leita ein vel, fann ein skyldskap òg. Så var det ikkje umulig at han kom til å *åbenbare* seg. Dei bad Vennestad-folke med; dei kunde ikkje sette dem att.

Men det såg ut som dei kunde ha spara seg både det eine og det andre. Otte gjekk rundt og handhelsa, og snakka eit ord med kvar. Med Iver Vennestad og Elen snakka han òg nokre ord: ho gjorde rett i det, gammalbesta, at ho døde føre skuronna, des større likfølge fekk ho. Han var håll som isen under nysnøen, var det ein som sa. – Han har vore ute ein vêrdag før, han der, meinte ein annan. – «Pøh!» bles ein tredje ein: «Ei forlovels og ein ongji, ka du trur det vil sei uti *verden* da?» Dei gav han rett i det. Det var annan bør og annan fart der ute.

Utover natta kom dei litt nærmare inn på han, eit par kjenningar. Fjølden og godlage kring han hadde gjort sitt, og ponsen gjorde ingen umon, enda den var

han ikkje hard på.

Amerika ja! sa han best det var, han sette frå seg glase sitt på kommoden. Hengelampa lyste kvitt på han. Andlete snudde imot dem, og det var smalt og rolig, men dei merka det var eitkvart innunder. Auga heldt han i golve, men såg opp gong og annan, snart på ein og snart på ein annan. Dei stod i halvkrins framfor [77] han, ungdom og gammalt folk om einannan, mest karmenner. – Amerika, seier de! Eg kom da dit. Men eg kom heim igjen. Jau da, det er storveges der, på alle vis. Men kva ein skal der, det veit eg ikkje.

Han såg krinsen rundt no og smilte. Han såg ut til å vera ein mang-golva kar. – Tene pengar? Ja da, de har rett i det. Men det har de ikkje prøvd enno; ingen her i lande har prøvd det; berre eit lite storvarp det eller det åre her, ikkje sant? Nei, pengane har de ikkje prøvd enno, de har sloppe billig.

Dei sukka, tomt og uvisst; nokre av dem togg til liksom gjeita, med dei tenkte seg om.

No tok han glase sitt: Men eg skulde ut og finne verda, eg! Og live!

Han sette frå seg glase att, han glømte både det og dem. Det vart ei blyktande uro bortgjennom fjølden. Dei hadde lya på han halve stua. Elen sat heilt bortmed andre veggen, og såg opp gjorde ho ikkje, men dei merka ho hørte etter like vel. No tok han att glase sitt og drakk ein to-tre supar, gav seg tida med det, han såg ikkje ut som han hadde tenkt å seie meir.

Ja men, der skulde det ikkje vera kleint å vera snekkar? Det var klokkaren som tok frami. – Der? Der treng dei ikkje snekkar, der; langt ifrå. Der måtte eg til å snekre for pengar, og det ålvorlig òg, – eg slo ihop mang ein fæl ting til dem. Rettno er det slik her òg. I det stykke heng vi bra med. Og rotar dei opp dauvatne [78] i kring oss, så bli det Amerika godt nok her, skal de sjå! han lo over glase sitt, så det vart berre halv sup. – Live, seier de? Neida, neida, berre dauspark; dei spring i sømnen. Hardt imot hardt, har de hørt det orde?

«Just nettopp ja!» kom det ifrå fjølden. «Det e det som ska te. Klo mot klo, det va gammel visdom her i lande det!»

Otte hørte ikkje etter. Han stod og såg ned.

«Det e eitt ord som kjem fer mæ, av og te.»

Kva var det for eit?

«Det kan vara det samma.»

Auga hans rann over dem att, han tok folk i handa og vog dem, og la dem ifrå seg, slik tykte dei det var; dei rann tett framom Elen og vart ståande breiddmed henne, liksom dei las på veggen. Så tek han seg opp i skjegge. Han raudnar heilt opp i panna.

«*Sætter eder ikke opp imot det onde!*»

Det var stilt eit tak. Så kremtar det ein, og så kremtar dei nokon kvar. – Utor bibelen, var det ein som mumla. – Eit vakkert ord ja. – Ja, til å henge på seg! Men stilla seig inn på dem att. Det vart ikkje så stilt om stua stod tom frå vegg til vegg. Det rykte i ein og annan ungdommen, som skjemdest på hans part.

Otte tok orda oppatt, med seg sjøl, det var liksom han undrast over dem.

Ein for ein la øre til og hørte. Og så var det ein gammal ein som snudde seg og såg rundt ^[79] over alle andleta, med ein halvskræmt blunk i dei gamle, lyse auga:

«Ja-a, det ska stå om, godt folk! Om ikkj det der e *sjølv* orde.»

No drog dei anda friare ein og kvar. Det gjekk frå mann til mann, til det var over heile stua: dei såg det og kjente det djupare enn frammandkaren sa det; det var mykje i dei orda der! Det vart til ei bære, som gjekk att og fram i folkehopen og voks seg sterkare litt om senn. Det vermte dem og uroa dem.

No slo det attende til Otte. Han såg undersamt på dem: Var det så at dei *trudde* han? – Ja, sa han, det er sant for heile verda, eg ser det no. Det tenkte eg ikkje på; eg fann ut det for min eigen del berre. Eg hadde det i meg, eg har gjerne havt det der all min dag, at det som skal skje, det skjer. Og det vilde eg ikkje sette meg imot. No ser eg det ja: at det blir rettast for heile verda.» Ho må snu seg den vegen, skal det bli meining i henne. Vi får ta i henne og snu henne, så gammal ho er. Elles bli det krig og Amerika kor vi så gjer av oss, det kjem og det kjem, – ja, de kjenner det de òg? Som svarte uvêre på alle kantar, og ikkje kan du rømme ut i ødemarka som dei gjorde i gammal tid. Du trampar meg ned, og han deg, og slik heile vegen. Ein får til å vægje for motmannen sin. Ein får til å snu verda, som

sagt!

«Skål på det der!» sa det borti flokken. Dei tok glasa sine alle mann og drakk.

[80] Otte stod og såg ned og rørte ikkje glase sitt. Han såg ut som han var rådvill eller lei seg. Da han endelig løfta hovude, møtte han Elen bortved andra vegg. Auga deira råkta kvarandre over folkestimen. Berre ein blink, så flytta dei seg kvar sin veg.

Da hørte dei klokkaren bortved døra, han lest som han var nyst innkommen:

«Ka sytten e det dér for ein fysak?»

Det gav ein rykk i andlete til Elen, men ho såg ikkje opp meir.

«Dokk ska ikkj høyr ette mæ, folk!» sa Otte. «Æ va ikkj kommin her fer å prek åt dokk. Omvendels trur æ ikkj på, når æ ska snakk sant. Det va berre noko æ – æ berga mæ sjøl på; som ei fjøl å kall'. Lætt det komma, det som vil komma; æ sett mæ ikkj imot det.»

Han sette seg. Han vilde ikkje snakke med nokon meir.

Da kom klokkaren og sette seg borttil han. – Men det der har eg da lese i eit blad, no nyst her? sa han. Det skal enda vera ein russer som har funne opp det, kva var det han heitte no? Han er ein stor diktar, og ein profet, vil vera – Tolstoi er det! Har De ikkje hørt det namne?

Otte såg opp, litt forundra: Seier han òg det same? – Det er just det han seier, han. – Det var utor bibelen, trudde eg? – Ja, det forstår seg; det er ikkje nyare nei, – Ola smilte og sukka!

Folk tøyde på seg og hørte etter. Det kjentes liksom *dei* hadde sloppe fri no. – Nei nei, [81] hørte dei Otte sa. Nytt er det ikkje nei; det var ikkje meininga heller det. Det er nytt for meg likevel. Og – han sat og sokk i hop i stolen – – eg trur på det! Vi har ikkje anna å gjera.

Da han har sitte og tagd ei stund, rettar han på seg att og ser på klokkaren. Underlig fortumla og sømn-øren kom han for dem, og auga i han dei var slik som han skulde ha sett ein dauing for seg.

«Folket er som får uden hyrde' – slik kjem dem for mæ? Ser ikkj Di det?»

«Dem har den hyrden dem fortjeni å ha. Dem har mæ. Folk kalla mæ Klokkardauin.»

«Fortjeni å ha?»

«Æ sa det ja. Og det forstår du, så sant du e ein *norske*! Det e ikkj urimeli, at det høvi godt for folk det der orde ditt, æ veit ingen som har prøvd det. Så nær som æ sjøl da!» la han til og såg rundt paa dem: «For ein slik ein e det honning og balsam, veit dokk.»

For det var ukristelig kor mykje han hadde lese, den same Klokkardauen. Og *det* trudde dei, at det var ikkje sølv alt som skjein uta-lands heller. Dei drakk kvarandre til på det, og snart var stua og kammerse, og gangen med, i eitt surr som det hadde vore.

Da kom det to av kvinnfolka gjennom stimen og fram til Otte. Den eine var Andrea Håberg. Han møtte auga hennar, dei var så store og blanke. – De skal ha takk! sa ho. Otte sat ^[82] som han var forfælt. – Eg kan ikkje skjønne at eg la i veg med det der. Og så mumlar han ned millom fingrane sine: Men slik er ein vel òg; når det ber til å leite i lappkista.

Den andre var Åsel. Ho stod attom Andrea, klipte fort med auga nokre gonger. – Ja, det var rart å høre på, sa ho. For slik er det støtt med det som er umulig: det er det ein helst vil høre. Det andre hører ein snart nok tå. Men eg er ikkje einig med deg like vel; det er langt tå den vegen. For da vart Norig eit flatt land – da gjorde det eitt korles det gjekk! Nei! seier eg! – ho smilte og smått rista på hovude. Så ser ho bortover folkehopen og smiler ein gong til:

«Men det va arti å sjå lel, at det *tok* borti folk!»

Og no hadde Elen gått heim, kom det for han. Ja. Stua var tom og god, han vilde jagu drikke ei skål med seg sjøl.

GRÅVÊREN OG OTERBØRSA

I.

[83] Odin nemnte ikkje faren. Så seier Gurianna ein dagen, dei var tosaman inne: Jaså, du vilde ikkje bli med'n far din? Han såg berre på henne. – Du er no ein liten tullvalle òg! Det var mange, tenker eg, som hadde vorte glad i din stad og vorte med han straks. – Ja, det veit eg vel?

Han gjekk ifrå henne. Det var rart forresten, no når han tenkte på det. Dei andre hadde gitt seg med far sin med ein gong. Han, han vart her. Ein augeblink stod han og tversåg framfor seg: *Slik* måtte det vera, når ein snudde seg ifrå Kjelvika og alt som var her, når ein stod oppå Langbrekka og såg seg attende. Ein kunde rive seg laus med ein kvass liten rykk. Så tok ein og gjekk fram i bygda og kom bort der, imillom alle dei andre. Han sette hendene djupt i lomma og runda ålbogane:

«Dokk må ikkj tru anna enn at æ ha klara det, æ ò! Men æ villa ikkj. For det at –»

[84] Han fekk det ikkje klårt for seg kva han vilde seie, men det var eitkvart slikt som at her sat han fast, til så lenge, til *den* tida kom, og den tida det var noko blågrått og langt langt unna. Han såg seg rundt, enda han stod berre og såg fram i lufta, han tok for seg haugane med byskje og stein og alle strendene med grasvollar og steinviker, og der ute hadde han skjera og alle grunnane, der fisken smaug i taren og venta på ein så det maura gjenom all kroppen. Kjelvika, det var der sola skjein og vinden susa, dei spella om kapp for han i lange gode dagar, – det *var* eit anna tak for han å rive seg laus og reise ifrå det enn det var for andre, for dei budde ikkje her. Men han skulde bli ein meister til det sia. Ifrå Vennestad den gongen, det gjekk som ingen ting, han blunka ikkje ein gong. Det var elles så lenge sia; han var berre liten den gongen.

No hadde han da ein far, han var ikkje kleinare.

Han sa det til Karen-Anna, dei var oppi lynghaugane og såg etter krekling ein dagen frampå sommaren: No har eg ein far, eg òg.– Har du det? – Ja, gut! Ein

stor og vaksen ein. Kor eg har fått han ifrå? Ifrå Amerika. Han heiter så mykje som Otte, han var her ein gong i vår og vilde ha meg med seg. Men eg vilde ikkje. Eg gav meg ikkje om det. Du Karen-Anna: Veit du at dei kallar meg lausingsunge? – Ja men – du skal aldri lest som du hører det. [85] – Vas åt meg! kven annan skulde dei kalle det? Og så *er* eg det, ikkje sant? Var det nokon annan dei kalla det, kor skulde han da gjera av kroppen sin? han sprang og gjømte seg og kom aldri fram meir. Men kjem dei og seier eg lyg, eller at han Bendek er ein tjuv-nagle, da slær eg!

Karen-Anna heldt seg bakom han og tok den bæra som vart att. Han såg på snei opp på henne i skyndinga, med han rava til seg ein neve svart krekling:

«E det ikkj rart at vi ska bli rik?»

«Rik, trur du?» ho stod som ho smaka på det. Så rista ho håre utor andlete, og viste bort på ei stor tuve: «Sjå der, Odin, der e bêra enda stør' og svartar'.»

Odin var der i same blinka, hivde seg ned i digraste bæra og stappa i munnen.

«Rik ja? Når vi kjem frami bygda og legg i veig!»

Nordvesten susa over dem, og skuggane sprang i sunde og frammed lia, og solskine om kapp med dem, det var i eitt jag med mørknande grønt og lysnande grønt, og bæra svortna på alle tuvane.

Slik speila det over marka sommaren lang, og Odin og Karen-Anna fór der kvar ein dag mest. Tenkte han på det sia, så var det som han hadde drømt det. Han hefta seg aldri med å tru større på det. I millom var han på sjøen. Gong for gong hendte det, at han fann fisken, [86] fordi han syntes han måtte vera der og ikkje der. Bendek undrast over det, men Odin aldri.

Men det vart regnhaust, og køtera skaut hit og dit som sild i sjøen. Det er ikkje fyst å vera gjætlegut ein regnhaust når sauene soppar. Odin sprang all dagen, og skreik seg hås somtid. Men han hadde det i bakhanda, at sia vart det likare, det kunde ikkje vera ansles med den tingen; og endelig var avlinga i hus og krøtera vart slept innpå, på håa. Da hadde han berre sauene å hente heim om kvelden.

Og godvêre det kom, slik som han hadde visst om det men ikkje venta det: Store, isblanke oktober-dagar, fjella står under nye himlar, snur andlete etter

sola og smiler langt til havs. Tyttebæra raudnar, så ein spring opp tidlig om morgonen: og sola strålar beint i auga på ein.

Ein dagen kom han i lag med Jørnstrandgutane, dei fór i Kjelvikmarka og skóv. Han braut seg ein staurende først, vilde skamslå dem og forjaga dem, men så var dei så skinande blide, og baud til at dei skulde leite i lag. Dei vart godvenner. Det var ein utrulig hending for Odin. Han ansa ikkje på før det var mørke kvelden. Sauene såg han ikkje likt til, dei måtte ha rakla heim sjøl.

Det skymte urimelig fort. Dagslyse rann bort vestover øyane, og fjellsidene vart store og lodne, og himmelen austover han var natta sjøl som kom stigande. Og sauene dei var ikkje heime, no kjente han det på seg og tok sprange.

[87] Nedmed lee kjem Bendek i møte med han. Odin saktna på. No såg han andlete til Bendek. Det var som mørkre å sjå til; han var ruklut i panna som ei tóv-fjøl. [n10](#) Odin vart både heit og kald oppi hårtenna.

«Kor du hi haldi te du, val æg spør?»

«Det va bêra som narra mæ – sjå her, ska du sjå!» han synte fram korga, ho var full.

«Enn sauin?»

«Dem e straks ovafor sammarfjose, no ska æ spring ett' dem!»

«Jau-visst! Æg tok dem ne-i håa her ein totre gong. Og no hi dem sett av åt fjelli – *kom hit*, sei æg!»

Odin hadde halde seg litt unna, og no såg han Bendek heldt eitkvart attom seg. Han prøvde å glytte bakom han.

«Ka Dokk hi attom Dokk der?»

«Ja, ka du mein?» Bendek tok fram rise.

Odin avlettast i kinna, men han sette frå seg bærkoppen sin, vilde til å kneppe ned buksa.

Bendek vart stuss med. – Ja, bi no urlite, sa han.

«Ska det ikkj vara på bær rauv da?»

Bendek stod enno nokre augeblinkar; så sette han i og lo:

«E det kjeltringjen hell e det toskjen som regjeri ti dæg, gutpåker?»

Dermed hivde han sveigja. – Han fekk ha seg opp i marka da og finne heim sauene, det [88] var så mykje han visste. «Og det sei æg dæg,» la han til, «at kjem du heim utan dem, da, da – –!»

Da Odin snudde seg imot fjelle, var det ramnsvart. Han la i veg lel, inn krøtervegen og opp fjellstigen, og sia på må få inn i mørkre. Han gjekk og han sprang, og smått anka seg med kvart. Sauene måtte vera her nett framfor han, anna torde han ikkje tru, for da vart han vill åleine med fjelle og mørkre. At han ikkje fekk med seg hunden! No var det ikkje langt fram til Uraskare, og der hadde han funne dem somme gongene. Men det var eit utrivelig skar, for der hadde lynelden slått ned og drepe alle Kjelvik-sauene ein gong; det var å tenke på liksom dei låg lik der enno.

Og best det var, kjølte det stort og berrt gjennom han, at dei *var* her ikkje, det var han og goveitra og ingen annan levande ting. Da var det ikkje lenge før han var nedmed sommarfjose att.

Månen skjein over Jørnstrandhaugane no, men det var langt dit; dei hadde kvite dagen der, og her var skuggen så svart, han stod over ein som ein trollstor mann. Hadde berre han Bendek vore i nærheita! Han kom i hug somme kveldane i fjor-vinter: Måneskine var så nifst, det var dauen og dommedagen og alt vondt, men først han Bendek kom til stades, vart det ansles. Da var det som skjelvande sølvrøyken utover fjorden, og fjella dei gjekk så langt unna [89] ein og stod, alt borti eit anna land, – dit kunde ein vel òg komma ein gong? Men no var han ikkje her.

«Og slik kjennes det å komma heim krøtterlaus,» sa han til seg sjøl. «No veit du det. Å ja, du bala dæ allti igjenom det, når det ber i einherdingja. Og han far din, han får aldri vetta om det.»

Slik kom det gjerne eitkvart og trøsta han; det var slik.

«Nei!» sa han, best han gjekk, «nei, lyg gjer du ikkj, du hi slutta med det for leng sia. For lyg du om småkallan og goveitra, da bli du brydd tå dem sia.»

Han stod litt ute. Månen han gav på og skjein vest i haugane liksom ingenting

stod på, ein kunde sjå små rimkvite vollflekke millom byskja. No skjein han nedi sunde òg. Det snudde blanksida til og let han klå seg med pil i pil av dilrande sølv.

«Og no får du dengt, gut!» smilte han. «Va du ikkj Odin no, da rømt du.»

Føtene vilde ikkje bli her. Fingrane vilde ikkje ta i klinka.

Bendek såg ut så lei seg, da han kom og tok han, ein kunde skjemmast som nøydde han til det. Han dengde hardt. Odin klemte andlete inn imot bukselåre hans, det var utrulig hjelp i det. Men tårane var det inga råd med.

Bendek pusta ut, da han var ferdig, og sukka. Han hadde gjort ifrå seg eit storarbeid. Det ^[90] som gjekk mest inn på Odin, var det at han ikkje sa eit ord, ikkje krevde ein halv lovna eingong. Gurianna stod og snudde seg vekk da han kom inn att, og ikkje såg ho på Odin da han fekk seg mat heller. Ho var snildare enn folk visste om.

No først snakka Bendek. – Det er så med det, sa han. Det er ingen enno som veit kva der bur i deg. Han far din er ein bra mann; men han er meg for høg, eg rekk ikkje dit opp nei. Kanskje det er dit opp du skal? Ja, fanken veit. Ho mor di skjønner eg meg heller ikkje for mykje på. Men eit bra kvinnfolk; det skal du komma i hug, Odin! Håberg-folke er tå den gamle Juvik-slekta, og han far din med. Det var noko tå kvart der san. No har dei gått i molda for lenge sia. Dei visste vel kva dei gjorde. Og ho mormor di, ho Åsel ja, ho går her som ei attgløyme. Ho ser ut som ho ventar seg framgong enno eit tak. Men du, ser du, du lyt ta til frå ein annan kant. For deg sjøl. For blåe deg sjøl, kar!

Bendek løfta i måle, og i augebrunene med:

«Da spørs det om du berreste e oppgjort tå gammelt. Hell om det e ny *savi*ⁿ¹¹ ti dæg. E det oppreisning ti dæg, mein du?» Så mumla han med seg sjøl: «Live og det, det e eit fali bask. Det leri du verken på skolin hell med kjerka nei. Å ja, det pla gå ein dag om senn. Gutnaglin han – –»

^[91] Odin hadde små rykkingar med Bendek snakka.

Dagen etter kunde han ikkje komma på med det same, kva som hadde hendt han. Han vart liggande og stirre på Oterbørssa oppunder loftet. Da det så ranns for

han, skifta dagslyse letten med ein gong. Det gråna ikkje, det vart berre så ukjennelig. Og dette her var han sjøl? I gåreftas var det ein liten gutpilt som fekk ris.

Han fekk vel åt haugen att, han da? sa Gurianna, da han hadde ete frukosten.

Ja, no var det nyst føre han fór! Han var alt i treskone.

Det var blanke haustdagen, med lauvraude lier og med fjellpyntane høgt, høgt oppi blåaste himmelen, og himmelen han var som ein islagt fjord. Det skjein over marka og skjein utover sjøen, lyste i kvart eit strå. Tyttebæra trutna rund og raud under store dogg-grønne lyngblad. Århanen smatt ut or einerbusken og ut i lufta og sola så det blådde på ryggen hans, spilte ut vengene og såg seg rundt over marka si, svinga seg stort og fritt kring haugen i aust.

Og på *den* leia var bygda. Odin smilte fortenkt når han kom i hug det. Der var skolen og kirka, og Vennestad og Håberg, og garar og folk heile vegen. Der hadde han ikkje noko å gjera nei. Ikkje skulde det monne stort heller, vilde han tru, om ein kom dit og fortalte dem einkvart. Bendek hadde knapt umaka seg med det. Dei trudde det ikkje, same kva ein [92] fortalte dem, han hadde sett det på dem; det skulde vera *sant*. Men så var han der att: Kva var det for slag, det som var sant? Var det ansles det enn det andre?

Han sukka, der han sat oppi rinda. Her var så tett i tett omkring ein av det som var sant. Og slik kunde ein òg vera, gjekk det i han, at ein fór over bygda som kosten og rydda ut alt det som ikkje var til, han syntes halvvore han hadde vore med på det, nokon gong.

Kanskje så kom han til å krige med all bygda ein vakker dag. For eitt eller anna. Han og faren, imot heile skokken! Ja, det skulde for resten ha å gjera at han ikkje vart aleine i den bardagen. Det kjentes mest slik.

Sauene fann han langt aust i Engdalsfjella. Men det var ein for lite. Sjølve gråvêren var der ikkje. – Sia var han til fjells og leita etter han gong etter gong, men han vart ikkje å finne.

«Dem hi forbarma sæg over'n!» sa Bendek, han smilte enda.

Gurianna sat liksom ho las vondt over dem. Odin vilde ikkje ha vore tjuven for

aldri det.

Ein fjortendags tid etter kom Bendek heim med ein sauskroll i skymminga; dei hadde ligge straks ovan-i gjorde, og gråvêren var i lag med dem. Dei fekk han ifrå-skilt i fjøsporten, og dei andre vart jaga, Bendek hissa enda hunden etter dem.

Bendek og Gurianna sågⁿ¹² på einannan, og Bendek var djup og varm i måle:

[93] «Såles går det:

Somm' messi detⁿ¹³ og somm får det!»

Odin la seg frami, han var sjæle glad: No er han enda større, gut! og så har han vorte enda meir kvit attpå rompetippen! – Du da, våskoppen! sa dei og skubba han unna.

II.

Dei slepte ikkje gråvêren ut meir i lag med dei andre utgangarane. Han kunde sette av på nytt. – Det bli likast vi tek sveitten tå han med all som først, sa Gurianna ein dagen. Bendek nikka.

Sveitten, det var blode, så mykje visste Odin. Dei nemnte ikkje blod her i Kjelvika når det var slakting om å gjera. Han fekk ein klump i halsen med det same; det stod slik kaldgust av både Gurianna og Bendek.

Han tenkte ikkje meir på det, men gong og annan merka han det sat i han enno. Ikkje vart det vinteren heller, berre svarte hausten. Hunden stod utom veggen kvelden lang og søkte ned imot fjæra, ho var så svart at det skjein av henne; og med kvart så ula han. – Kva er det for slag han *ser*? tok Odin seg for og spurte ein kvelden. – Ja, fortel meg det du! Berre kobben, ventelig; eller oteren, – Bendek såg så rart på han. Utanfrå skjera var det liksom det svara, ein langdregen sukk av tungsjøen.

Odin såg oppunder lofte. Der hang ho. Eit gruelig stort og stygt våben. – Kvifor eg [94] ikkje skyt han? mumla Bendek med seg sjøl. Han fekk eine augebruna så høgt opp. Ja. Men eg gjer det ikkje. Odin syntes han skjønna det,

om kvelden slik. Om lys-dagen grunda han att og fram over det, kunde sitte på skolen og vera langt borti mørkre med børsa i handa. Det grodde tettare og tettare innpå han, det var ikkje halvparten så *til*, det andre, som det han vardest for i mørkre.

Best det var, kunde Bendek seie med han: Ja, det er ikkje smågut-spell å bu her. Det er ikkje fyst nei. Ein kvelden nedi nauste seier han: Har du hørt snakk om'n Gammel Anders Håberg? Det var så mykje som farfaren til mor di det. Han var ein som ikkje var forfæld i mørkre. Ja, han fekk ein udaue, men. Juvikingane, det var eit kaldt folk. Gamlingen sjøl låg som ein svart hund under senga hans Anders ein morgonen. *Han* sat berre på senggavlen og drog på seg buksa, og så kika han innpund' senga om han låg der enda. Da hadde han Svartmeisk gått trøytt, hadde luska sin veg. – Deven han smette! sa Odin. – Ja, smatt gjorde han, men du skal våre deg urlite. Men elles så skulde du vel ha som ein snev tå det same i deg. Bendek stod litt, og såg; så lear han på hovude:

«Den karen vinn du alltid over. Han e ikkj fram no fer tia. Men du ska ikkj vær å perr'n, det sei æg dæg; du kund bli fer støtt.ⁿ¹⁴ Du får anna å bitast med, du, san.»

[95] Odin syntes det tok han oppi huva, det løfta både huva og hårtenna.

Juvikingane steig fram for han rett som det var. Såg dem gjorde han ikkje, men han hørte dem: dei kom stomlande opp frå sjøen i kulmørkre, i store tunge støvlar, og så banntes dei her tett utom nova; så hissa dei i veg hunden som stod der og murra: «Søh! tak dem du!» Men hunden han kvinka berre, han var ikkje mann for det. Så glømte dei både han og styggmakta borti mørkre, dei gjekk åt uthusa ein sving, mo åleine, Var ein *kar-mann* før ein kom så langt?

Til Bendek sa han ikkje orde meir om slikt. Men eit par gonger kom han hesande inn til Gurianna og fortalte han hadde sett skrømt. Ein gong hadde han verkelig sett ein svart skapna som velta seg i sjøen, han slo kul på ryggen og gjekk ned, så morelden gneistra i vorren etter han. Den ryggen kjente han, det var ein kobberbygg. Og no hadde han glømt seg att og komme og fortalt han hadde jaga ein smådevel på sjøen! – Jau-jau! sa ho. Verre hånsord fanns ikkje å svelge ned. – – «Jau-jau!» det var all bygda som lo til han. – Men står det om, tenkte han, så

kan eg be Vakkermannen hjelpe meg, så legg eg det av lenge før eg er vaksen.

Men borti fjøsporten der brækte Gråvêren, dag etter dag, og rettno tok dei sveitten av han. Og kva var det for ein vêr det der? Han ^[96] torde ikkje sjå til han. Han var så reint for mykje kvit attpå rompa, og kanskje kunde folk bli vâr at hakke i øyra var nytt?

Ein dagen fer han frammed strendene og ser etter rakster, for det hadde vore nordvesten eit tak. Han kjem i hug Karen-Anna òg, ho vart aldri å sjå meir. Stranda er så frammand for han. Det er så snaut all stads, uvêre har gitt på og vaska i hundre år; og folk har her ikkje fare. Han finn ei flaske med eitkvart på, og da blir han glad, for dette var kanskje olje til lampen? og ho Gurianna ho er redd for sjânaen. Han smiler, der han går, og mumlar i bâresongen: «Enten olje hell tobak for eggpengen, dem røkk ikkj te all vala.»ⁿ¹⁵

Da bli han ståande utpå odden og stirre tomt ned på sjøen. Der flyt det eitkvart. Flyt sin veg frammed lande i blankstilla, syner seg og kjem bort, syner seg og kjem bort. Ein dau skapning. Han går og held lag med det austover, utan han veit om det. Det er eit dyr. Det er ei ku.

Da tek redsla han, og i veg ber det over haugen og heim.

Den gongen trudde dei han. Bendek kom og vart med nedover, og da dei var nedpå Sjøvollen, såg dei styggmakta kom sigande inn til stôa; for dit vilde ho. Hovude slang i sudrage, og føtene var ihopbundne; vomma var som eit båtkvelv å sjå til. Odin heldt seg litt ifrå. Noko så daut og ulukkig hadde han ^[97] aldri sett eller visst om. No visste han om mangt.

«Nei, ut med dæ!» sett Bendek i, han tek garnråa og stikk kua ifrå steinvorren. «Vekk!»

Han var med henne eit godt stykke på veg, såg etter at det bar til Folls med henne. Han såg ikkje glad ut, da han kom att. Han vart vâr Odin, som stod der på same staden enno. – Kom så! sa han.

«Berre ei ku som har sjølstôrtaⁿ¹⁶ nokonstass,» sa han til Gurianna. Ho òg var utom døra no. «Miltbrand, vil æg tru.»

Odin glømte flaska han hadde funne, og da Bendek tok og heldt henne imot

lyse, grøste det i han. Bendek trekte opp korken, vilde kjenne kva det her var for slag. Lukta først, og vart opp i under; tok så ein heil munn. Han såg stint og fortenkt på kjerringa, med han tok seg enda ein. Ho stod og vakta på han.

«Ka-for slag?» spurte ho.

«Dem snakka om *milde gaver!*» sa han. «Kjenn her, ska du kjenn!» han retta flaska til henne.

Ho smakte, og smilte. «Franns Brennvin!» sa ho.

«Du forstår da staven, du ò!» Han sette toppa i flaska med full hand.

Odin sukka bortpå benken: han skulde ha funne ei heil tønne med slik olje til dem!

Men heile kvelden utover var han tankefattig, [98] og dagen etter slikt slag. – Kva som feilar gutladden? spurte Gurianna, ho sette auga i han. – Er du ussel? spurte Bendek opp frå garnbindingen sin. Odin vakna til og såg på dem:

«E det – bli det leng te oløkka kjem?»

«Oløkka?» Dei såg på einannan. «Du må da ikkj spå ilt åt oss, ban!»

Han vart raud og lei seg.

«Nei, æ tenkt berre – kua!»

«Va det lekt!» sa Bendek. «Ho fór sin veig, ho. Og Vårherre – –»

Han mumla einkvart som Odin ikkje fekk tak i.

«Ja skit i kua!» sa Odin, han reiste seg og gjekk ut. No vilde han hogge ved.

Men at ulukka kom, det sat fast i han. Redd var han ikkje, for det vart alltid ei råd, men det fór underlig kalde minningar igjennom han rett som det var, at det som var i vente, det kom, og slik vart det så lenge ein levde. Det var stort og lodde som mørkre om natta, som kua i sjøen; det voks over alle juvikingane. Men Vårherre – –

Han mumla nokre ord som han ikkje sjøl fekk tak i.

Ikkje lenge etter kom det tidend om at miltbranden grasserte frå fjøs til fjøs borti Sørfjorden. Det var å dra krøter på sjøen fortast ein vann. Leid om litt spurtes det at det fór ein annan sjukdom òg. Han tok borna. «Den ondartede

halsesyge» kalla dokteren det, og *han* kunde lita ^[99] hjelp gjera. Dei døde. I gar for gar fekk dei det; og kirkeklokka ho ringte. Odin stod ofte og lydde på henne.

Enda syntes han halvveges det hadde lettna no. For no hadde det komme. Desutan vart det ingen skole; og vegen til Kjelvika vart sjukdommen brydd for å finne. – Du må vera snild da, og ikkje gløemme av kveldbønna di! formana dei han. – Ja da. Men han finn meg ikkje lel. – Akt deg, Odin! Ja da. – Men eg for min del døyr ikkje.

Nei, for det *gjorde* han ikkje; det var det. Og desutan var det vel frami bygda sjukdommen hørte til? Han kunde sjå bygda for seg; ho var langt nedafor ein staden, liksom han sat oppi høgste fjelle og såg dit ned; dei var ursmåe alle der, kunde døy på timen, kvar ein å kalle.

Redd vart han ikkje da heller, da han hørte sjukdommen var på Jørnstranda. Men så ein natta spring han opp borti benken sin og sitt og stirrer i kring seg. Sveitten rinn av han. – Er det du, Odin? seier Bendek. – Ja, det er eg, svarar han, likså forundra. – Er du dårlig? Nei, veit eg? – Nei da! Men sittande blir han. Ute er det tomt og stilt. Månen held til attom skyene ein staden; det ser ut som dei gjømmar på ei glo. Vollen syner seg, midt i natta, med hálkeflekker og gul grasstubb. Så vaken har ikkje Odin sett han. Har *han* drømt same draumen òg?

«Legg dæ å sova no, Odin!» bed Gurianna. «Less høyr no, Odin!»

^[100] Han gjer det. Men no har ho Karen-Anna òg fått denne kleinheita, tenker han. Ho døyr no ikkje, ho heller, meir enn eg, smiler han under skinnfelden. Men no i sta var ho her, og da sa ho, så det skjein av andlete hennar:

«Får du mæ, Odin, da blir det tussi fer dæ. Da vinn dem på dæ!»

Det var som i eventyre hans Bendek. Å, ein fekk no sjå, sia. Han snudde seg og sovna ifrå det.

Da han vakna morgonen etter, visste han ein ting: at denne gråvêren borti fjøsporten skulde vekk, og det måtte *han* sørge for. Han tenkte på sjukdommen av og til, og syntes halvvore dei hadde snytt han. Det vart leit å møte dem som hadde stått det over. – Og Bendek han slipa kniven sin, og med det same såg han på Odin, eit lite blykt på snei over han. Da kjente Odin han var berre ein liten

gutunge, og Gråvêren deira hadde han gjætt bort og kunde ikkje skaffe att han meir. Han kom seg noko utover dagen. For stikke kniven i annan-manns sau, det skulde ikkje han Bendek. Halde i skafte da, det måtte *kjennast*.

Om kvelden låg han og blåventa til dei hadde sovna. Kanskje han hadde blunda litt sjøl òg, for no var det svartaste midnatta. Så, no hadde han ytterklæane på, og skone tok han i handa. Det låg ei lita måneskrime inn over golve og synte veggen. Og døra tagde ja. I kjøkene var det heller inga sak, og i svala der kviskra han til seg sjøl: Du har no sneven tå ^[101] *dem*, veit du! Han tenkte ikkje på dem, det var berre litt hjelp i at einkvan sa noko. Da minte mora seg; ho kom og var med han.

Han møtte natta utom døra, og gjekk beint imot henne. Sjå seg i kring torde han ikkje; for denne gulgråe lysinga nattens tid trivdes han ikkje av. Hadde han enda visst kor ho kom ifrå! Og no var ikkje ho mor her meir. Han prøvde å vera henne, og kviskra til seg sjøl: Er det virkelig du det der, Odin? Er du så pass til kar da. Ja, du snur ikkje i døra *du*, ser du!

Han sprang over garen og lett opp fjøsportdøra. Sauen stod der, svart imot svart. Det grønte i auga på han. Odin hakka tenner, men han steig rolig attenges, vilde sjå om han kom. Jau, sei det! der stod han med framføtene på dørstokken og vêra ut i lufta; ein svart og frammand skapning. – Spring åt fjelle fortaste du vinn! kviskra Odin. Sauen kom trippande ut. Da sett han i og bræker. Odin skvatt, og alt anna på garen med, han mista både fotfeste og måle. Det var eit stort og svart bræk, syntes han, det rønn millom veggene.

Der fór endelig sau-skremsla om nova, og Odin inn med sju redsler etter seg.

Men i svaldøra spring han seg på ein kvit ein. Det var Bendek, i underklæane.

«Kan du fortèl mæg rett?» sa han.

Odin hadde stana og stod steinstiv framfor den kvite skapnaen.

«E det du, Odin? Va du på husi?»

^[102] «Nei, høyri Dokk, nei! Æ sleft frammondvêren – det skuld ikkj skje!»

«Hi 'n fari no da?» Bendek la i veg nokre stig, men kom att.

Odin venta rolig på at no small det.

«Dem kund snart ha funni skinne,» sa han lågt.

Bendek sukka, nett attmed han og meir og meir gammal og skruslen. No tok han i han; men han skuva han berre føre seg inngjennom døra:

«Gå in og legg dæ, ban!»

Odin hadde ikkje ein tanke, der han låg. Han hørte Bendek fortalte at sauene hadde skubba opp døra og fare sin veg. Dei måtte no vel finne att han i morgo? meinte Gurianna. – Å ja da, trøsta han. «Gu nå' ossⁿ¹⁷ så sant!» la han til. Da gret Odin. Dengt hadde vore kjærkomme no.

Morgonen etter var det lite om han. Dei såg ikkje etter sauene ein gong. Litt om senn kom han seg, og på slutten sette han hendene i lomma og spytta: Han Odin hadde vorte dem for mektig denne gongen.

Sia gjekk han og fortalte det til mora, gong for gong når han var åleine. – Det var ikkje anna råd, sa han. Stod opp midt på natta og slepte 'n ut. Han Bendek? Nei, han gav seg. Han tykte vel det var gluft!ⁿ¹⁸

Men da han snakka med henne ein dagen, nemnte han det ikkje med eit ord. Han vart litegrand ^[103] breilett, gong og annan, stod og smilte liksom Bendek til eitt eller anna. Slik står han, da han skal til å gå heim, og så ser han opp på henne:

«E det sant det e juviking ti mæ?»

«Kem som fortèli dæ slikt?»

«Nei, det va no berre eit spørsmål.»

Ho stod og strauk han på håre frami panna; det strita til vêrs av seg sjøl der, som etter kutunga.

«Æ mein kua hi sleika dæ? Ingen juviking ha no det der i allfall.»

Ho vart ståande og tenke. Det visste han ikkje ho brukte. Og kvitare i holde vart ho for kvar gong han såg henne. Knapt nok at jomfru Marja var så lyslett av seg. – Var det ein frammandmann hoss dem her i sommar eingong? spurte ho. – Det fór no så mange der, svara han. Han far min, meiner du?

«Ja. Villa du ikkj bli med han da?»

«Nei. Æg kjent mæg ikkj lottinⁿ¹⁹ på det.»

«Det va bra det, Odin. Han e for resten snild han,» la ho til.

«Ja, dem sei så, høyri æg. Ja, du får lava så vël da!» han snudde seg stort og gammalt og gjekk.

Ho stod og såg etter han og smilte. Der glømte han seg og tok kute.

III.

[104] Jørnstrand-ungane var snart oppe og ute, og i full sjau. Eit par av dei minste hadde stryke med. Det var berre dei to eldste som var fullstore for Odin; den eine var 14 år og den andre 13. Sjøl var han 10, og det syntes han skulde bli det same. Dei hadde børse og fór og skaut. Aldri hadde Odin kjent seg så liten som da han stod der og venta smellen. Det var så for lenge enno til den tida, at *han* heldt i børsa og skaut. Da kom Karen-Anna ut og stod og såg på dem. Ho var tynnkjaka og bleikvori enda. – Har ikkje du havt halskleinheita? spurte ho. – Nei, men – – men eg har skote med oterbørsa hans Bendek. – – Du? Ho gjorde store auga, og det gjorde dei alle i hop. Nei, det var ikkje så sant, just, men så hadde han heller ikkje fortalt dem om gråvêren han slepte ut. – Ja gut! sa han. – Da fekk han skyte med henne her òg da, sa Martin, den eldste av dem. Odin tek børsa, legg henne frampå steingaren, spenner hanen. Karen-Anna roper eitkvart, men no er det for seint, det får gå som det vil; han siktar og skyt.

Dei ropte over seg oppved sommarfjøsveggen, at han hadde skote *finn*, det var nauvt han hadde råkt døra, og Karen-Anna lo med. – Men du får ikkje lov meir! sa ho; ho var drivande bleik.

[105] «Nei oterbørsa, det va ei som small det!» sa Odin til gutane som kom nedover.

Ho ja, som var fortrolla, sa dei. Den som ikkje han Bendek torde bruke meir, det var best han ikkje vørte den tötta. Og no la Martin ut for dem, korles det hadde seg med den børsa.

Bendek hadde vore ein stygg skyttar ei tid. Natta lang låg han i oter-ura.

Kveld og morgon fór han skjera rundt etter kobben. Kanskje så skaut han andre ting òg. Men så var det ei natta; da skaut han tre skott på ein skapning. Det var enda bortpå øya der. Da snur han seg, den han skaut på, og kaldflirer: «Tre skott, Bendek! Eitt te no, så tek vi dæ!» Han Bendek tok børsa si og gjekk heim. Han har ikkje rørt henne sia. For det står fast: han må på sjøen, den som løyser skott med henne oftare. Slikt har hendt før.

Dei hadde glømt at Odin fortalte han skaut med henne. Han hadde glømt det sjøl òg. No såg han på Karen-Anna, ho stod og einstirde på han:

«Du røri a ikkj meir, Odin!»

Dei vakna til og såg på han. Da kjente han det på seg, at løgnar skulde han ikkje vera for henne, kor som var. Det var ein inni han, syntes han, som tok i han og stødde han; han bles til heile trollskapen.

«Føst han Bendek reisi åt kvenna, tek æ børsa og legg mæ i ura,» sa han.

[106] Det var mest ikkje han som sa det, men no var det sagt og avgjort, og her var fleire enn ho og gutane som hørte på. Nakken stinna seg attover, så det gjorde vondt i halsbeine. Store, blanke auga imot han frå dei alle i hop. Dei trudde han. Ja, men dei kom ikkje til å tru det før dei hadde sett det, det kjente han på seg.

«Æ gjer det!» sprang han og sa, da han fór heim.

Dei spurte han fleire gonger, heime, om han heldt på og vart sjuk. Og Bendek måtte sette i kvast til han ein kvelden på låven, at no heldt han i sekken og ikkje stod og drømte! Ikkje lenge etter spurte Odin om han skulde på kvennatur snart. – Ja, vilde han vera med? – Nei da, nei! han spurte berre. Ein kvennatur – likare ting visste han ikkje, men oppunder loftte hang troll-børsa, og krut-tye attmed henne, og Jørnstrand-gutane kom smitande rett som det var og vilde høre når han Bendek reiste. Karen-Anna hang med dem. Og storfjæra var det om kvelden, så ein kunde gå valen tørskodd over til øyane; det hadde laga seg til.

«Dokk reisi føst Dokk får børen da?» spurte han att.

Landvindsstormen låg og gnog i fjorden kvar ein dag, og Bendek gjekk og såg i det og venta. Rettno var det jula, og mjøl måtte han ha. Han såg på Odin gong og annan: Somtid lysna han over heile andlete når vinden kosta på det striaste

oppi lia, og medkvart gjekk han og trødde [107] og var berre uroa heile guten. Odin syntes stormen var ein mann, som hadde sett seg for å plage live av han. Ein slik ein fekk han gjerne å bitast med ein gong, og kor skulde ein da snu seg?

Ein dagen han er med Bendek og ber heim tørv, seier han best han står:

«Hi det aldri gått noko ord tå 'n far min?»

Ord av han? Bendek såg opp.

«At det va noko *tak* ti 'n?»

Bendek småflirte: Nå, det var no som ein tok det, det. Han var ein bra mann. Og ein fin snekkar, kom ikkje der, san!

«Ja pytt, *det!*»

Endelig ein morgonen vaknar Odin og hører stilla ligg omkring huse. Og Bendek har reist. – *Har* han reist da? seier han og stirrer på Gurianna. Han såg ut som han var ned-dotten frå loftet.

Det vart ein lang dag. I kveldinga kom dei frå Jørnstranda. Dei sa ikkje stort: Dei talde han ikkje til. Da kom han til å gjera det, kjente han. Gjekk det gale, da var han den einaste i bygda som det hadde hendt. Juvikingane, dei hadde vore oppi det same. Det hadde vore live for dem. Lenger kom dei ikkje; dei fekk gjernast ein udaue. Men du, Odin, du får gå beint framgjenom det, sa det med han.

Dei skulde vente nedmed nauste. Så skulde han komma med børsa når ho Gurianna hadde gått åt fjøse. Men dit såg det ikkje ut til [108] ho vilde, i kveld. Auga hennar var etter han heile tida.

Endelig ein gong stod han med børsa i handa. Hanen pa henne var uhuglig stor; han spøkte for sjølve ulukka. Han møddest litt før han fekk stengt inn hunden, for den vilde han ikkje ha med.

Dei nedmed nauste sa mest ikkje orde da han kom. Karen-Anna var kvitbleik, syntes han sjå. Martin skulde lade børsa, men da det bar til, vilde han heller Odin skulde gjera det sjøl, han som skulde skyte. Han sa han berre for litegrand: krute først, så strye, så kobb-hagla, slik ja! Hagla var store som små kuler, dei måtte da *drepa*, trudde Odin. – Hysjt! sa Martin.

Dei vart einig om å gå over valen og bort Langøya, for der var det mest vona.

Mørkre var grått og mjukt i kring dem, og Odin steig framgjenom det føre dem med ei stor kjensle. Morelden trolla fram tangvålen kring dem sleip og levande. Brune hestetange tøyde fingrane over sand og stein, med store blinde blæreauga på kvar finger. Bladtange låg som reklingane av skinnhyre etter bliven mann. Svartblanke taren låg og lea på seg frammed vassmåle, med lange bleike stylkar og fint bladkrus; han rørtes så rart i sømnen. Tverstikla, den trollblomsteren, ho sprikte og gjorde tegn imot han, ho var bleikraud som tokna utor dau fisk. Sjøeittra var spytta på land miliom steinane, men ho òg var levande i kveld, Odin kom til å tenke ^[109] på utstukne auga av einkvart utor sjøen. *Han* såg det, og dei ikkje, og slik skulde det vera.

For her kom han, som sagt. Skjela knasa under føtene, og gav seg; ho tålte ikkje meir. Eit lite vinddrag gjekk og tuska for seg sjøl frammed strendene og strauk sin veg.

Dei stilte seg fram på høgste ryggen av øya, og la seg ned der. Der låg stranda framfor dem, og enda meir einslig enn valen, beint ut imot ville Folla. Tangbeden bukta seg som svarte skinande ormen austetter og vestetter; og båra sukla oppunder han og snøste. Noko levande var ikkje å sjå.

Da kviskrar det nett attmed han:

«Ikkj å skjøt da, Odin!»

«Hysjt med dæ, førkj-ongji!» murra det frå Martin, han hytta etter henne. Og no kviskra han heitt og andslope til Odin: «Du får skjøt lell, i lufta!» Og litt etter: «He? Tør du ikkj?»

Odin fór over stranda nedafor seg, att og fram. Da såg han tydelig det rørtes der ein stad på strandvollen straks hitanfor tangvålen. Byskje og stein hadde rørt på seg så smått, heile tida, men dette her var ansles: det snudde på hovude. Han la til børsa, og spente hanen. Martin kraup litegrand attende, merka han, og broren med. «Skjøt, skjøt!» gjeispa dei.

Det vart utrivelig lenge før skotte kom. Det kom som ein dott i øyra på dem, og det gjekk ei stund før dei vann seg til og la på sprange. Odin såg dyre vart

liggande og spenne i vollen. [110] Det rann som ei avmakt over han. Da hørte han det klask unna føtene på dem bortpå valen, dei trødde for tvert i vassdeplar og blautleira. Da først snudde han og la i veg etter. – Vent! ropte han, men det var ikkje noko mål i han. Midt på valen sprang han seg på Karen-Anna. Ho tok hardt i han:

«Kjem du da?»

No kom dei andre to slengande attende, småflirande. – Du sikta no ikkje lel? Du såg ikkje noko?

«Børsa?» mumla han, men så sansa han at han hadde henne i handa. «Han datt no,» sa han, og så tok han og bles utor børsa.

«Ja!» sa Karen-Anna.

«Ja, da kjem det an på korles det går,» sa Martin.

«Han datt no,» tok Odin oppatt. Dermed tok han børsa på aksla og gjekk, og dei etter.

Dei la over om at dei skulde sjå dit morgonen etter. Martin var ikkje viss på om trolldommen hadde det med å verke fort. Odin hørte det knapt. Han hadde gjort ifrå seg sitt. Sia vart det alltid ei råd; – det kjentes så tomt med denne trolldommen no, liksom smellen hadde sprengt han, og Odin tykte han hadde vore berre småguten her for litegrand sia.

Han glømte fadervåre da han hadde lagt seg.

Morgonen etter stal han seg i veg tidlig, hadde ikkje tida til å vente på dei andre, for sjøen flødde. Hadde han eit daut sjødyr liggande [111] vestpå stranda, da hadde han vunne for ålvor. Hadde det fare sin veg, så var det ikkje stort kleinare; det var farlig, men det vart alltid ein utveg.

Det var friske, gode morgonen. Vestavinden hadde fått skya på jag, og no bar det austover med henne i flokk og floke. Det stod ei jakt nordover leia, vart han vår, og ho låg flat som ei tik, så kvite skomgaren valt unna henne, – slik skulde han òg fara ein gong ja. Han måtte stane litt og puste seg opp, før han la til over høgda på øya. No var han der.

Han vart ståande flein-øygd. Det kom reint bort for han. Nedpå stranda stod

Martin og broren og såg på ein dau saukropp. Han hørte dei lo til han: Det var berre ein sau du skaut! Du har skotte i hel 'n – det er Gråvêren hans Bendek!

Ja, der låg han, og dette *var* Gråvêren; fanns ikkje veg utomkring det nei. Tunga utgjenom kjeften, og auga halvopne og glasne. Der, bakom øyra, hadde han fått eit hagl.

«Du e no gaukjen du!» lo dei.

«Men æ trudd da ikkj det va ein *retteli* sau lel,» sa han med seg sjøl.

Ja, dei skulde ikkje nemne orde om det, sa Martin.

Odin såg tomt og flatt på han. – Det kjem aldri opp, trøsta dei. Og børsa, sa Martin, børsa vart ein like slug på for dette her. Det var han Bendek, ventelig, dei venta på.

[112] Odin hørte det godtsom ikkje. Gråvêren var dau, og børsa hadde han fare med uloves, og i morgo kom han Bendek heim. Han Bendek, sa det innvendig ein stad, oppatt og oppatt. Ho Gurianna var like rar å tenke på, ho òg no.

Denne gongen kunde han ikkje kjenne det vart ei råd. Og i morgo var det juleftan.

«Æ angra ikkj på det lell, æ,» sa han og smilte til dem. Det bevra oppi brunene.

Og det visste han var sant, da han gjekk heim. Angre ein ting han hadde gjort, det kunde han ikkje.

Berre han vilde spakast med vinden, så han Bendek vann seg heim!

Bendek kom stintande inn sunde straks føre middagen juleftan; han hadde rodd heile natta å kalle, for da var han litt spakare med vinden.

Odin var alt ved godt mot. Gråvêren var no bortkommen like vel han, hadde aldri komme heim med live meir; og når ein vart vaksen, kom ein ut for mangt slag som var verre. Og styggmakta i sjøen og marka hadde han gitt ein skrell. Det hadde lysna, tykte han. ja, og ein saukropp vart han alltid mann for å skaffe dem att. Likevel fekk han ein styng, da Bendek snakka til han. For han såg med ein gong, at Bendek hadde kjøpt med seg eitkvart til han, til jul. Elles var det ikkje så overlag høgt opp til Bendek, når ein såg vel etter; for det om han visste om mangt

som var til, og hadde fått børsa si fordømt. Han kom til å trenge hjelp ein dag.

[113] No skulde han fortele dem nytt, sa Bendek, da han sat og fekk seg mat. Han togg lenge. Jau, han kunde helse dem frå Gravêren. Sladder og vas? sa Gurianna. Jau, det forstod seg. Om morgonen, da han rodde austgjenom sunde, da stod han nedpå Langøystranda og skjønna på båten. Var det vår da? sa Gurianna. «Obetinget!» Bendek sette knivskafte i bordskiva,

Jaså, det var der han hadde halde til, skarven! Gurianna måtte mest flire. Ja, vi får i veg og hente han heim til jul, sa Bendek. Først eg får opp møllnaen.

Det var inga stunda før det var gjort. Så skulde dei sjå i det, om sjøen vilde falle ut så dei slapp åro over. Og sjøen han fall og fall, steinane på valen dukka opp ein for ein fort vekk, og no bar det i veg. Odin vart heime, han skulde bera inn vatn til helga.

Det sette til med kvelden og uvere straks. Det stod med blåsvarte veggen ute i vest og trua, og det eine vêrblinke lyste opp styggare enn det andre. Odin stod og såg dei kom stavrande oppetter vollen; dei kom så gammalt og tomhendes.

«Vi fann'n ikkj, det vart fer mort,»ⁿ²⁰ sa Bendek, han slo vatne utor skinnhuva.

Odin stod litt først, liksom han ikkje hørte det. Så seier han:

«Låg'n ikkj nedpå vester stranda da?»

[114] Nei, var det likt; der var han ikkje; og sjøl visste han kor han heldt julkveld.

«Æ skautm med oterbørsa æ trudd det va'n trollsau.»

«He? Ka du sei fer slag? Skaut'n, sei du?»

Det tok tid før det beit på dem. Det bar inn med dem, og lampa vart tendt, men Odin visste ikkje korles han hadde fått fortalt det. Bendek tok ned børsa og såg i henne:

«Jamenn mein æg han snakka sant!» Han stod og stirde på Odin liksom han aldri hadde sett han før, men utan fiendskap.

No spurte Gurianna eit tak, og guten svara. Han vilde sjå om det var sant, sa

han. Sant? At ho var fordømt, at ho var forgjord! Kva for slag? At han måtte på sjøen, den som skaut med henne oftare!

Bendek vart mørkraud:

«Kem som hi forteld deg det? Kem som hi sett ti dæg den strofa? Vil du ut med det?»

Odin tagde. Gurianna spurte om han hadde vore der i går og sett han. Ja, og han fortalte dem livaktig om tunga som han hang ut, og føtene som var stive. Da hadde storsjøen drege han utfor i natt, sa ho, for han var nask, det hadde ho hørt. Bendek kremta seg opp:

«Men svara mæg no opprekti, Odin: Kem som forteld dæg det der om børsa? Som narra dæg te det? Va det o-tye frå Jørnstranda? Da ska æg snakk med dem. Kan du ikkj svara da? Testa det no, Odin!» han bad så vakkert han kunde.

[115] «Det va æg sjøl som drap'n!» «Du vil ikkj ut med det? Ja, testar du det ikkj no på timen, så gjer æg dæg oløkkeli, æg jaga dæg på dør!»

Odin såg berre på han. Han var knapt attkjennande i andlete. Stua vart både tom og still. Bendek avlettast. Han trampa i golve: «Ut med dæg! Vil du pell dæg! utu mitt hus! Ut!»

Odin kvitna, men han tok huva bortpå vedkassa og kom seg ut.

Stormen og regne slo i kring han som eit vått segl, og mørkre var så tett han vart ikkje vår det. Først da han merka han hadde tulla seg av veggen, tok han til og gret. Når det lynte på det verste, stod han stiv og kleip att auga, og når toreskrellen kom, kvinka han og sa mor!

Han gjekk til han vart liggande, Ia seg for somtid og vilde døy, og for opp att og sprang eit stykke når redsla rann inn på han. Det var berre frammand mark allstads, blåbrune berg som lyne synte fram, og store ukjente steinar som kom imot han i mørkre. Utanfrå have kom regnelingane tråvande himmelhøge og kvite og vann innpå han, frøste i kring han og fór ifrå han. Tora rulla over fjella med stort og holt mål. Ein gong kom han i hug det var julnatta. Da stivna han så han ikkje fekk foten fram. Så glømte han det, visste ikkje av kor han stomla og gjekk.

[116] Somtid lysna det i lufta. Alle ting snudde seg og stirde på han. Da ønska han seg mørkre og regne att. Gong for gong kjente han att seg, men det var inga hjelp i det, han kom ikkje på kor han skulde. Ein gong datt han overende i ein einkave, og der vart han liggande. Han sov med ein gong.

Så var dei etter han, nokon med store tunge sjøstøvlar, det var juvikingane, sjølve bergtrolla. Han la i veg på nytt.

Verste uvêre var over no. Det var berre stormen att, og han hadde flådd himmelen berr uti have, så det lyste som ein halv dag innover fjorden, og marka lyste med, for ho var haglkvit etter siste elingen. Og det der, det var sommarfjøre i Kjelvika! Odin hiksta til og sprang nedover, sprang og datt og reiste seg, og så var han inne i lag med folk att, så utrulig det var, hadde gode varme utgangarsauene rundt i kring seg. Enno var det att av halmen han hadde bore til dem til julkvelds, dei låg i julmaten sin, og der la *han* seg òg.

Utpå morgonen vaknar han med frost og ser seg forvilla i kring. Så får han ein liten knekk i seg, stiltrar seg ut og gir seg av stad. Det var grei veg til Vennestad no.

HEIMLAUSINGEN

I.

[117] Odin kom til Vennestad i sju-tida julmorgonen. Han hundfraus og hadde ikkje stort annan tanke enn å komma seg inn i varmen.

Det spraka forlivande på gruva i kjøkene, den eine branden puttra og prata med den andre, og logen hoppa over dem og lo; *han* ansa dei ikkje, og kjøkene var tomt for folk. Han vart ståande innom døra. Kjøkene smilte så blankt og

fiendsk imot han, det var ikkje her han skulde vera. Og så er det jultorgonen! sa det til han. Kvit duk var der på kjøkenbenken, og kvite papirtaggar på alle hyllene; og oppå mantel-hylla stod lysestakane og skjein. Slik var det heime i Kjelvika òg, i dag, det kom og synt seg med han stod der. Da kom det for han, som ei underlig lukke, at alt det han hadde sett og såg, det var berre draumen; det at han var til, at han var Odin, det var sant.

No hørte han det gjekk inni stua. Det blir likast eg går inn med ein gong, tenkte han. Berre eg ikkje møter nokon i døra. I det same gjekk ^[118] døra opp, og Elen kom med ein unge på armen og ei mugge i handa. Ho var litt sømnpjuskut i andlete, og så hjartans like vis på at han var her. Auga hennar vart ståande på han, – no drømte visst ho òg. Han flytta føtene eit par gonger.

«Ja!» sa han berre.

Ho vart enda meir rar å sjå til; no blir ho vår kor våt og ruskut han er, og seier einkvart.

Da mannar han seg opp og smått ler, og måle er kringt og kvikt:

«Ja, dem hi jaga ette mæ, men det va ingen ting, det såg berre slik ut. Nei, for sæ kund ikkj – det va noko som æ ikkj kund fortel, for det kund æ ikkj, og Gråvêren han –»

Han tagde midt i det.

«Kor du hi vøri i natt da?» Ho spurte to gonger.

No går det i døra attom han, og Iver kjem inn ifrå stallen.

«He?» seier han, han ser frå den eine til den andre. Så går han bort til benken og sett ifrå seg lykta, spenner av seg førane ⁿ²¹ og tek på seg eit par tøflar; det var så livaktig det kunde bli, syntes Odin. Han less ikkje som han ser guten meir, han går beint inn i stua.

«Ka i all verden ska du ha å bytt om med, mein du?» Elen ser seg oppråd i kring.

«Pøtt san! æ kan tørk i kropp, det gjer 'n Bendek, det e ikkj fali med *di*.»

^[119] Ho bad han ta av seg på føtene, men han gav seg ikkje om det. Det var så

langt unna han, alt i hop.

Iver kjem att, og no ryk det av han: Hadde dei jaga han? – Ja, sukka Elen. Han snur seg til Odin, ruskar han liksom blå vaken og inn i sjølve verda:

«Snakk sant no, din snøstrøsk! Koles hi du stelt dæ? Hi dem jaga dæ da? Fortel mæ kvart eit grand, høyri du!»

«Æ ska fortel a mor det.»

Iver fall utor, der han stod. Andlete vart så likt eitkvart stygt han hadde drømt, – det var himmelen i natt, da han lyste fram etter snøkaven. Så vondt hadde aldri nokon sett på Odin. Det er slik dei er, tenkte han. Men auga hans rann beint imot den andre sine, blykta til og glatt unna, men var der straks att.

«Føst ska du ha bank, og sia ska du få dans i veig igjen og be vakkert fer dæ!»

Han vil ta etter guten. Da seier Elen:

«Nei vent no. *Det* får no bli mi sak, heller.»

Iver rykte til, og vart ståande og sjå på henne. Og ho ser på han. Det var liksom sagt no, at *ho* hadde sørga for guten slikt det var. Han glodde like steingrått og dumt, da ho tok med seg guten til kammerse, og han stod der enda, da ho kom att med våtklæane hans.

Tausa har komme inn utor fjøse og held på og silar mjølka, men henne ansar han ikkje, han kaldflirer til Elen:

[120] «Jaså ja, du ska te å vara Åsel her i gåren no? og æ ska var Kresten, mein du?»

Elen gjekk sin veg, og han kom etter. Ho gjekk som ho beit i ein smil, for foreldra hennar hadde han aldri nemnt før, og kva skilde dei henne? Odin sat halvnaken på ein stol i kammerse, og døra var oppe. Drengen, ein liten 15-16 års gutladd, sat innmed omnen og lest som han ikkje hørte eller såg nokon ting. Tausa gjorde seg ein sving inn, skulde sjå etter einkvart.

«Jaggu ska 'n få dans i veig, så blaut han e!» Iver kaldflirte att, han var tør og sprukken i måle.

«Kanskji æ dansa min veig æ ò,» kom det ifrå Elen, da tenarane var ute.

Odin hoppa på stolen. Det vart så lenge før måle til Iver kom att.

«Ja, det hi kommi amerikanera te bygds no.»

Elen kom ut i kammerse og let att døra. Odin torde ikkje sjå på henne. Ho måtte vera mørkraud i andlete no, eller daukvit.

«*Han!*» sa ho med seg sjøl. «Han va no vel den sist æ gjekk te lell.»

«Du va no på vein, her ein kvelden i fjor – trur du æ e fødd i fjelle?» hørte dei måle hans skratta inni stua.

Elen bad Odin fortele kva som hadde komme på, og han gjorde det. Berre at han snudde litt på det, så han slapp å fortele han ikkje hadde vore åleine om det. – Og børsa ho var fortrolla, ubetinget! sa han, for no var han midt inni ville ^[121]hendingane. Men meg beit det ikkje på, dei når ikkje i meg, det er ansles med han Bendek, som er gammal, trur eg. Nei, gut!

Kven som var med han da? Var det Jørnstrand-ungane?

Han såg forfæld på henne:

«Veit du det da?» Og så sukka han og såg vekk: «Det va det æ ikkj villa ut med åt 'n Bendek.»

«Kofor det da?»

«Nei, æ brydd mæ ikkj om det. For det gjekk ikkj an. Men *skuld* æ det da?»

Ho såg både på han og ifrå han: Nei, når han ikkje syntes – –

«Ja?» lo han, – «ja det va det, sjer du!»

Da dei sat ved frukost-borde, gjekk det stilt for seg. Den eine kunde sjå bortpå den andre, men da hadde ikkje han auga sine den vegen.

Og sia utetter dagen vart det enda stillare; det tyngde og tyngde. Midt inn i det kom kirkeklokkene, og da fór det ein brennande styng gjennom Odin, det var jula og høgtida, det song så stort og gudelig, – hadde han havt klæane tørre og på seg, så hadde han rømt med ein gong, langt ut i marka nokonstads, for bygda ho hadde for sterkt eit mål.

Iver tok på seg ytterfrakken og stakk salmeboka i lomma. Så spurte han, og no var han rimelig i måle, om det var noko større guten hadde gjort. Elen fortalte

han hadde fare med ei borse, og så hadde han komme i skade for ein sau. Og så vilde han ikkje fortele kven ^[122] som var med han, la ho til. – Var det derfor dei jaga han? Jaså. Og det til svartatta? – Ja.

«E dem besætt dem? Det kan ikkj vara *te*. Best æ går dit og høyri.»

Han gjekk til kirka først. Straks etter middagen sa han det att. Han hadde fleire ålvorsord usnakka med han Bendek.

«Ja men, du ska ikkj gjera det,» seier Odin, han har reist seg så bleik at det skin av han. «Du gjer det ikkj, høyri du! det va mi skyld alt i hop!»

«Jaså, det e slik å forstå. Kund mest tru det ja.» Iver smiler ikkje så ein kan sjå det, men det gjer Odin stiv alt ned i føtene. «Ja, så ska du gå og be *omforladels*. Så mykji du veit det.»

Elen snur seg til han og seier det same. Ja, når ho sannar med han, blir det inga anna råd, seier han til seg sjøl. Du må da vel kunne klare det.

Han puska på seg og skulde i veg. Det var ikkje han, dette her, det var ein som ikkje skilde han, han mintes eit ord han hadde hørt på skolen: «Din skjitgut utu plassan!» – ein slik ein var det; ein som dei jaga dit dei lysta. Og no bar det i veg. Det var kvelden alt.

Da han er uti kjøkensvala, kjem mora, fullt påklædd. Ho fekk gå med han, seier ho. – Å, seier han. Det vart ikkje til meir; han vart så forundra. Det var han Odin likevel, som stod her, men han var ikkje stor.

^[123] «Æ skuld ha klara det ålein, mor. Trur æ da.»

Han opna døra. Nakne gråe kvelden vollane bortetter og skogjaren rundt, og fjelle stod hardt og stridt imot ein. Det ira gjennom han, at dette andlete hadde han vore ute for, det var uråd å stå seg imot det.

Han snur seg til mora, ho kjem og skal gå, han tek handa hennar og blåheld:

«Mor, dem e fali! Dem e fali all i hop!»

«Hi du ikkj vissta det før da, stakkar?»

«Nei. Men det nøtta ikkj imot dem!» han klyp henne liksom han er ifrå seg.

Ho blir ståande. Eit par gonger hører han ho sukker. No gret ho visst òg.

«Vi legg i veig da, mor! Det går vel, ska du sjå. Det pla da bli ei rå. Æ klemmi i veig ålein, gjer æ!»

«Villa du helst vara her hoss mæ lell da, Odin?»

«Æ kund no hjolp dæ å pass bane da.»

Ho hørte kor bortkomme det var, vaksemanns-måle i han. Ho stod litt enda. Så tok ho han i handa og gjekk inn.

Iver såg opp på dem, litt lenge. Var no den ferda gjort? spurte han. – Ja, svara ho berre. Odin sette seg på vedkassa attmed omnen. Han syntes han hadde romme sitt der. Det vart elles eit tak å halde seg vaken. – Han kan no hjelpe meg med å passe barne, hørte han mora sa. Og no vakna visst han Iver, der ^[124] han sat: *Det* kunde han ja, gutsøkkja, han måtte alltid kunne gjera rett for maten, heretter. – Ja, kom det ifrå Odin, han flytta seg litt på kassa.

– – – – Det vart ikkje trøyheit just å vera barnfostre. Det var ein bråksam og apsam liten uting til unge, ein utange som det aldri var fred å få for, støtt skulde han vera oppi hendene, og aldri sat han til lags og aldri hadde han den rette tingen i handa si. Mora gav han seg mindre om etter kvart, det var Odin all dagen; og det verste var at det var berre ein førkjeunge. – Du er glad i a litle-søster, meiner eg? sa mora ein dagen. Odin kjente han vart gloheit oppetter øyrstolane, det kjentes som han hadde fått seg ein luring der. – Hadde det berre vore ein gutunge, så, sa han. For elles var ho da snild nok, kreke, når han tenkte seg om. – Og litegrand mon er det vel i det, mor? – I kva for slag? – At eg er her, meinte eg. – Ja, du store min!

Da vart han sittande og smile fram i stua, til han ansa på det sjøl og tok seg att med ein rykk. Men det var det, at andlete hennar vart han like slug på; det kom aldri og fortalte han nokon ting. Iver var ikkje meir urimelig han enn andre. Det hadde hendt seg han hadde sett på Odin. Det hadde hendt seg han bad han springe eit erend for seg. Da voks Odin i vêre, og runda seg i ålbogane: det skulde bli gjort ja! Men eg kryp no ikkje for han like vel, sa han med seg siøl. Han sa det ofte, enda han undrast på kvifor han gjorde det, og likte seg ^[125] mindre for kvar gongen. Gong for gong sat han og hadde han for seg, dei var uti Kjelvikmarka, syntes han, han sette han fast berre med at han såg på han, og så tok han i så det

dønn i haugane: «Ut utu mitt hus, sei æg, hell så gjer æg dæg oløkkeli!» Han var sveitt når han samla seg, og Bendek-måle hørte han som ein herlig om langt unna.

Ein kvelden var han to-eina med mora i kjøkene. Dei andre hadde gått og lagt seg. Ho sitt og stoppar eit hol i sokke-tåa hans, og han står attmed og ser på. Da seier han, best det er:

«At du lett han der tassin liggji i kammerse i lag-med dæ!»

Ho vart kokande raudlett, og før han vardest, fekk han ein under øyra så han raga. Men ho vart ståande og sjå på han ei god stund.

«Du må da skjemm dæ, Odin!» – det hørtes halvt som ho bad for seg.

Han gjorde det. Han gjekk på lofte og la seg. Der hadde han si eiga seng. Drengen og tausa låg der òg, ved kvar sin vegg; men somtid låg dei i same senga, hadde han vorte for. Det var visst for det at dei hadde så mykje å kviskre om.

Dei låg der og kviskra i kveld òg, hørte han, og i kveld vart han liggande og høre på dem. Just da han skulde til å sovne, hørte han det sa, det var tausa: – Ho Elen! Nei, *ho* får da gi seg, både på den eine og den andre måten. Det skulde ha vore eg! Han skulde ikkje ha komme *der* for ofte!

[126] Det sprang rundt for Odin; det var så for umulig å tenke på. Til slutt var han langt uti marka og sat midt i eventyre: der hadde han folka sine rundt omkring seg, og så kom Tassen dit og sette opp kjeften sin, og dermed var dei over han. Da vart det synd i han, lystelig synd i han, men så kom 'n Odin, og han bad dem fara rådelig med kroken, han tok og leidde han heim til Vennestad: «Der hi du Tassin din, mor – slit med helsa! Farvel!»

Eventyre ja. Det var langt dit no. Han bles til det, mange gonger: Eg har vakse utor det no. Det blir annan tysing heretter, kar. Og sia blir det vel likare.

Ein dagen kom ein av Jørnstrand-ungane med ein klæ-pank ifrå Kjelvika. Det var klæane hans Odin. Iver stod og småblistra med seg sjøl ei stund; så sa han til Elen: Merkelig til folk, at dei ikkje *spør* ein gong. Bra han kom derifrå, trur eg. – Ja, sa Elen, men Odin syntes ho drog på det. – Jau, sa han, da Iver hadde gått ut, det var bra eg kom derifrå. – Du da! lo ho, du skal ikkje vera så skitvaksen i

snakke. – Ja men, eg har sett meg for at eg skal bli – –

Kva skulde han bli?

«Nå, det ska du vel få sjå.»

Ho sette i og lo, nokre høge blanke tonar, som datt av i ein to tre tynne riks, ho lo aldri ansles. – Ja, Gud veit korles det går, sa ho.

[127] Uti kårstua var det ei gjente no, til å stelle for Eilert, for han var gammal og liggande. Ho var søster til Tassen, hadde Odin forstått, og Kristine heitte ho. Ho var åre eldre enn han, og vel så det, og svært stor etter alderen. Ho var vond innvendig. Han såg det med ein gong. Ikkje for det just, at ho hadde raudt hår, og ikkje for det heller, at ho var så bleik og tjukk, men ho *var* det; og auga hennar sa det same. Han heldt seg unna henne, så godt han kunde, slik han heldt seg unna Iver. Kristine kunde sjå han inn under augelokka, syntes han, og da kaldflirte det rundt omkring han: «Din skjitgut utu plassan.» Karen-Anna torde han nauvt nok tenke på no; det vart ei stor skam. Heile Kjelvika vart ei skam.

Ein gong kom ho og stakk til han einkvart i eit papir. Det var sjokolade! Han vart så skjemt og glad, han torde ikkje sjå opp. Han vilde takke i handa. Da remja ho høgt, ho lo seg mest forderva:

«Trudd du det va allvår du da? å du søde min, san!»

Og før han fekk blunka, hadde ho teke det ifrå han. Han glåmte på henne som ein tunghørd ein. Ho var vakker! Ho var så kvit, ho blinda ein reint, og håre og auga hennar og heile gjenta, det var frammandt og utrulig for han, så underlig å sjå på.

Ho narra han ein gong til på same måten. – Dei er slik, sa han med seg sjøl, og det kom [128] for han at dei var mange. – Ja, Odin, sa mora, ho kom gåande framom, – det er likast, kanskje, at du held deg utor vegen for folk. Det var som ho visste alt i hop.

II.

Otte Setran hadde vorte ein kjent mann i bygda. Dei snakka om han, alle som

hadde vore i det gravøle. Dei kunde ikkje for vel greie ut kva han hadde sagt, det var ikkje så beint fram å seie det, men dei trudde dei skjønna han. Det var ei mild lære. Ho høvde her i lande; han kunde seie kva han vilde, han Klokkardauen. Ein såg no korles det gjekk, når ein vilde ta for langt frami. Som no på Håberg. Berre å rava til seg all verda: og ingenting att snart. Og på Segelsund der satt han Arthur og Fagergåsa hans og kava og kava, skulde lære all bygda spildernytt: berre dei ikkje fauk med lauve til hausten. Og elles alle saman, den tida fortienesta var innom her, ho gjorde folk galne i hovude, og no var det berre fattiglusa. I politikken same nøda, folk fór i veg og dømte både regjering og konge, det var mykje dei ikkje la på Vårherre òg, i same renne, og no stod dei der og kunde vente seg både krigen og ulukka, og skarven og kjeftauren hadde fått retten i lande, tart så lenge det kom eit nytt herk og tok råda tå dem. Ilt på alle leier.

Nei, var det ein som sa: han som kom ifrå Amerika, han visste meir hell som så. Der var [129] dei langt framme, og kva anna har ein fått vette sitt til, enn til å ta etter anna folk, i det som nytt og godt er. For, som han Otte sa, han: «Sætter eder ikke opp imot det Onde.» Det vil seie så mykje som så, at gjer du meg ei tenest, så gjer eg deg ei i staden; det er skrifta si lære.

Elles var det mange som gav heile stelle ein god dag. Den eine åt den andre, her i lande og rundt omkring i verda, ansles hadde det aldri vore, og slik fekk det skjeive og gå.

Otte for sin part sa ikkje meir. Han hadde teke til med snekkinga; så slapp ein å tenke seg hovudtullen på det som er eller skulde ha vore. Han sa det gjerne, når dei vilde innpå han: Det er ikkje visst eg har rett i det der; enno da. Det hastar ikkje. Ein må det vel komma ein gong, som ser det rette, og kan seie det så det vil skje.

Dei bad han til seg like vel. Han hadde snart vore i alle garane. Til slutt sa han tvert nei. Lina, søstra, sette på han, at dette var stygt av han. Da smilte han: Eg har vorte vår ein ting: at allstads der eg kjem, har dei ei giftandes dotter, minst. Der dei ikkje bed meg, har dei inga. – Du er rettelig ein einstøing, sa ho. – Ja; det var just derfor eg tenkte – –

Einast til Håberg kom han ofte. Det var dette skape. Ungdommen hadde fare i Åsel: ho kjente seg huga på eit nytt eitt, på eit lite ombytte i stua, som ho sa. Litt høvling og hamring skulde ha gjort godt, smilte ho, han fekk komma ^[130] hit og gjera det. – Nei, det trudde han ikkje han gjorde. Han var alt i gang med det heime; det var berre høgda om å gjera. Han måtte dit fleire vendingar og sjå på stua. Og for kvar gongen vårt han sittande lenger og snakke med Åsel.

Det var helst ein ting ho kom att til og krinsa i kring, og det var om dei burde sitte med heile garen lenger. Både ho og Kristen hadde gjort av det beste med seg for lenge sia, dei var ikkje til å sette i veg noko sætande meir; og ingen til å ta over han etter dem. No var alt Segelsund delt, og enda eit par garar i bygda, og rundt omkring dem var det folk som sleit med sjøen og ønska seg ein garpart.

Kunde ho gi ifrå seg garen da? spurte han ein dagen. Åsel sat og blunka og såg fram. – Eg tenkte det måtte svi, det? undrast han. Da smilte ho beint imot han, som ein smiler til barne: Ja? Det var vel ikkje noko å snakke om utan det? Men det kom an på kva som var rettast? – Rettast? Ja, det visste han ikkje. – Nei, ser du der! Nei, det er det som er det. Å gjera det, det måtte vel gå. Å vita det, det er verre. Så rart det kan hørast.

Det bevra oppi panna på henne, og andlete fekk ein lysraud dâm.

Andrea kom inn og sette seg med handarbeide sitt. Da sa ikkje Otte noko meir. Men Åsel var inne i sitt. – Skille seg av med det, det måtte vera rart. Sitte her og sjå at andre tok ^[131] det og gjekk i veg med det. Det skulde visst prøvast det òg. Andrea såg opp, og møtte auga til Otte. Da snudde dei litt på seg bae to, og såg ein annan veg.

Åsel skifta eine handa oppå den andre fort vekk. Ho hadde svarthuva på, – ho var snart den einaste om det, trudde Otte. Ikkje ei line i andlete tala om det ho hadde gått igjennom. – Kven er det som sett oss i veg, tru? sa ho. Som sett oss i veg, så vi må *prøve*? Her er for resten så stilt; som han far sa. Eg ser i avisane at det har vore mykje ståk her i lande, siste åra. Hit nådde det berre så vidt. Her vart inga uro. Og glad var eg. Det var så godt å sitte i mak ei tid og berre sjå. Attover og framover. Har du vorte vår den tingen, at det som er no, det er ikkje *til*? Det smett vekk imillom fingrane på oss og blir til einkvart som har vore; det

er berre det som har vore, og det som kjem.

Andrea såg opp att, ein hastig blunk frå Otte til Åsel. – Kok oss ein kaffedrope du, Andrea, sa Åsel rolig. – Her kan komma mangt enno, vil du seie. Det seier dei vel alle. Eg trur ikkje større på det. Kan det bli noko nytt utan det som *var* ein gong? Det skulde eg ha visst. *Om* det skulde berast til nokon gong.

Berast til? Otte hadde sitte og sett på henne, men no vakna han og såg kor ungt dette andlete var. Det brann eit mot i det, som han gjekk attende for. Denne anken som sat i ^[132] andletsdraga hennar, det var mot, mot på live, når det *bar til*. Han sat der som ein gammal og motlaus mann. Åsel hadde teke det litle han åtte og hadde lagt det til sitt.

Og no sat ho og tenkte på Elen. Henne nemnte ho aldri meir. Straks han hadde fått kaffe, gjekk han. Det var best han kom seg heim, sa han.

Han hadde teke kroken gjennom Vennestadgaren utan han merka det, for det var den vegen han ikkje vilde. Heile tida hørte han Åsel snakka, ei djup, gravande uro gjennom vindkast og stilla all bygda over.

Med det same han svingar om stabbure, kjem Elen ut på burstroppa med eit kjørel i handa. Ho ser ein gong på han og ein gong bortover garen til stallporten, der Iver står og sæler av gampen. Odin står attmed han og ser på.

«E det'n Odin du e ut og fer ette?» seier ho.

«E'n her, han da?»

«Ja. Og – – vil du ha'n kan du få'n.»

Han stod litt og såg på henne. Ho òg stod still.

«*Mein* du det der da, Elen?»

«Ja, for så slapp vi du fórⁿ²² her og rak oftar,» sa ho høgt så det hørtes heilt over garen.

Ho hadde hardna til i andletsdraga, og no skyndte ho seg framom han og inn.

Otte gjekk. Men bortved stallnova møter han Iver og guten; han stanar og helsar. Iver ^[133] svarar ikkje, han kostar høyrusk av trøya si og stryk av støvlane i snøen. Otte står og ser på guten. – Korles lever du da, Odin? Da ser Iver opp,

gråfrossen i andlete:

«Ka fan e det du fer her og smit ette? E det gut-såla du avundi oss?»

«Nei va det likt, æ gjekk berre æ *villa berre sjå'n!*»

«Så e det vel kjerringja mi du vil narra med dæ, æ kjenni strekern din!»

«Nei men høyr no, Iver –»

«Jau, det e ei pæn *lære* ja, men fóla du dæ ikkj vekk på timen no, da *tek* æ ette dæ!»

Otte vart bleik med det same, men så raudna han fort, vart mørk over heile andlete. Slik stod han ein heil minutt, minst. Odin vart skiftesvis raud og bleik. Han torde knapt sjå opp.

«Ja ja, Iver. Æ ska gå. Du kan vara trygg. Og du, Odin, du vil ikkj bli med mæ no heller?»

«Nei.»

«Stå ikkj og frest guten, din kjerringfut der du e!» Iver tok etter handfeng.

«Ja farvel da!»

Otte gjekk. Han sette foteblada godt ut, men han var litt tom i klæane å sjå til.

Odin vart for det meste sittande på vedkassa utover kvelden, med hendene ned i bukselomma, slik at dei knepte i hop over magen, for sunde lommer hadde han støtt. Ein gong smilte han, og sa det innvendig: Snudde seg og gjekk, gut, midt framfor nasen på han! Men ^[134]straks etter sukka han: Han er no ei sål da, kor som er. At han ikkje kan ta ifrå seg.

Drengen var på fiskja, og tausa hadde sett av bort i garane nokonstads etter kveldstid, så Odin måtte gå og legge seg åleine den kvelden. Han stod litt før det bar i veg. Da sa mora: Kanskje du vilde eg skulde vera med deg opp? For lys torde dei ikkje la han få med. – Vera med meg opp? – Ja. Vilde du ikkje det? – Nei da. Berre urande lite grande.

Ho kom og vart med han. Da ho held på og breier på han, seier ho:

«Vil du endeli vara her hoss mæ da, Odin?»

«Ja, du kan vara stø på æ bli her hoss dæ.»

«Obetinget!» lo ho, for dette var han Bendek som snakka nedi klæane.

– – – Otte var litt tomsen å sjå til om kvelden da han kom heim. – Eg meiner jamenn du går i giftartankar? sa Lina, ho hadde gått og sett på han eit tak. – Eg? Er du galen du? Han hadde tverstana framfor henne, stod som han hadde mista både tann og tunge. Men mest likna han ein som hadde komme i skade for å sjå inni seg sjøl, kom det for henne.

III.

I same veka kom Gurianna til Vennestad.

Ho var så utor det, ho kunde knapt bera opp målemne. Ho hadde sett seg, før dei rakk å be henne, og der sat ho. Auga glatt hit og dit. Folk gjekk ut og inn, vilde ikkje late som ^[135]dei undra seg større over henne. Men Odin kviskra til mora, han heldt på å gå for det av flir: Ho har raka seg, mor! Sia vart han ståande bortmed andre veggen og sjå på henne, langt og leitande. – Kan du ikkje spørre henne kva ho vil da! kviskra han, da mora kom i nærheita att.

«Jau takk, han Bendek vart klein han!» kom det dumpande på eit høve, og no fortalte ho både fort og gale: Han låg der og plagdes og hadde ilt både for bringa og i magen, og ikkje fekk han sova, og ikkje kunde dei få til kva slag sjukdom han drogst med; og der låg han, og liggande vart han, og no var det eitt han snakka i, og det var gutungen her, det var han Odin.

Dei visste ikkje av før ho gret midt framfor auga på dem, ho beit seg i leppa og skakka på andlete og fekk inga bukt med det, – så gav ho seg over og såg beint opp på dem, med tårane stod tjukt i dei rådville hundauga og rann som dei vilde nedetter kinna: Vi veit det, Elen, at vi bar oss åt gæli imot han, det er meir enn vi kan snakke om, vi trudde han hadde vorte reint vond imot oss, vi, og heile kvelden var vi ute og leita og ropa, og tidlig om morgonen, og da rekte vi fare etter han heilt hit, men vi torde ikkje gå inn her. Og meg kan de straffa med de vil, men det er han Bendek, såla, han som er liggande – eg hadde ikkje gått hit for mykje peng nei!

Elen stod og såg vekk. Andlete synte seg smalt og beinberrt i sola som fall inn.

[136] Dei hadde ikkje tenkt å be om meir, sa Gurianna da det hadde vore litt, det var om han vilde sjå åt dem, om han vilde komma og snakke med han Bendek, så han fekk høre dei ikkje var uforlikte; så han fekk sjå han, om ikkje anna. Og – vilde han bli der lenger, så, ja, så hadde dei sagt det slik seg imillom, at det litle som vart etter dem, det skulde han ha: husa og krøtera og dei skillingane som stod i banken. Han Bendek hadde skyldfolk, men dem vilde han ikkje snakke til.

Elen stod enno litt; så såg ho på Gurianna.

«Dokk veit, han gjer sæ ein sving dit. I morrå den dag. Meir kan ikkj æ lova Dokk.»

«Dokk fór no åt som no'n vettlausinga, det gjord Dokk,» sa Iver. «Men guten ska æ send bortover i morrå.»

«Ja Ja, gu velsign Dokk! det va meir hell vi – –»

Gurianna var på gonga att, kunde ikkje bie på kaffeen, ho måtte heim.

Men straks ho har gått, ruslar Odin opp på loftet, og da han kjem ned att, har han klæane sine i ein pank under armen. Dei sette store auga i han, vilde stana han midt på golvet.

«Nei vent no!» sa Iver. «Ka for slag?»

Guten såg med lystige augekriker oppetter han.

«Reisi du ifrå oss igjen da?» sa mora.

«Ja, det vart te det ja.»

[137] «Men kofor gjer du det da? Du som ikkj ein gong villa vara med'n – med'n – –»

«Ja, æ veit ikkj æ. Æ får no sjå dit.»

«Finns det ikkj stadiheit ti dæ da, gut?» sa Iver. «Lætt du'n gå da, Elen?»

«Ja, når'n endeli vil, så.»

Han tok att Gurianna nordpå Langbrekka, ho sat på ein stein og pusta seg opp. Førre var kleint, og ho var så sjelden ute og gjekk. Austavinden persa på, skulde ha vekk snøen i alle dalane og skogane og tørke åker og voll til sommars;

det kom for Odin at han sveitta attmed det arbeide. Nattvaka heldt alt på og song oppi haugen.

No trudde ikkje Gurianna auga sine, såg han. Da lo han; ho såg ut som ho var frossen kring munnen, det var armelig ho ikkje myklast og måtte i gråten att; jau, han måtte le, for her stod han midt framfor henne, og her hadde han panken sin!

Ho òg spurte kvifor han gjorde dette. – Du burde da heller ha vore heime, veit eg? Da hyfsa han på seg, og såg ut i vøre: Ja, men. Best det var, så fór eg. Og med seg sjøl sa han at han hadde ikkje vore nokon Odin minders han gjorde dette. Slik var det. – Merkelig! sa han, best dei gjekk. – Kva da? – Nei, ikkje noko. Men slik har det vore før òg. Eg har stått i knipa. Dei kjem og spør meg, og eg skal svara ja eller nei, og så veit eg det, men så gjer eg det ikkje. For dei *tren*g meg heime [138] på Vennestad! sa han og såg opp på henne. – Ja visst? – Ja, men så gjekk eg!

«Ja berre det va det rettast, stakkar!»

«Ubetinget! – – Men han Otte, han far min, det e ei sål te kar, han e både frøssin og forfæld!»

«Høy san?»

«Ja, for hellest mått'n no vel ha gjort det rettast for leng sia – vi ha vøri i Amerika heile kula! Han ha tikje med sæ både – –»

Han tok seg tvert i det. Og sia gjekk dei og ikkje sa noko, heilt til dei nådde fram.

Bendek var ikkje stort god til ⁿ²³ å snakke. Han hadde fått ein frammand hamlet, som skræmte Odin med det same, og auga i han dei hadde det vondt. Men dei følgde med Odin om dagane. – Kjenner du ikkje att deg? spurte han ein dagen. Odin vart ståande og stirre. – Jau, men. Jau, visst berre De kom opp snart, så. Bendek humrar så smått: Du seier noko, du. Men det kjennes umulig, for det første. Du får ta over styringa no du, heretter. Så blir det vaksenmann tå deg. Odin står og tenker seg om eit tak, med vaksenmanns-skrykkjer i panna. Så skyt han litt med akslene, og ser på skakke opp imot dei øvste vindaugsrutene:

«Ja, Dokk må no ikkj mein æ bli gåanes her all min dag.»

«Ikkj?»

«Nei. For æ må frami bygda – æ vil ikkj ha *det her!*»

[139] «Akt dæ no, ban!» Men så blir Bendek ålvorsam: Nei, han skulde ikkje bli her; det var ikkje meininga det. Det var berre som ein liten skole her, å rekne for. Så det vart merg i han!

Men Bendek hadde rett i det, at han kjente ikkje att seg i førstninga. Det var ikkje lett å finne att Kjelvika slik ho *var*. Her var lyse harde dagen, her som frami bygda. Han gjekk og venta; og litt med kvart kom det sigande inn på han, at det var her det var godt å vera.

Når Odin hadde vore ute og slite med veden eller torva, kom han gjerne og sette seg attmed senga. Bendek kunde vera utrulig kvikk når ikkje pina var over han, og da vilde han gjerne ha nokon å prate med. For kvar gongen Odin kom og sette seg bortåt han, syntes han han hadde vakse. Bendek måtte kunne sjå dagsmon på han. Og ein kvelden seier Bendek det:

«Du held på å bli breiar milla handbogan, mein æ? Ja, det trøngs, Odin. Nok tå dem som e smal der, san. Du bli retteli ein – –»

«Ka for slags ein da?»

«– ein tå gammelkaran. Ein juviking,» smiler Bendek.

Odin flatna i andlete. For kor visste han Bendek det ifrå, at han hadde gått og komme i hug dem her om dagane? Men no gav han seg ikkje om dem lenger. For dei hadde aldri sett kua i sjøen, og aldri hadde dei våga seg frami bygda, noko større; dei var som hedningar eller [140] dyr å tenke på. Nei, men han hadde vakse, det kjente han.

Arbeide vart han mest forundra over; det gjekk så fort med det. Veden var sundhoggen på inga stunda, og tørva heimbori og vatne med, – det måtte vera hjelp i at han kom her? Litt verre vart det, da krøtera skulde åt marka og sjøvêre tok til og blikka i sunde. Han hørte det på fuglen her var ikkje trygt lenger, det lokka og let over skjera så ein glømte det ein stod med. Han var nedpå leira i otta og grov seg mark, og først krøtera var inne om kvelden, la han i veg. Det var verst å komma heim åleine seinkvelds. Det var grått og stust nedmed nauste. Her måtte ha gått for seg einkvart ein gong i tida, det låg her og tagde enno og var

ikkje oppgjort. Og båten var for tung å sette opp åleine. Gurianna var det inga hjelp å få av. Ho suttra berre og bar seg, han smilte og hermtte det: «Æg e så ut bråka og ut tjåka, æg e ikkj te det slag meir! sjå: den som ikkj hi natta ro, han hi ikkj da'n go.» Sov gjorde ho elles tålig jamt, alt det han hadde merka. – Så la han heller båten i fjæra, og brynte han fram på floa om morgonen. Bendek han spurte om båten i eningen, det var som han bestfar Vennestad og hesten.

Kva vilde *han* med båt lenger, som låg og skulde døy? For det bar den vegen. Odin måtte smile når han såg Bendek tok inn einkvart eller smurte på seg og så påstod det gjorde mon. ^[141] Kallen trudde verkeleg han vart litt likare etter handa, og det same syntes Gurianna sjå. *Han* såg det vart kleinare og kleinare for kvar tida. Kvifor såg han det ikkje sjøl? Han gruva seg vel litt, no før det bar til, det måtte vera det. Og huskje var det visst. Odin stana for og tenkte på det, ein og annan gongen; han kunde bli nyfiken så han ønska det *kom* snart.

Men når Bendek var på det kleinaste og låg og anka seg, bleikna han utor. Da kom han i hug Vakkermannen, Vårherre, han som visste om det og hadde råd for det berre han vilde. – Du som kjenner han Bendek! kunde han seie, – du som veit kven han *er* for ein! Han fór sildgarna for folk ja, la han til litt spakare. Ja, men da var det dei som stal av han først; det kan du vera stø på!

Men *kvifor* hadde han Bendek vorte liggande? han kom i hug kua i sjøen, og oterbørssa og trollskapen, men han bles det ifrå seg straks: Det henda ikkje! slikt hadde dei vore ute for før i tida, han hadde liksom vore med dem og vasa seg framgjenom det, og no gav han seg ikkje om det meir. Det var så mangt, og ingen forstod det.

Han var snart borti andre tankar. For kven skulde gjera slåttonna i Kjelvika? Det nemnte dei aldri. Var dei så viss på han klara det? Ein elleve-åring? Da vart han namngjeten frami all bygda. Namngjeten no alt?

IV.

^[142] Men så kom Lauris dit. Han sat der ein dagen og drakk kaffe da Odin kom utor gjætlemarka. Han var ikkje stort større enn Odin, men han var fire år eldre

og såg ut som ein vaksen ein. Kvite seglduksbukser og blå busseronk hadde han, var rettelig ein fartykar å sjå til. Han hadde brune auga, eller gule eller kva dei kunde vera, og dei var over Odin i eitt vekk, så blanke og nærgåande, dei kringgjekk han og saumfór han, vilde gjera han til ein liten ein. Odin vart meir og meir bratt, han merka det sjøl òg.

Gurianna fortalte det: Denne kroppen her hadde komme hit og skulde hjelpe han i onna; han var av folke til Bendek, og var full slåttar; så no vart det ikkje verre å vera Odin heller. Bendek låg og sa ikkje noko. Endelig såg han opp. Auga hans var blakke, mest som auga i dau fisk, men Odin skjønna dem godt: han skulde ikkje ta seg nær av dette!

«Reisi du når onna e gjort da?» han såg til sides på frammandkaren.

Lauris bøyde seg ned til kaffekoppen sin og drakk, men han heldt auga på Odin, og dei kom nærmare og nærmare:

«Får bli her med du trøng mæ. Ka du gi mæ om dag?»

Odin kom seg snart over det, og lo:

[143] «Det kjem an på ka du dur te da.»

For vart han hastig no, eller sint, da vart han enda mindre til kar imot han der.

Det vart om å gjera å få grein på denne karen. Noko hørte han av Jørnstrandgutane, og meir fortalte han sjøl når han var på det føre. Han var frå ein gar som heiter Svestadmoen. Faren var ein Guds mann, ein av lesarane. Odin visste ikkje større om kva slag folk det var, og Lauris vilde ikkje ut med det. Men ein hardkar til far var det; han tukta ungane sine så det gjekk ord av det. – Vi måtte til skogs etter rise sjøl, fortalte han. – Men visst det ikkje var stort nok da? undrast Odin. – Da var det i veg på nytt; og dubbelt dengt. Dei andre vart snilde av det, smilte Lauris; dei er langt på vegen no. Eg? Å ja da, det gjorde mon på meg òg. Eg leita fram skarve kortstokken min og brente han sjøl, så far såg på. Så stal eg meg ei papp-plate og gjorde ein ny. Da spella vi des tryggare. Om peng ja? det var fanken så vel! Eg måtte nedi pungen hans far etter dei første kronene, – eg la dem der da eg hadde vunne det eg skulde. Sia hadde eg missionsbørse, visst det trongs. Du skulde ha havt meir juling du òg, kar. Så hadde du vore annan gut

til å tenke deg om. Tobakken hans fann eg, same kor han gjorde av han, å det var trøyheit, gut! Veit du kor han har sin, han *her*?

Odin vart raud, og såg oppråd i kring seg.

For han Bendek tålte han ikkje lenger, sa ^[144] Lauris og vart svært ålvorsam. Han kunde stryke med i ein to tre, om han glømte seg og tok seg ei skrå.

«Du narra mæ ikkj te det lell!» brast det ut av Odin.

Lauris flatna litt med det same. Men auga hans kom krypande opp etter Odin.

«Nei, han Bendek e ein snild mann, veit du.»

«Ja, ikkj sant?» Odin lysna over alt andlete. Og om litt la han til: «Nei, å vara tjuv, det e æ ingen hund på, som sagt.»

Han vart lei for det, straks han hadde sagt det. Han stod der som ein halvoren tjuv lel da. Og noko var det som fór igjenom han, det flara opp som lyne over marka nattens tid, at denne karen fekk han eit bask med ein gong, vart kanskje aldri ferdig med han; for slik såg ein fiende ut.

Ja, stod Lauris og smilte. Spella deg ut som ein tosk ja, da har du det snart kva dei er, dei du snakkar med.

For det første var han snild. Odin likte det ikkje, kunde ikkje meir hell laglig få det til å rime. Det vart mest dagvisst at Odin prøvde å terge opp han, så han skulde syne det rette andlete sitt. Men det kom aldri fram. Så var det ikkje anna å gjera enn å vera over han i alt dei tok seg til: han sømte lenger utpå sunde, han trilla tyngre torvbør, han tok luven frå han i matfate. Lauris sukka berre: Du Odin, du Odin; du er ein vålig kropp. Odin vart både ^[145] still og storøygd dei første gongene, det såg mest ut som han vilde fram og ta han i handa. Men ein dagen raudna han brått: – Det der meiner du ikkje! – Nei, ikkje du heller, veit eg? Lauris blinka gult imot han.

Da syntes Odin sjå kor barnslig han sjøl var. Han måtte vinne på han; men det hørte ungane til, og dei som levde i gamle dagar!

Ein dagen bar dei opp rekved frå sjøen. Odin kunde ikkje anna, han lesste på seg større og større bør, var stadig over Lauris. Så, da Odin ikkje vinn meir, tek han ei storbør og går med; Odin etter med maken, men må sleppe ned

halvparten på vegen. Gurianna kjem ut og får sjå børa Lauris har hivd ifrå seg. – Jøss for ei bør! gjøyser ho, det er vel di det der, Odin? Lauris er der ikkje, og Odin tørkar seg over panna: Ho var *tung*! Da han snur seg, står Lauris bortved nova og har hørt kvart orde. Han triv ein kjepp, han synes alt han har slått forderva dette flirande andlete. Da seier Lauris: Ikkje stel du, og ikkje lyg du, kva skal det bli tå deg tru?

Odin stod liksom han hadde komme opp utor kaldvatne. Så ser han opp på Lauris og ler:

«Det ska æ vel vetta å vask tå mæl!»

«Ja da, ja da!»

Odin vart still lenge etter.

Heile denne sommaren var Karen-Anna godt som glømt. Ein kvelden han fór og leita etter gjeitene vesti marka, gjekk dei seg på einannan. ^[146] Ho fekk så stilt eit andlet, da ho såg det var han. Ho var Havfrua like vel, den han hadde drømt om; ho var så vidunders vakker, og der stod ho og hørte han til. Men helst vilde han ha sprunge sin veg. Godvêrs-båra låg og sukla frammed kvite stranda, og i kring dem var det marka, med mosekollar og lyngflater, der sola stod på og skjlein med dirrande kveldraudt, og dulp og dæld, der smågrase grønte med nye letter i skuggen. Og Karen-Anna såg opp på han gong for gong, og somtid var det med små auga som tok rundt omkring han og var fulle av lått og kjæte, og somtid var det gjennom ein blågrå moe som gjorde vondt nokon stads. Ja, no tok han og gjekk sin veg; han stod ikkje her lenger. Men enda stod han. Han fekk ein skjelv i seg, – det var så lite om å gjera, syntes han, at han ikkje kasta seg over henne og gjorde henne einkvart urimelig, her midt i villaste marka, ho kunde aldri ha komme seg til unnrømmings! Ho var ikkje redd han ein gong? *No* fór han, og glad var han at han hadde komme seg laus, han måtte stane og kjenne på kor hjarte banka i han.

Ja mor, gjekk han og sa med seg sjøl. Eg er farlig, eg er ein juviking, eit juvik-naut, men eg skal aldri vera det meir; eg skal vera snild med henne.

Om natta var han og Lauris på seisjøen. Det var så utrulig vakkert eit vêt. Gråblank var sjøen, og gråblankt var lande, og rundt kringom ^[147] strendene susa

det og tona djupare og djupare; og anna var der ikkje. Da sa Odin, med dei kvilte på årane: Er det ikkje rart at det skal vera som avgjort førut kven vi skal *ha*?

Han kunde ha sprunge på sjøen, så skamfull vart han, no da han merka Lauris tok etter orda hans; og no snudde Lauris seg og såg på han. Men da Lauris gliste på det gulaste, smilte han berre og såg ut over sjøen. For her hadde han for seg ein liten ein, som han ikkje gav seg om.

«Det bli no berreste ei husmanns-førkj på dæ da,» sa Lauris.

Odin kvakk litt unna dei orda, og sat og tenkte på dem ei stund. Så sa han, at *det* vart no som han sjøl vilde. – Lat oss tru det, sa Lauris; og så rodde dei.

Før dei hadde inn høye, strauk Lauris sin veg. Det var liking til sild i vågane, og no slo han seg med eit notbruk. Odin vart så glad han blygdest ved det. Men av og til kjente han på seg, at enno var han ikkje ferdig med Lauris, det vanta visst mykje på det. Skulde ikkje vera det heller, det var for billig. Og nyst gjekk han her og tok *etter* han og skulde vinne over han. Men det var alt ei god stund sia.

Etter denne tida vart Odin sittande inne hoss Bendek halve dagen, og stundom halve natta med. Det bar visst til å døy med han Bendek no. Meir og meir skrukkut og gul vart han, og stundom kunde han vera så evig langt unna, det såg ikkje ut til han skulde komma att meir. ^[148] Så kunde han snu litt på hovude og leite etter Odin. Oftast sa han ikkje eit ord. Sjøen vaska nedi strandsteinane, vinden kosta oppi haugen; med kvart kom regnelingane og snerde frammed glase. Men somtid var det mest likt til han såg tvert igjennom Odin og langt attgjennom tidene. Ei natta låg han slik, da Odin vakna på stolen sin framfor senga. Han prøvde å smile, men andlete var ikkje til det.

«Menneskets hjertes tanke er ond fra hans ungdom av!» las han.

Det gav ein liten nygg i Odin; det var slike kalde ord. Bendek drog opp ei mengd med rukker i panna: Ja, det er ålvors snakk det, Odin. Eg ser meir hell det òg, no. Eg såg *deg* her i sta. Først folke ditt; den eine svarte båten etter den andre, dei rodde i kors og krok bortgjennom sunde og leita. Men du la til land her og spurte deg for; leita deg til bygds – eg såg deg så tydelig, såg enda kua hadde sleikt deg frami luggen. Men eg sa som sant var: eg visste ikkje vegen.

Han låg og anka seg eit tak, og imillom lya han på vêre. – Det driv på! sukka han. Går aldri trøytt nei. Vestavinden. Han og eg; han og eg. Han bar hit mang ei lita hjelp. La seg på tvert for meg mang ein vond gong. Vi var to skarvlaupar baa. Høyr'n vestom skjera: han er like frisk han! Skal han halde på der liksom eg aldri hadde vore til?

Da kjente Odin korles det måtte vera å døy. [149] Han gjorde ferda, i ein augeblink, ifrå alt som ein er og som ein ikkje *kan* fara ifrå. Men han retta på seg og sleit seg ifrå det med ein rykk: Det var så lenge enda til den tid!

Ånderne ... låg Bendek og grunda. «Anderne som ere i forvaring» Hadde Odin hørt snakk om dem? Ikkje det nei. Men du kjem vel etter det, du som får lærdommen. Eg veit berre mitt eg. Men *er* dei i forvaring? Trur du ikkje dei slepp laus somtid, dei rimeligaste tå dem? Eg har merka eitt og anna; det kjem sagt di tid òg. Dei styrer foten gale, og handa til det vonde, – dei er einig med deg når du stel, og sannar med deg når du lyg. Vera ikkje forfæld for det, Odin: Du blir dem for dryg. Og så er det dei av andre slage, dei som ikkje treng noko slag forvaring. Dei måtte nærme seg, tykkjer eg, visst vi stod still og ikkje skræmte dem? *Du* har dem med deg; eg kan merke det så vidt. Kva det var du sa Odin?

Odin hadde auga på lampa. – Kvifor er dei redd lyse tru? Dei du snakka om først? Dei er vekk med det same det blir tendt i? Han sat litt og stridde, og så retta han på seg, såg under lofte:

«Det e ikkj børsa som e skyld ti det, samma koles det e!»

Bendek lea på hovude. Litt etter seier han: Du er mørkredd? Det skal du ikkje skjemmast tå. Du vart aldri vaksen utan du hadde vore borti det, san. Tykkjer no eg da.

[150] Han var for trøytt, han vann ikkje å seie meir. Gurianna reiste på seg borti benken. Det var ho som låg der no. Ho såg på klokka og bad han gå og legge seg. Odin vilde helst ha vorte der, for enno kunde det hende Bendek sa nokre ord, og kven skulde så høre dem? Og på lofte – –

Da han kom opp på lofte, hørte han det sov bortmed andre veggen, i senga etter han Lauris. Ho Karen-Anna! no kom han i hug det. Ho var her og gjætte om dagane, og i kveld vart det for mørkt å gå heim. No først merka han kor kalde

klæane hadde vore på kroppen da han kom opp troppa. Enno tok det innpå han, og vindauga glåmte stort og tomt på han utanfrå.

Eit tak enno stod han der. Så klødde han av seg og stiltra bort til henne. – Det er berre eg! kviskra han, – her er så utrygt i natt, kan vi ikkje ligge i lag da? du og eg? Ho gjorde rom til han, og dei låg der tett innåt einannan under sengklæane til dei sveitta og knapt kunde puste. Ting for ting kom for han som han skulde ha sagt til henne, den eine tanken jaga den andre, og så vart det ikkje så han sa eit ord.

Om morgonen vakna dei i same blinka, og såg på einannan og vart stuss med. Dei låg med armane kring halsen på kvarandre. Ho vart logande raudlett. Men så vart auga mindre og mindre under dei lange grå augehåra, og [151] små lystige rukker samla seg ved augekrikene, smilehola kom fram i kinna:

«Kall og kjerring!» kviskra ho, og det var nær på ho lo høgt.

Så vakker hadde ho aldri synt seg for han før, det var knapt at det var henne. – Så skræmt som du ser ut! småflirte ho, – eg skal da ikkje skamraske deg! – Nei, men eg deg! kviskra han, og no kjente han han hadde ligge og bitt i hop tennene så det gjorde vondt. – Vi ligg så ihopfløkt, eg veit ikkje kva som hører meg eller deg til, sa ho, – er den her foten min?

Han stod opp, og klødde på seg attom fotenden av senga.

Var det *dei* som var her no? undrast han. For det var einkvan her som varskudde han – at han at han skulde ha seg vekk, eller korles det var. Han hadde rømt unna einkvart som vilde ta råda tå han og binde han for levetida, så han aldri vart Odin meir.

Eventyre? sa han med seg sjøl seinare på dagen. Nei, det er ikkje her, det har flytta.

Ei vekes tid etter var det slutt med Bendek. Pina sleit han sund framfor auga på dem. Da det var på det verste, sprang Odin til Vennestad og bad dem hente dokteren, straks, han stod framfor Iver og Elen og sa det, det var så vidt dei samla seg og kjente att han. Dokteren kom, men han kunde ikkje gjera noko. Det var for seint. Og så gav han Bendek nokre dropar og fór sin veg. Dropane linna

pina for ei stund, ^[152] men ho kom att like hardt, og Bendek vilde ikkje smaka dem oftare.

Odin heldt til utom veggen med siste striden stod på. Den låta der var han for veik for. Nyfikna hadde sitte som ein ring i nasen på han, alt frå han var urande liten: alt skulde han sjå og alt skulde han vita. No var døden her, og han var det raraste av alt i hop, men den vilde han ikkje vita noko om.

Det var blanke haustkvelden, med grønglans over håvollen og kvite båringar etter vinden som kom rennande. Kjelvika låg der rundt omkring, og var som ho *var*. Og inni stua der var døden og skulde ha han Bendek med seg, og ikkje ein var det som kunde halde han att. – Umulig! sukka han eit par gonger, med ein tjukk knute i halsen, men han måtte, likevel! han måtte få snudd seg og tenkt seg om, så døden og han kunde bli einig, nokon gong.

Gurianna kom og bad han inn.

Det hadde tagna i halsen til Bendek no. Han var død alt, syntes Odin. Bendek retta fram handa, og Odin tok henne. Han stod der og såg imot dei halvopne auga. Dei kjente han og vilde han vel. Så rettar Bendek på seg, tek etter vøre fleire gonger og finn det ikkje, og så er han inni striden att.

Odin stod der naken og kald og såg det gjekk for seg. Og slik hadde dei stått før, nokon, og sett det og ikkje forstått det, hadde ikkje fått meir botn i det enn han. Odin treiv ikring seg ^[153] med tanken: Vakkermannen, han måtte vera her no og ta han Bendek – det var da ein fæl nok ting å døy for det!

Slik sat det i han dei vekene han var der enda. Men innunder song det ein urliten tone, som vann seg til etterkvart, at når han kom seg herifrå og fekk sjå det frå andre kanten liksom, da måtte det bli tåligare. Folk måtte elles vera harde, der dei gjekk og tagde og visste om slikt.

Karen-Anna var det så vidt han såg om dagane. Det gjorde ikkje det grand meir, om han ikkje stod så stor for henne. Han skulde herifrå. – Heimlaus ja, svara han Gurianna, straks før han fór, ja men det blir alltid ei råd. – Reiser du no da? sa Karen-Anna, den dagen dei hadde fått opp potetene. – Ja, ho Gurianna skal på kåre no; her kjem nytt folk og tek over plassen. – Ja, eg veit det men. – Ja, eg skal sjå frami bygda. Det er dit eg *skal*.

Det var siste orda dei snakkast ved. Ho skulde heim, og han tok pøre sitt og la i veg til Vennestad.

FRAMI BYGDA

I.

^[154]Iver lest ikkje som han såg Odin da han kom heim, og det skulde mykje til at han vart vår han sia òg. Elen la merke til kor det tok guten. Det var snart ikkje anna enn Iver *han* såg. Han elska han knapt, og det same kunde det vera, tykte ho, men han hang med han og synte seg fram for han alt han var godtil, så ho kunde ha smilt med seg sjøl. Smått om senn tok han til å likne Iver, både når han stod og gjekk, og i det han sa og enda meir når han tagde.

Åsel kom til Vennestad av og til, etter den gongen Elen var heime. Ho hadde gjerne eit auge etter Odin. – Det blir mindre og mindre om ord i han, meiner eg? – Han snakkar vel nok, trudde Elen. – Ja. Men det var anna *vêr* i han, den tida han var i Kjelvika. – Ja, kan eg noko råd for det? Og eine kvelden la ho til, – det gjekk ein liten hard smil over andlete hennar: Han har vel ikkje likare pratarane å skytast på? Eg har no elles fleire born enn han ^[155]Odin. Sjå her, mor! du ser aldri den her. – Jauvisst ser eg henne, sa Åsel. Men Elen la frå seg ungen bortpå senga; ho bestmor såg henne ikkje lel. Og der var eitt til i emninga, såg Åsel, og det var *ho* glad for.

Da hører dei eit skrik utpå garen, og vognrammel, og ein hest som kjem tråvande. Dei spring til vindauga, men dei ser berre snurten av Bruna, i det ho skymtar framom og inn i stallporten, og Kristine, som står der liksom ho er handlaus og stirrer med tomme kjakar etter uferda.

Det var i våronna, og karane var utpå åkeren og kjørte ut gjødsel. Bruna var ingen unghest, men ho var litt skvetten for bikkvogna når dei velta lasse. Iver kjørte sjøl, og Odin var med og hakka i lasse som skulde breiast utover. Best det var skvatt Bruna til, og det så kvast at taumane fór utor handa på Iver, vognkista slår nedpå lasse og ryk av, og merra ligg i renne. Iver etter, men det var det ingen mon i. Odin har sett tilburden, og no endelig er det hans tur. Merra kjem i ein stor sving tett framom han, i fullt tvirenn, og han står ferdig, ser taumbukta under vogna og tek sikte på tøyelen, *no!* og der heng han og dinglar med lufta susande kring øyra som strie fossen. *Ptrro!* skrik han i eitt vekk, og lagar seg til nytt tak, men han blir slengt og slengt og skal til å misse samlinga. Tyngda av han heftar ikkje Bruna, ho flyg for live no, men sleppe kunde han ikkje om [156] han så vilde, han får dunk for dunk av vognarmen, og så ein stor, med det same dei fer over bekken. Iver spring etter og ropar: *slepp! slepp!* for no ber det inn på garen og i same renne beint inn i stallporten så det smalar i bordveggen.

Åsel og Elen stod der alt med guten, da Iver kom. Han såg blode stod utor munn og nase på han, og sette i som han var fullt rasande:

«At du ikkj sleft da, din svimling te gut! Du skuld ha pryl, skuld du!»

Slik kan ein forfæld ein sette i, tenkte Åsel. Ho tørkar blode med forklæe til Elen. Elen er bleik og tør knapt sjå på. Dei leier guten inn, og Iver gir seg til å stelle med Bruna. Han kjem etter til kjøkene, og seier høgt og hastig: Er det liv i han da? Odin har vore i svime med dei rengte av han klæane og vaska av han, men no rettar han på seg og seier så godt han kan:

«Ja da. Berre urliti næssablo. Vi knustra ein døra, men.»

Åsel handfór han fleire gonger, da dei hadde fått han på lofte, og så retta ho på ryggen og sa, at ho trudde han var heil innvendig. Elen stod som ho ikkje hadde hørt det. Så seier ho: Eg er glad lel, at det ikkje var *slik* laga. At det vart enden med han. Du får i veg etter dokteren da, Iver. Åsel stelte med han det beste ho kunde. Han hadde ei stor flære oppi hovude, og var klemt og skrubba over all kroppen. Han kvinka og bad for seg, når ho måtte vera hardhendt, men sia kviskra han at det var ikkje verdt [157] han Iver fekk vita om det, – eg kom ikkje i hug meg, sa han. – Stakars liten tull! sukka ho. Er du så glad i han styfar da?

Odin gjorde store auga. – Vilde du ikkje heller komma og vera hoss meg da? Eg er da mormora di? Da han hadde tenkt på det ei stund, sa han: Nei, det går ikkje godt an det heller. – Ikkje det? – Nei. For da vart ho mor åleine igjen. – Nei nei, Odin. Du har rett i det. Ein må ha seg eit rom einkvan staden. Der ein *trengs*. Og – når tida kjem, så kjem du. Til Håberg, meiner eg.

Dokteren kom og plåstra han og nesta han i hop. Odin gjorde seg stiv, og stod det over.

Elen merka at guten vart ansles etter den dagen, både imot henne og Iver. Han smaug ikkje frammed veggen lenger og tagg seg rom. Sprang gjorde han, straks Iver bad ham om einkvart, og leike seg såg dei knapt han gjorde. Men han kunde sjå på dem somtid, liksom han undrast over kva dei hadde her å gjera. Av og til tok han oppatt orda deira og *vog* dem med seg sjøl. Eit par gonger lo han beint opp i andlete til Iver, så Elen vart spritande raud. Iver heldt på og skjefte øksa si ein dagen utpå hausten. – Det blir ikkje kleint grevskaft det der, sa guten. – Kan *du* gjera likare øksskaft da? Iver såg kvast opp. – Nei, ikkje enno, men.

Da vesleguten kom til, vilde han ikkje sjå ut i kammerse til mora ein gong. Og sia måtte ho true han til å ta barne. Det såg ut som han ^[158] vilde kaste det, og straks etter fann ho att det bortpå senga.

«Du gjer no vel det fer mæ, Odin?» sa ho ein gong.

Da fór det som iskalde vinden over andlete hans; han stod og såg på henne utan å blunke.

«Du, som ligg i lagmed *han!*» kom det; det var lite om å gjera at han ikkje gret.

«Du veit vel ka Vakkermann' sei: at du ska hædre –»

«– fader og moder ja! Ja. Og,» – han stod litt og snudde seg ifrå henne, – «så e det ånderne som er i forvaring, og alt det der – æ trur ikkj på dem lenger!»

«Nei? Ka slags tull e det du –»

«Tull? Det står no i bibeln. Hi du alder merka dem du da?»

I det same kjem Iver drivande inn. Han kjem kvast: No hadde ho vore i mjølbingen att og teke til kyrne! Og han, som hadde forbydd henne det både to og

tre gonger! Han såg fortærande på henne, og enda kaldare snudde han seg ifrå henne. Ho stod att både raud og skjemt.

«Det va æ som gjord det,» sa Odin. ⁿ²⁴ «Åt nybærskua.»

Iver og Elen såg like undersamt på han. Det såg ut som Iver vilde løfte foten og spenne brokk på han, men i staden snur han seg til Elen og kaldflirer: Ja, så var det ikkje du da, den der gongen. Det er elles same tye i dykk ^[159] baa to. *Du* kan vel ja, som har vore i Kjelvika! Men rikka du deg ein gong til –

Odin smilte skamlaust oppi andlete til han.

Elen kom etter Odin utom døra. Ho hadde tårane i auga.

«Du må ikkj lyg oftare, Odin!»

«Ingen fara med *di*. Osså kan du byst imot' n sjøl da, ein annangong.»

Ho stod og såg han for seg etter han hadde gått: Han stod med lyse låtten og såg på henne, auga var ikkje blå, såg ho, dei var grå, men det skjein blått av dem lel, og andlete det opna seg des meir ho såg på det, vart lysare og sterkare, som lande i godvêre, – så snudde han seg og gjekk sin veg. – Det er vel på vona om det blir folk tå deg, smilte ho. Det får bli det det vil, i Guds namn.

Sia hendte det gong for gong, at han tok av for henne. Om ikkje anna, så kom han gjerne slengande og var til stades når Iver ikkje var blid på henne, og da var det ikkje noko bitt for Iver lenger. – Ka er det *du* kjem etter? sa ho til han ein gong. Eg har ikkje sendt noko bud på deg – han Iver må vel ha lov til å seie meininga si, for deg? Odin såg litegrand langlett på henne; men da han gjekk sin veg, smilte han.

II.

Vinteren før Odin skulde gå for presten, stedde Lauris seg til dreng borti Mikkalstu'n på Vennestad. Odin spurte opp att eit par ^[160] gonger før han trudde det. Og enda hadde han gått og venta Lauris heile tida.

Borti Mikkalstu'n hadde Odin knappast sett foten sia han var urliten. Dei var så kalde, folka der. No kom han dit oftare og oftare. Sundagskvelden samlast der

gjærne mykjen ungdom. Der var ein totre giftandes døtrer heime, og den nye drengen var det slikt liv i. Med kvart dansa dei. Kristine var der støtt, for ho hadde fått presthanda av seg i fjor, og fekk lov. – Odin gjekk utan lov. For meg kan han fara kor i sytten han vil, sa Iver, og Elen sa, at det var ikkje sagt han tok noko tukkt av henne lenger.

For Odin var det som å komma uti villaste Kjelvika att, han kjente att seg som ein liten og forvilla ein, som stod framfor ting etter ting og undra seg og vart aldri ferdig med det; det var her og ikkje der at eventyre var.

Dei kunde sitte i mørkningen oppå lofta, gutane, eit utrulig stort og vidt loft, med mørklofte tett over hovude på dei vaksne stakallane og med senger frammed veggene, og ved eine veggen var røre ifrå omnen nede, så der var det varmt nok i all slag vêr. Da røykte dei, vaksnekarane, så halvmørkre stod blått i kring dem. Somtid hadde dei på flaska, og det var det store sjøl, ho gjekk som høgtida i millom dem, ein gong eller to gonger, og så kom ho bort att. Odin kom seg knapt til å smaka, om det bar til at dei baud han. Ofte sat dei og småsnakka om gjentene, halve ord og meiningar berre, som kom ^[161] utor mørkre og gjekk til mørkre att, små blenk som spurte og lo og fortalte. Odin syntes det var som flaska, så ulovlig å høre på, og ikkje til å undvera. Verda rann full av kviskrande mørker, med lofter og senger og lange nætter som få visste om; eit og anna andlete lyste fram og lo med løynske auga og vart borte att. Midt inne i det kunde dragspelle ta til å låte: nokre små minningar utanfrå marka og sjøen og den tida, ein to-tre takter frå dansarnættene og framtida og ugudelige lukka; det reiv så forunderlig søtt og sårt i ein. I eine stunda var ein ørande liten og utanfor, og så bar det fram gjennom heile live i ein sus, for det var han og ingen annan det venta på.

Nede sat gjentene og hadde sitt for seg. På lofte torde dei ikkje når *stakallane* var der. Odin vart kald og forstod dem; dei fekk halde seg unna her. Så bar det ned til dem, og så leika dei jul-leik i mørkre, med kviskring og kvin, det eine påfunne dummare enn det andre, og trøysamt var det alt i hop. Ein kunde bli sittande på fange til ei gjente før ein ansa seg og ha armen hennar kring ryggen sin. Best det var, tendte Lauris i ei stikke og lyste på dem. Ein gong gjorde ein annan det, og da sat Lauris og Kristine og tviheldt eiannan borti benken, – det

gjorde ingen ting!

Da var dragspelle der att, og no reiv det han klår i nordvesten: All verda og herligheita synte det fram for ein, snaue Kjelvikstranda og ^[162]sunde, som berre månen skjein på, og all bygda, og alle bygdene, der folke og lukka heldt til; og ein stor og sterk ein raga framgjenom det og tok seg veg, – det måtte vera uransakelig rart å bli vaksen! Så tendte dei lampa, og så dansa dei.

Odin kunde gå midt inne i det halve veka etter. Rett som det var såg han dansen for seg: Slik vogga dei i veg; så vakre var dei når dei svinga seg. Hårfluren til Kristine kom fram under lampa, og det kvite mjuke andlete, og slik var det ho heldt omkring dansaren når det var han Lauris. Det gjekk ein kald-eling gjenom kroppen: Om nættene somtid var han Lauris på lofte hoss henne.

Somme kveldane kom han Iver dit og sat ei stund, og gjerne nokre andre av grannane. Da vart det ingen dans, men kveldstunda vart ikkje mindre for det. Dei sat og prata. Dei fortalte berre einkvart som hadde hendt i bygda, no eller før i tida. For Odin var det historie og eventyr; han glømte bort seg så han kunde finne seg att med halvopen munn. Det var slikt makt i det som hadde gått for seg, det var ei tyngd å kjenne på. Ein gong snakka dei om ein frå Juvika, ein grov hedning til kar, som jaga folk på sjøen. Ein annan gong fortalte dei om han gamle Anders Håberg; det hadde òg vore eit vålig menneske. Dei tagna da dei vart vår at *han* sat der, og han ryktest bein på stolen. Han sat midt imillom dem og var vaksen ^[163]kar. Ofte bar det borti politikken med dem, og da var dei tunghendte med kvarandre, han undrast at den eine ikkje *tok* borti den andre sistpå. Ein kvelden snakkast dei ved lågt og varsamt, det var ikkje botn å få i det, anna enn at det var nokon i bygda dei vilde *innpå*; dei svor seg i hop, syntes han, det kom til å skje einkvart og det snart. Han gjekk og bar det i seg lenge etter, tok det fram og let det vekse for seg, til det stod i ein strid all bygda over, som i grommaste gammaldagane. Men det spurdest ikkje noko meir. Dei fekk det vel ikkje til å brenne inn, eller kor vart det tå dem?

Folke i bygda vart til noko trøysamt likevel. Dei vart som skjelene han leika med ein gong, langt unna liksom, men meir levande enda enn dei *var*. Slik hadde han havt for seg vikingane; dei gjorde det han vilde ha dem til; mange sterke ting.

Gong og annan hørte han dei nemnte far hans. Det var ikkje noko meir å fortele om han, som han hadde sagt eller gjort. Dei nemnte han berre, som eit under midt i bygda. Han var ein tust å kalle, alt det Odin kunde forstå, men enda hørtes det som han skulde ha vunne over dem. No nyst hadde han kjøpt seg ein liten gar på denne sida fjorden, hadde kjøpt skamdyrt og let dem enda snyte seg med opne auga etterpå, og der dreiv han og snekkerte. Han skulde få seld eitt og anna til rikfolk i byen. [164] Han var dem ein konstig knekt. Odin syntes ikkje det skilde seg.

Det vart full sommar med ein gong det åre, mairegn og junivarmer, det grøntes og blomstra på topp og tuve, så folk knapt trudde auga sine. Soldagane la seg for over lande og heldt helg veka lang, og sommargrønne glansen dirra over vollen og skogen, det var så ung og kåt ei lukke. Stund-imillom kom regne. Det auste ned, ein flaum med velgjerd, det skjein i væte og groe så hjartans ovmodig og uforfælt. Så radde blanke solskine att.

Sankthans-natta var ungdommen på Leira og dansa. Den natta var det blåaste og vakraste Odin hadde opplevd. Låglenda seig inn i kvitnande dogg, men skogen og garane levna til med nye andlet i sømnen, og fjella rundt omkring stod store og stille og blåna. Langt ute såg ein skjera imot himmelen.

Odin dansa ikkje stort. Han kom så bort i dansen. Han stod heller og såg på, og hørte kor slåttane gjekk millom fjella; dei fanga så djup og einslig ein tone da. Der såg han Karen-Anna millom dei andre. Ho dansa så lystig som nokon ein. Liksom ho aldri hadde vore uti Kjelvik-marka.

Da gjekk han opp på høgda, der dei elda, og sat der og såg på elden frå andre bygder, der annan ungdom heldt til med si moro. Han ønska seg attende til Kjelvikmarka. – Men ein gong skal eg gå ned og *danse*, gitar! sa han, [165] best han sat. Det hastar ikkje, men det skal bli. – Det blir vel når han far din får assurancen det? var det ein som sa. Odin glåmte på han. – Ikkje å seie noko om det, sa Lauris, – han har ikkje hørt det enda han. Kom Odin! sa han, og gav seg til å stige nedetter bratta.

Men Odin vilde vita det. Hjarte hadde gitt seg til å banke, han hørte det og undrast. – Så, du veit ikkje han brente opp husa sine her i før-natt? Dei brann

opp, rettare sagt. Enten blir'n rik no, hell så –

«Du lyg!» sette Odin i. Og før han vardest, var han midt inni heite krigen. Han gjekk villmann i mot dem, han var så harm at gråten vilde kvæve han. – Du lyg! det var det einaste han fekk fram. Det kom for han noko slikt som at dei skulde lystre og tie, han slo til den første og nærmaste som berre drog på smilen. Han brukte handfeng sistpå. Endelig hadde dei han under seg og tok til å gi han det han skulde ha.

Da kom Lauris og berga han. Han var enda med han nedtil bekken og fekk vaska av han blode. Vakse folk kom til og stod og tagde, eller sa eitt og anna orde. Så ser Odin opp, møter eit par tankefattige andlet og smiler til dem. Han legg i veg borttil dansarvollen, og dansar til blanke morgonen.

Han sov utetter dagen, var i kjøkene og fekk seg litt mat, og sia rak han austover vegen. Da kom faren gånede etter han. Først kom han ikkje på kven det var, fekk berre sneven [166] av ei uro i seg, han syntes han skulde stane, men gjorde det ikkje. No var han der, og helsa. – Han har skjegg og åsyn som Jesus, tenkte Odin, kva skal slikt vera godt for. Dei gjekk side om side.

Det hadde vore ein floing med Odin sov. Det skjein svartblankt av dei regnvåte berga, dei stod der som dei var slipa i sol. Med kvart stod strålane tvert attende frå dem og råkete ein beint i syna. Da litt hadde vore, kom sola bort. Ein ny floing sette opp.

Faren gjekk og såg ned, men han kremta av og til, og Odin kjente at no spurte han snart om einkvart. – Jaså, du har vore på Leira i natt, sa Otte. – Ja, det forstår seg. Eg kom opp å slåss, du har vel hørt det? – Ja, så vidt. No snudde han andlete imot Odin. Det var fint og stilt, likna ikkje på noko han hadde sett. Skjegge det var mjukt som silke. Han smilte som ein annan unggut: – Ja, det er vel så det, Odin. Men du skulde vera større enn dem. Du skal aldri sette hardt imot hardt, no når du vil bli vaksen. Det er som å slåss med feiaren det: du kan vinne, men du blir svart. Den som er vaksen nok til det, han snur heller andre sia til når dei slår han.

Odin gjekk og tumla med det eit tak, og så seier han: Har det brunne hoss deg? – Ja, Odin, det har det ja. Kvar ein smitter og smule. Og no vil dei

tjuvkjenne meg; at eg har sett på varmen ^[167] sjøl. – Ja? – Dei får vel det da.
Sannheita kjem opp til slutt.

Odin fekk brennraude flekker oppetter vangane. Han lo, men det var hardt.

«Ja, æ veit det der. Men det smaka mæ ikkj – tvi fan rett!»

Otte gjekk og såg like ens på han. Fine små rukker krusa seg i panna på han og under auga, det var visst nær på han lo.

No stod regne over dem, og Odin måtte snu. Skya bygde seg opp som fjellvegg over fjellvegg rundt omkring, og lande var mørkgrønt nedunder, snudde andlete imot ein så tungt til modes. Skjera og bergstrendene på andre sida fjorden lyste underlig kvitt og nær ved unna floingen, liksom dei vilde seie at dei var slik dei var. – Det bløyte han til skinne før han nådde heim. Han sprang og lo, med regnvêre lyste av andlete på han: – Det var no godt eg fekk sagt det lel!

Med han var borte, hadde Ola Håberg vore der og snakka med Elen. Ho nemnte det ikkje før dei vart toeina, da han heldt på bytta klæa. – Sei meg no, Odin, kva du helst vil bli? – Bli? – Ja, han Ola Håberg var her, han morbror. Han er ikkje den som fer og vil hjelpe folk, sa han. Men deg kunde det kanskje bli einkvart tå; visst du vilde vera folk. – Ja vel, eg var i hop med einkvan i natt, dei kom og sa han far var ein kjeltring. – Han fortalte det. Elen såg tungsint på han. Visst du vilde bort ^[168] og lære noko, sa han, så skulde han sjå kva han kunde gjera. Visst du stelte deg så du slapp fram for presten, sa han enda. For du hadde vore dyktig på skolen.

Odin merka både angsten og gleda i andletsdraga hennar.

«Da vil æ te sjøs!» sa han.

«Det får du ikkj, Odin! du får ikkj reis ifrå mæ!»

«Nei, du veit, æ meint ikkj det heller, for allvor.» Han såg på henne enda ein gong. «Trur du ikkj det bli folk tå mæ da?»

Det var så sterk ein lovnad i dei orda, ho undrast ikkje han gjekk sin veg.

III.

Ein kvelden rodde Odin og Lauris på seisjøen i lag. Dei rodde elles på kvar sin båt.

Det var blankvêre, og smått med fiskevona, og dei måtte heilt ut til Leinlandsoddane før dei fekk kokefisk. Sølvblanke sommarnatta kring alle skjera og strendene, og godvêrsblånaen skapte om lande innover, det vart så langt dit. Folke derinne vart som ein draum å minnast.

Det var ikkje mange orda i Lauris heller i natt. Det hadde vore litt stust imillom dem sia den kvelden her i sommar, da Odin berga han: Dei låg utpå taren og kapprodde etter seien, det var om å komma først oppi stimen når han ovra seg; det var blankstilla og litt sjøbord i. Da ^[169]svingar Lauris for knapt inn til taren, og i det same går grunnen til falls og tek han. Sjølve brotte fekk han ikkje, men båten dansa i veg så seitrøene fór bortetter sjøen, og før ein fekk sukk for seg, var kjølen i vêre. Odin rodde borttil og fekk Lauris inn, og sia retta dei kolve og samla opp det som flaut. Dei lo da det var overstått, og Lauris ikkje minst. Men Odin hadde merka litt om senn at Lauris kom i hug det og likte det ikkje. Eit par gonger hadde han komme med eit ord om at Odin hadde fortalt det heime. Odin *hadde* fortalt det; det var da såpass til varp han hadde gjort? No var det for seint å anke seg for det, – og ein som var snort i lengda slik, gav han seg sytten om; den måtte han smile til. Desutan kitla det i han rett som det var: kva kunde han Lauris finne på å gjera ein for det der? Kvifor kom han ikkje med det? Men venner hadde dei vore. Lauris var eit godt menneske, langt inne ein stad, syntes Odin.

Seien vilde ikkje meir, og dei låg utpå ei vik og tenkte på heimroren.

Da bynte Lauris å snakke om gjentene. Han tendte pipa, og sat og såg kast og anna på Odin. – Du! bles han og såg etter røyken. Du som ikkje har vore på loft eller lemm enda. Nei, men eg veit om ei, eg, ho er no blomsteren da! Her, oppi Vika gut. Ja du minns da henne? Ho Karen-Anna Jørnstranda, Karen-Anna Jensen som ho kallar seg no. Når *du* rodde heim om kveldane – he? Vart du aldri vår at eg gav ^[170]meg etter her? – Har du vore hoss henne da? – Ja, det var da eg som var der? – Ja ja men. Men du fekk no ikkje ligge der da? Det hørtes som Odin hadde vakna og ikkje visste kor han var. – Jaså, ikkje det no! Lauris vart

rukkut oppgjenom panna. Det kjem meir an på korles det gjekk deg. Men henne vil eg ha for meg sjøl, for resten. Ho er 16 år alt, ho er takandes gjente.

Odin kom i hug at Karen-Anna vart konfirmert i fjor, i lag med Kristine. Ho stod så fortenkt på kirkegolve. Ho var vakrare enn alle dei andre, og det var han åleine om å sjå. Men sia hadde han ikkje komme i hug henne; han hadde berre gått med det i seg, at der skulde vera ein god og kostbar ting ein staden. Lauris hadde ikkje vore hoss henne, han laug der han sat. Hoss Kristine hadde han vore, det var ein annan ting.

Skulde dei ro dit? spurte Lauris. Odin raudna: *Det* kunde dei alltid. Og dei gjorde det. Da dei var i støa, sa Lauris: Ja, skal eg? – eller du? For ein må passe båten, veit du; så kan han gjera opp fisken. Odin prøvde å tenke seg om, men tankane småsprang hit og dit for han, og så hoppa han i land.

Han måtte dit. Det ranns for han som noko gammalt og visst, at han og Lauris skulde bitast om ei gjente, dei skulde slåss kanskje så blode rann, så siste bloddropen rann, det var det som var ungdommen og live, og slik var det dei fór, [171] gammalkarane, det kjente han på seg. Og dette skulde ho Kristine få vita, og ho Karen-Anna ho hørte han og ingen annan til, – og korles var det i grunnen å komma til ei gjente slik? – Du må ha prøvd det, for kva er du elles? sa han med seg sjøl, og i veg bar det: opp over vegen og fram over tune beint på låvebrua. All ting så stod det stilt og såg etter han, blomsteren og husa og fjella stod still og undra seg: Kva var det som hadde komme i han Odin no? Han stana og drog anda, kjente kor hjarte banka i seg, – og kvifor torde ikkje han Lauris? Passe båten? tøv åt meg! Hjardebankinga syg han med seg, låvebrua opp og inn på lemnen, og slik måtte det kjennast å vera Lauris, å vera fri fant og ikkje sitte fast i nokon ting; eit rart liv.

Ho låg der åleine og sov. Han sette seg attmed henne. Ho vart redd med det same, ho kjente ikkje att han. Endelig gjorde ho rom til han.

«Men e det du da?» sa ho.

«Ja visst e det æ ja.»

«E du ålein da? Va du ikkj i lag-med 'n Lauris på sjøen da?»

«Jaså, du hi greia på den karen? Jau, han sitt og passa båten han. Visst 'n ikkj

e hoss ei anna veikj no da, han fer mangstads den karen»

«Det trur æ alder. Ja, fer resten – –»

Ho er litt tangst av seg. Det er armelig han får handa hennar under hovude.

[172] «Trudd du ikkj det va æ som kom da? Trudd du det va 'n Lauris?»

Ho var så fin og god. Ho visste ikkje kva vondt var. Han ligg ei lang stund, tenker ikkje på å røre henne. Han synes han blir som henne. Men no kjenner ho visst ho hører han til, som ho gjorde før; ho tek handa kring halsen hans; ho pustar tett innåt han, enda tettare innåt han.

– – – Han hadde sovna, og sprang opp og til døra. Sola skin i alle fjella, og fuglen er i fullt skrik utpå taren. Det er dagen. Han hører ho ler, den gamle skøyarlåtten sin, og auga hennar ser han for seg, dei er tirande blanke og fulle av trøyheit, no da han er for sein og på sprange. Men at ho kunde le no? For det kunde Kristine ha gjort. – Du får ha godnatt da! han famla i huva si og fór. Han hørte ho ropa *natt* etter han.

Morgondåmen var som eit hefte å springe igjennom, han la seg for bringa som ei søt tyngd og blinda tankane.

Båten var der ikkje. Var ikkje å sjå nokonstads. Nei, og ikkje burde han ha venta det heller, det var lysan dagen, og Lauris og han dei var ikkje venner, og skulde ikkje vera det ein gong. Odin stod rolig og smilte: Var det ikkje verre pusse han Lauris kunde gjera ein? Det var landvegen heim, og flust med tid. Resten vart det alltid ei råd med.

I heimvegen møter han tre mann som kjem og skal på urs-sjøen. Han går seg på dem i ein [173] sving, og tek hardhuda på seg og helsar liksom han kjem frå kirka eller krambua, – Jaså, han var ute og gjekk? På den her tida? Dei stod der og var småøygde og lukkelige, og han svara med same blunken. Han kunde gjerne ha tilstått det med *ord*, kor han kom ifrå.

Han tok beinvegen over myra til Håbergvågen, og der var Lauris enda, hadde såvidt fått opp naustdøra. – Når du aldri kom så, sa Lauris. Odin lo berre. Og no var det straks ansles å komma i hug Karen-Anna og natta på låven. Nei, han hadde ikkje drømt det, det var han og ikkje Lauris ho var god med. Og var det

gale, så fann dei han her.

Dei sette inn båten, og tok fisken og gjekk. Lauris spurte ikkje om nokon ting. Dei var to vaksne karar; og forlikte som dei hadde vore.

Det var ikkje lenge etter, så tok Kristine til å sjå på han når ho kom framom han, og ein kvelden spurte ho korles det stod til i Vika.

Odin vart ikkje forfælt for det. Han vart forfælt over at han stod ferdig til å ta etter henne òg. For korles gjekk det visst han det gjorde? Da hadde han Lauris vorte for veik att. Og ingen til å vera glad over det. – Og du, som skal på kirkegolve i morgo? lo ho, ho såg opp og ned over han. Han merka han vart raudlett, og det arga han seg over.

Sia hørte han ord og anna som var ute og kleip etter han. Ein kvelden tok mora han for seg på tomanns-hand: Det er no vel ikkje sant, ^[174] Odin, det dei forteler om deg? – Han stod like vis og såg på henne. – At du har vore på lemme i Vika hoss den der førkjungen? – Er du ikkje frisk du? lo han. – Nei, det var det eg visste at det var ikkje sant. Du som går for presten, og så *fer* du ikkje slik, det veit eg. – Nei, eg kan aldri tru det. – Du snakkar sant, veit eg? Til meg? Odin vart raudflekkut oppetter kinna, men han smilte berre: – Eg skal vel ikkje vera skrønemakar all min dag? Da trudde ho han. – Eg vart henne for sterk, den der gongen, tenkte han.

For det var eit spørsmål om makta, han såg det no og vart undren over det. Det var den som skulde til. For elles vart det berre ingenting, alt i hop, da vart ein gåande som – ja, som han far!

«Det smaka mæ ikkj!» sa han. «Og ho Karen-Anna e no blomstern da.»

IV.

Men laurdagen før konfirmasjonen vart han bedt opp på prestlofte da dei skulde gå heim. Presten sat bortmed borde og snudde ryggen til han, men bad han sette seg. Odin var meir nyfiken enn redd. Enten var det *det*, eller så var det einkvart storveges, noko slikt som klokkaren hadde nemnt til ho mor. No snudde presten seg. Da såg Odin kva det var, og skjelvingane fór han heilt ned i både kne

og legg.

[175] Presten hadde hørt noko om han. Han vilde vone det var ikkje sant; for Odin hadde vore ein flink konfirmant, ein svært flink konfirmant, og hadde gitt inntrykk av å vera ein gut med *framtid*.

Odin tok åt seg auga, men dei retta seg opp att av seg sjøl og heldt ut presten sine.

«Nu spør jeg dig, Odin: Har du vært på låven hoss en pike i – ja, hvor var det det var?»

«Veit eg det?» heldt Odin på og skulde svara, han stod der liksom i annanmanns klæa. «I Vikja, venteli,» sa han lågt.

«Det er altså sant da?»

«Ja, æ nekta ikkj fer det.»

Presten såg vel på han, prøvde å komma inn i han.

«Du vet hvad dette vil si, Odin?»

Odin tagde. Presten sa ei heil mengd no, han reiste seg og gjekk att og fram på det vesle golve, og Odin stod og hørte det liksom gjennom sømnen. Det måtte vel ein gong ta slutt? No gjekk det traudt for han, han stod tett framfor han og såg i golve; han var raudlett ovom det svartgråe skjegge:

«Skjedde der noget – – noget mere, noget – –»

Odin tagde enno litt. Så sa han bort imot veggen:

«Om så va, så sa æ det ikkj. For hennes skyld. For resten så e vi forlova, å kall.»

Det vart dimt omkring han, og allting så [176] likesælt for han; som snarast såg han Karen-Anna for seg, og så mora; dei rann i eitt for han og så vekk, og no var han mo åleine med presten.

Presten snakka ikkje blidt lenger, og der kom det, sjølve orde: Han vilde ikkje konfirmere han! Ungdommen her i bygda hadde vore ein mønsterungdom hittil, men no var det snart eit Sodoma, og hans skulde ikkje skylda vera, Odin kunde gå!

Odin fekk sagt farvel tålig bra, og i troppa smilte han enda med seg sjøl: Jaså, det var slik dei dreiv seg i Sodoma? Men i ytterdøra sa han hardt til seg sjøl: Dette her, Odin, det går tå fliran det, du er ifråvist no! Du blir tynn før du kjem heim, skal du få merke. Han snakka høgt med seg sjøl heile tida i heimvegen, ansles fekk han ikkje til å tenke. – Folk kjem aldri til å forstå det. Da måtte dei ha vore meg. Men du greier deg lel, veit du. Du treng ikkje å ha noko med dem å gjera.

Han møtte Astri Håberg, søskenbarne sitt, ho kom og skulde til Segelsund, til handlaren, så dei hadde same vegen eit stykke. Ho var konfirmert i fjor. Henne hadde han aldri gitt nokon ans, han gav seg ikkje om å vera skyld med *dem*. Ho var svært ålvorsam, og best det er, seier ho: Er det sant at du er ifråvist, Odin? – – Skil deg ikkje! – – Nei, men. Men vi er no søskenborn da. Det var ikkje noko å vise deg ifrå for, tykkjer eg – og kven er det som har bore det i presten, tru?

[177] Han måtte sjå på henne. Ho var så underlig uredd i åsyna, men nede ved munnen ein staden der hadde ho eit mjukt drag, – ho meinte det ho sa, at ho var av same folke som han. Enno sa ho noko, – han fekk ikkje tak i det, men det gjorde godt å høre. Han måtte skynde på gonga, skulde ha vore langt vekk.

«Jau, ho fekk da glæde tå lausingsongjen sin, ho mor! Ho fekk da glæde ja!» Han hørte han sa det høgt, men det kunde for resten bli det same, dei kunde gjerne vera to om å høre det.

«Ja, det var sørgeli, va det.»

Han hørte ho sa farvel, og no stod ho visst og såg etter han. *Det* var vel inga sak!

Han hørte styfaren, da han var i kjøkene heime, det var mora han hadde for seg:

«Enn om du gjekk ette ein tørvsekk sjøl, mein du?»

Odin gådde dei knapt.

«Ja, no e æ ifråvist!» sa han.

Dei snudde seg så vidt; dei trudde berre han fór med slanker og vas.

«Jau da, det e allvors snakk. Det e gjort fer i år, sa vi.»

Elen såg det var sant, enda så likeglad han stod der, og Iver han såg det på

henne. Grunnen? småflirte han. Den fekk dei tidsnok vita; finare var det ikkje. Kristine var òg i kjøkene, vart han vår, ho stod bortmed benken og såg ut. Ho snudde seg ikkje no heller. – Det skal de ikkje plaga han til å fortele, sa ho. Og elles ^[178] da så veit de det før. Ho hadde ei lys trøye på, og svart lakkbelte kring midja. Ein stor lys kamm hadde ho i håre, av same letten som det. Den hadde ho gjerne fått av han Lauris. I det same smilte Odin, stiv som tre i andlete: Det var dit han Lauris sikta, og ho hadde hjelpt han. Det var straks ein lettna, når ein såg det.

Iver går ut. Han smiler som ein devel til mora.

Da vart Odin rasande, og knytte neven etter han:

«Dæ ska æ vel tukt, æ ska gjera dæ eit pek som du ska minnast, din – –»

Han ansa på mora, ho stirde på han liksom ho ikkje hadde sett han før, han fekk ein villmanns-lyst til å gjera det enda verre, gjera det som var mest svimlande gale og urett imot henne, men han stakk nevene i lomma og let det vera. Han visste ikkje om det var slik, men han syntes ho såg djupare på han enn nokon gong før, så hjartans redd han og glad i han. Og Kristine ho blunka opp i under, fór opp og ned over han med auga, kom liksom nærmare og nærmare.

Mora sette fram mat for han, og Kristine gjekk sin veg. Ein gong han såg opp frå maten og på mora, vart han vår ho hadde gråte. Han kom i hug konfirmasjonsklæane ho hadde rådd til å han, ho hadde spara og gjømt unna til dem heile sommaren; dei var av finaste mørkeblåe kjøpetye.

^[179] «Men at du nekta den gongjen æ spord dæ?» sa ho. «At du laug? Og det fer mæ! Det ha æ ikkj trudd om dæ, Odin.»

«Trudd det enda minder sjøl.» Da går smilen som ein kaldgust over andlete hans: «Menneskets hjertes tanke – det må vera det. Æ begrip det ikkj. Men konfirmert, ⁿ²⁵ det bli æ allti; te års.» ⁿ²⁶

Elen spurte, om han hadde hørt at Otte Setran var på forhør i går att? At han hadde brent opp husa sine med vilje? – Trur du det da? sa han. – Ho visste ikkje kva ho skulde tru. Ho visste ingen ting meir. Odin vart sittande som han tenkte.

Før Odin var ferdig med maten, kom Iver inn, og Kristine og tauså etter han

og fyllte kjøkene med sju redsler: Bjønnen hadde komme på lande, han fór fjelle for tvert og slo sau, dei hadde sendt bud både ifrå Nesse og andre stader, og dei som ikkje hadde fått heim sauene sine enno, dei fekk i veg litt fort. Iver slengte på seg trøya, han visste ikkje kor han skulde først og sist: Vi skulde havt bud – vi skulde havt med folk! Men dei borti Mikkalstu'n hadde sauene sine heime i sommarfjose kvar kveld, og karmennene der var ikkje til stades.

Odin bytta klæa og var ute før Iver hadde fått på seg rette støvlane. – Det er best vi skyndar oss da? sa han, det heldt på og vart kvelden. Iver tok øksa og kom, for børse hadde ^[180]han ikkje. – Øksa? undrast Odin. – Ja, er du forfæld kanskje?

Det bar i veg. Kvinnfolka torde knapt bli med bortom uthusnova.

Det hadde skya over og smått kvistra og regnte, og vestavinden låg i jamt jag inngjenom marka. Iver og Odin sprang meir enn dei gjekk, markavegen innerter og frammed lia. I skogen var det alt mørkt. Dei stana og lya gong for gong. Inga bjølle. Sauene hadde halde til her oppi skogbande dei siste dagane, og ventelig hadde dei søkt vestover, imot vêre. Dei kunde òg vera lenger aust, meinte Odin, for der hadde han teke dem fleire vendingar i fjorhaust, i eit skar der dei leita seg livd.

Gong for gong hørte dei einkvart som tusk i skogen tett attmed dem, og med kvart trødde det og sprang lenger unna; og best det var, hørte dei han *sjøl*, han snøste og brumma så holt det kunde stemme blode i ein. Iver hogg Odin over armen. Så slepte han, og skaut akslene i vêre: Visst det ikkje var vinden oppi berghamrane? – Det *var* vinden, sa Odin. Men var det ikkje likast at ein tok vestetter no, og den andre gjorde seg ein sving aust i skare? – Nei, så dum var han ikkje, sa Iver, for enn om der kom einkvart på? Dei la i veg austover først. – Er du redd? sa Iver fleire gonger, han var ikkje fri for han skalv i måle. – Ja, litegrand, men. Men det er arti òg. Skal vi virkelig få sjå'n, tru? – Ti still med deg! sa Iver.

^[181]Odin heldt seg framom heile tida. No hørte han Iver skalv i anddråtten til og med, og ein to-tre gonger måtte han stane og kaste vatne. Odin undrast ikkje på det, for Iver var sjø-gast og uvant med fjell og bjønn, men her lukta det sau

millom tellene,ⁿ²⁷ her hadde dei nyst vore.

Best det er, hører dei noko som spring. Iver hogg i Odin att, og dei står tverr still. Da synes Odin han har hørt eit kvink i saubjølla og legg i veg etter det, Iver etter han og held han att: Du går ikkje, hører du! han er her, du *går* ikkje! – Nei, eg spring! og sprang gjorde han, ein omveg nedom steinura og saueflokken, gjennom råttan kvist og høgt sleipt gras, han veit ikkje kven han lyder, men hjarte hamrar i han og gleda heitnar og krislar han over all kroppen: der er sauene, og no bergar han dem, midt framfor nasen til bjønnen! Han får dem på jage heimetter, ser bjønnen nett attmed seg, men sett fart på og renner framom han, glytter attover aksla om han kjem etter, er ikkje viss på det, og jagar hardare på; det var ein vålig stor og svart skapna.

Iver kom stomlande etter. Han mumla og sa det alt i eitt:

«Ungan e'n alder så gropⁿ²⁸ imot! No va vi pinade både hard og heldi – han kjem no vel ikkj leggan' ette oss, veit æ?»

«Neida, neida!»

[182] Da dei er nedi myrglenna og har breie vegen for seg frammed skog-jaren, seier han:

«Æ o ska gjera mæ ein tur nedover åt'n og høyr. Åt presten, sei æ, – han ska få baka mjukt!»

Odin lest ikkje som han hørte det.

Men da dei kom til gars, kom Elen helgakledd nedant vegen, og da dei var i kjøkene og hadde fortalt litt om baske med sauene og bjønnen, sa ho at ho hadde vore hoss presten. Han Ola var der for resten han òg. – Og enden vart, at han lova å ta deg med lel, seier ho.

Odin sitt og ser på mora, det eine drage etter det andre syner seg i andlete hennar, men det ho forteler, hører han berre til halvten og gir seg ikkje om det. Slik har ho aldri vore før, ho er reint bratt der ho står, og så sterk og glad at det lyser av henne. Det var det han hadde visst, at ho måtte kunne sjå ut slik òg. Ho trong ikkje nokon til å ta av for seg heretter.

«Takka du ikkj å mor di heller?» sa Iver.

Odin ser på han, liksom han må tenke etter kven *han* er for ein; så ser han bort att.

Kristine stod i mørkre uti svala, da han kom og skulde ut. Ho tok rundt omkring han:

«Såg dokk bjønn da? Enn om'n ha tikkji dæ?»

«Javisst såg vi'n. Nei, forresten, det trur æ knaft. Men eit dyr va det da, vi såg skjømten tå det, eit stort og svart eitt.»

Men no såg han det: der låg ei vindfelt furu midt i skare, med svarte rotflake imot den som ^[183]kom vistantil; det var bjønn god nok i mørkre, og tuskar og spring gjer det støtt i skogen ein stormkveld.

«Det va du som sprang fram og berga sauin, va det ikkj det? For han Iver han – –»

«– – skuld ha mista kvar ein sau ja, og meir te!»

«Låg du verkeli i lag med a Karen-Anna da? Du e guten du! Men ho e berre eit husmannsjåltre, Odin!»

Ja, no kunde han ta og gjera med Kristine det han vilde. Det var ein forunderlig søt og levande tanke. Men han visste så klårt i det same, at der var dem, eller dei hadde vore til ein gong, som berre sette hendene i lomma og let det vera, slik! Dei let det vera. Han smilte i mørkre så han skjemtes av det: Kva skal du med dei gjentene som du *får*! Ein blink ser han eit andlet for seg, og sia heile skapnaen, så blyktande lett og fin, det er havfrua ifrå draumen: «Vinn du meg, Odin, da blir det ugreit for deg; og vinn du ikkje *over* meg, da går det att og ned med deg.» – Det kjem nokon! narra han Kristine, og kom seg laus ifrå henne.

«Han far din va her i kveld!» sa ho etter han. «Villa visst treff dæ. Ho mor di va hoss presten ho.»

Ho hørte ikkje han svara, og så gjekk ho inn i kjøkene. Der fortalte ho det same til Iver og Elen. Ingen av dem sa noko, ho visste ikkje om dei hadde hørt det ein gong. Iver gjekk ut ^[184]og skulde ta inn hestane til natta, dei stod i tjore bortpå ekra austfor uthusa. Utpå garen stana han og ropa på Odin, at han skulde komma og hjelpe til. Han fekk ikkje noko svar. – Han må no vel komma? mumla

han, for han var ikkje einhøvd med det arbeide.

Odin iddest ikkje å svara. Han måtte ha fred, nokre minuttar om ikkje meir. Det var godt å stå her, midt i kvelden og vêre. Her måtte ein mest få vita kven ein var for ein. Stormen la seg vilt framover i mørkre, med skyfakse som svarte røyken etter seg, – no løfta han hovude og knegga innover marka. Så kunde ein stå med hendene i lomma og ikkje vera med i det. Så kom det liksom sendandes til ein, det ein vilde vita. – Og han far, sa han, han er kanskje den sterkaste lel. Han som let det *skje*.

Iver kom springande om stallnova i det same og inn, kom straks etter ut med lykta, og Elen etter han og ropa einkvart, spurte om det var sant; det bar bortover til hestane med dem. Odin gjekk etter. Lykta lyste nedi storveita, på ein hestekropp som låg der på ryggen. Bruna stod i lyskanten, med hovude høgt til vêrs. No såg han andleta deira som snarast. Dei var gule og daue å sjå til. Rundt ikring dem stod mørkre.

Unghesten var dau. Framfötene hadde han krøkt, men bakfötene hadde han strekt stivt ifrå seg. Veitkanten var oppsparka så mold og sand hadde fyke omkring.

Iver og Elen står og ser på einannan, og på ^[185] hesten av og til. – Der, nedi reina, var det eg sette han, sa Iver. – Ja, sa Elen og såg dit. Men ikkje som eg har flytta'n. Har ikkje komme i hug hestane eingong. – Ja, ikkje eg heller, sa Kristine og tause, som òg hadde komme til stades. Elen såg på Odin. Iver løfta på løkta, så ho skjein beint i andlete på han. – Kvifor kom du ikkje da eg ropa?

«Trur du det e æ da?» Det hørtes som han lo innvendig.

Lyse stod som ei gul glo imot han. Da rettar Iver på seg, og lyse svingar ein annan veg.

«Ja ja. Dette har en fiende gjort.»

Da kom det små minningar inn på Odin, ifrå gamle grå dagar, ein mann som vart jaga på fjorden, ei dau ku i sjøen, ein dau vêr, ein gutdevel som fór og stomla og datt uti marka julnatta. Og mørkre vart levande og loddent rundt omkring dem; lykta kom ingen veg imot det. Han hørte Iver mumla:

«Han lova no å gjera mæ eit pek her i kveld.»

«Men du *veit* no vel – –» hører han mora seier. «Osså fór dokk da åt skogjen straks?»

Iver tok Bruna og leidde inn, og dei andre vart med. Odin gjekk og smått blistra. Elen strevde seg fram imot vêre. Vinden vilde renge klæane på henne, ruska og reiv og vanskapte henne. Odin vilde ikkje sjå på det.

Og ikkje hadde det fare nokon etter vegen her heller, i dag? undrast Elen da dei hadde komme til kjøkene att. – Nei, ikkje det dei ^[186] hadde sett. Utan han Otte Setran da, sa Kristine. Da stod Iver i døra med løkta. No var det han som blistra. Berre urande lite grande med seg sjøl.

V.

Karane bortant Mikkalstu'n kom og hjelpte til å få hesten opp utor veita og flå han om natta. Odin måtte vera med og lyse dem. Iver small det mest ikkje orde i, og dei andre sa heller ikkje stort. – Merrafloor, tenkte Odin. Det måtte no vel vera det lågaste arbeide her i verda. Iver vart som ein hund å rekne for, der han heldt på og serja og sleit; det var halvvore vondt om han.

Ingen nemnte Otte Setran meir, ikkje den natta og ikkje sia heller.

Konfirmasjonen stod av seg både fort og vel, syntes Odin. Dei såg litt på han, det var det einaste.

Han kom inn i kammerse og sette seg i kveldinga, da mora heldt på og stelte litlebarne.

«Du e så still?» sa ho.

«Så?»

«Du trur no vel alder det e'n – – at det e'n far din som hi gjort oss det der? å fløtt hesten bortåt veita?»

«Nei, kem som sei det?»

«Da mått'n ha gjort det i tankløysa, om så va. Han *kan* ikkj vara så svart!»

[187] «Men æ ønska det skuld gå slik!» sa Odin best det var.

«Nei, Odin?»

«Jau. For æ såg hesten bortpå reina da vi fór åt skogjen – æ ønska'n dau, gjord æ! Men æ trudd da ikkj dem villa bønnhøyr mæ.»

Elen sat lenge og ikkje sa noko. Skymminga hadde gråna over andlete hennar, og kammerse kjentes trongt liksom der ikkje var rom å puste. – Og så denne hesten da, sa ho endelig. Som han hadde kjøpt så dyrt, og som vi var så glad i. – Men eg meinte da ikkje det skulde gå utover andre, sa Odin, han var tynn i måle. Eg kom ikkje i hug deg, la han til. – Du ser no det, no; korles det er med den tingen. Så veit du da det. Slår du etter ein, så råker du både to og tre. Ikkje for det: ein annan ein kan ha ønska verre ting enn som så. Men det eg ønskar, det skjer aldri, det er no òg ei trøst.

Ho sat ei stund att og såg fram i halvmørkre. – Eg har hørt om ein mann ein gong. – Ja? – Han ønska det skulde komma stein ovant fjelle og slå i hel både kona hans og barne. Med det same løyste Vårherre heile steinskreia, og folk såg dem aldri meir! – Er det sant det da, mor? – Ja. Det var enda han morfar, vil du vita det. Odin vart sittande og tenke på det. Så kom det mest som han lo: Rart at eg skulde komma borti det same som han. Vart han glad da, eller –? – Det kan [188] eg aldri tru. Det var armelig han stod det over. Har dei fortalt meg ja.

Odin reiste seg, da litt hadde vore:

«Sladder og vas! æ trur ikkj eit ord tå det. Ho Åsel, ho mormor, ho kan tru på slikt. Osså'n Otte Setran, kan hend'.»

«Odin!» Ho sa det både kvast og sårt. – Ikkje for det, la ho til, ho brydde seg ikkje om han lenger, han var ikkje den ho hadde trudd ein gong. Og ikkje skulde han gå og sette seg opp imot han Iver, og ønske vondt over han, *det* hadde ikkje Iver fortent av han, og ikkje av henne heller, så mykje han visste det. Og desutan var det stygt. Ho bad til Vårherre kvar kveld, at han Odin måtte bli ein bra gut, og det trudde ho enda, fullt og fast.

Ho snakka ei lang stund, det kom for Odin at ho var likså uvant med å stane som med å komma i gang. Sistpå kunde han ikkje få til at det var henne som

snakka. Men det var henne, meir enn nokon gong før, og nett attmed han, eit lite, vergelaust kvinnfolk. Henne fekk ein sjå til og ikkje – –

Han passa på da ho ikkje sa noko, og seig ut. Det var ikkje meining i at ho sa så mykje berre til han. Ho kunde komma til å fortale det han ikkje vilde høre – han vilde ikkje vera gromguten hennar på den måten! Da vart ho ikkje den ho hadde vore for han.

Ingen kunde seie korles det hadde gått til med unghesten. Odin trudde gong for gong at [189] no var han ferdig og til endes med det, men så låg det i vegen for han først han møtte eit menneske. – Eg snur meg beint ifrå det! sa han, og han gjorde det. Straks etter stod han og undrast om faren kunde *vera* så svart, at han flytte hesten bort til opne veita. Eller om Vårherre hadde styrt han til det, for å tukte den som ønska vondt? – Vår herre ja, kunde han seie med seg sjøl. Han lya etter stormen og sjøduren, kunde bli ståande og sjå rundt i kring seg: Det var alt sammen såre godt. Han kunde bli glad tvert igjennom. Men Vår herre sjøl var det ikkje å få tak i. Dei andre, dei hadde han straks attmed seg, støtt og stendig, dei kunde snakke med han *når* dei vilde. Han måtte vera rar, det var alt han fekk til. – Jaså, kunde det fara igjennom han, så, han ønska ned stein over dem, han Anders Håberg. Det var no rugen det. Og armelig han stod det over.

Når han stod slik og såg, da var han gamle Anders, og rundt omkring var gammaltida så tussegrå og varm av utrulige ting, ein kunde bli vill der ein stod, og rasande forhuga på å fara over bygda og vanlaga henne og bygge henne opp tā nyan, ein kunde ønske stygt! Så var Vår herre der og stoppa ein, let steinskreia gå over den det råkete, synte fram andlete sitt i skya nattens tid og sette ein imot veggen. Sia var ein blind ja. Kom ikkje lenger. Lenger hadde dei ikkje komme, nokon ein. Da drog det i han så det kjølte: Men eg, eg skulde da [190] vel eit høneføtt lenger fram? Var ikkje det meininga?

Vindsøyen oppi lia, det var sjølve tida som rann og rann, utan ende. Og han? Jau, men for det første var her mangt anna å tenke på, og eitt fekk han gjera straks: han vilde gå til Vika og snakke med Karen-Anna; han måtte høre korles ho tok det. Og tok ho det tungt, så skulde ho vita at ho hadde han. Ho var over 16 år no. *Han* skulde ikkje ønske laus steinskreia over henne, om det bar i herdinga! Han hadde vore juviking til no, såg han, og smilte til.

Ein kvelden stal han seg ut og la i veg. Det var eit vågspel, for det hadde alt komme litt snø, og da var ein lett å sjå der ein fór. Ja ja, dei fekk sjå han da.

Det var vidunders vakkert med stjerner den kvelden, og skogtoppane kring dei kvite jordene dei stod så nær ein, kvar kvisten i hoggstill undring ut imot godvêre. Det gav ein ir i blode.

Men han kjente seg uviss. Somtid syntes han det skynda på, og straks etter, når han hadde farten i seg, vilde det stane han og snu han. Slik hadde han aldri visst det kunde vera. Det hadde støtt vore fullt skuv på når han gjorde ein ting: Berre skodda på kvar sida, lyse blinde skodda, og så blånaen framfor han, dit han skulde. Slik fór dei vegen sin, gammalkarane.

Og no først rente det som kniven gjennom han, at var ulukka ute, så stod det gale til med ^[191] ho Karen-Anna, ho hadde noko å fortele han, og da vart det ikkje anna råd enn å gifte seg; når tida kom. For slik var det i Kjelvika, og slik skulde det vera frami bygda òg, at eit ord var eit ord og ein mann var ein mann!

Åsel Håberg? undrast han med han gjekk, – kva hadde ho med dette her? Men han såg henne så tydelig for seg. Ho stirde på han. Han stirde på henne att, beint i åsyna; for her gjekk han, og denne vegen skulde han. Ja, denne vegen, det vilde ho, men ho åtvare han. – Gå og legg deg! sa han.

Han såg lys i kjøkene i Vika, og stilte seg bortåt glase og kika inn. Karen-Anna sat der åleine. Ho sat og sauma på einkvart. Berre på ein liten duk for resten! Levande raudlett og god var ho, men så høgtidsam over brunene og så still over alt andlete. Så skyldlaus ein skapning var ho kanskje, at ho såg slik ut når ho ikkje visste at nokon såg henne. Ingen skulde tru at ho kunde le til ein med små skøyarauga, og slett ikkje at ein kunde plage henne til å vera *god* med seg.

Døra gjekk opp av seg sjøl mest, og Karen-Anna kvakk så ho hoppa på stolen. Auga hennar vilde ikkje kjenne han. – Nei men *Odin*, kviskra ho, reint forvilla.

Jau, her var han, og godkveld og takk for sist! Han sette seg rolig ned. Han leita fram pipa og tobakken han hadde rådd seg: Var ho redd han? Han såg lystig på henne, med små ^[192] lettliva rukker i panna. Ho såg berre ned på saumen sin; og no tok han seg ein røyk.

«Nei, Karen-Anna, æ ska gå straks igjen. Æ villa berre – – snakk med dæ. E du ful på mæ?»

Ho såg ikkje opp no heller, og han venta rolig.

«Æ veit ikkj ka æ e,» svara ho endelig.

«Du kan ha grunn te det. Men du ska ikkj vara det lel, høyr du!»

Han venta og røykte, og no endelig såg ho opp. Auga rann oppetter han flytt for flytt, liksom dei hadde moro av å komma seint, og no var den gamle blunken der:

«E det'n Bendek sjøl som e ut og går?»

«Jaha!» – han måtte smile han òg –, «men æ villa høyr koles det va *med* dæ – æ villa høyr korles du tok det?»

Smilen fór som eit vêrlys-blykt over andlete på henne, så bleikt og stilt:

«Det kan no vel komma ut på eitt.»

«Ikkj fullt det, veit æ? He?»

Ho hadde teke til med arbeide sitt, og det vart ikkje så han sa noko meir; han spurte berre kven som skulde ha det ho sauma på, – var det han? Til jultråd? Enno ein gong kom auga hennar opp imot hans:

«Sleik dæ ikkj før du bli smord, [n29](#) ban!»

Da reiste han seg og tøyde på seg, kom eit par steg framover golve og snudde att, sette hendene djupt i lomma. Det fór ein liten hastig ^[193] rykk i andletsdraga hennar, at no kom han og tok omkring henne, han var så glad, det såg ut liksom gleda verka gjennom all hans kropp. Men han tok ikkje etter henne.

«Nei, det va berre det æ villa høyr. At det ikkj stod te gæli med dæ. Det va berre det.»

Han stod og skulde gå. Han såg på klokka, og gjeispa: han fekk kanskje til å racle heimatt. Kunde ho ikkje bli med han ein liten stubb på vegen? Han hadde spurt før han tenkte seg om.

«Tør ikkj!» sa ho.

«Ikkj?»

«Nei, det – – det naus æ på!»

Ho såg opp, og no stod det tydelig midt imot han, at ho sat ferdig til å svara ja, på alt han bad om. Og vakrare vart ho, des lenger han såg på henne, – kom han seg ikkje heim no med det same, da vart han aldri mann for å gi henne ifrå seg meir. Ho òg merka kor to-eina dei var. Det tyngde for anddråtten. Han syntes heile kjøkene venta han skulde seie einkvart; eit ord for levetida.

«E det leng sia'n Lauris va her hoss dæ?» spør han best han står.

«Han Lauris?» Ho ser rolig opp, og så ned att på saumen sin.

«Jaså, han hi ikkj vøri her, kanskji?»

«Nei, æ hi ikkj merka noko te det.»

«Nei va det likt! Men du får hels'n så flitti, når'n kjem att. Ja go-natt da!»

Han hørte ikkje om ho svara.

[194] Stjernene hang i ei skodd all himmelen over. Vintervegen var ei stor kvit bru frå fjellrand til fjellrand, tvert over bygda.

Og der var låven. Og der veggen heimover. No la han i veg. – Ja det var ikkje vakkert tå meg, sa han med seg sjøl; han sa det fleire gonger med han fór myrvegen austover. – Nei, eg kunde ikkje gjera det ansles. Eg måtte range meg utor det. Eg kan da komma att, veit du. Vi får vente, og sjå.

Men kven kunde det vera, tru, som var attmed ein og varskudde når det stod om? For ånderne, dem trudde han ikkje på lenger, det gjorde ingen i bygda. – Men han Anders Håberg var ein krypsyl til kar, som ikkje torde vera gift med finn. Ansles var det for den som skulde fram i sjølve bygda. Der hadde dei aldri vore, gammalkarane. Og den som fekk havfrua, det var ein annan ting; for han vart det ikkje fyst. Han var dømt til å tape i lag med folke.

Han småsprang liksom han hadde rømt, og sia sette han meir fart på, han vart huga på det. Det var lite om å gjera at han ikkje heldt på og sprang til Vennestad låg langt attom han.

Så! sa han, da han stana på stubrua heime. No er eg her da. Han hadde

sprunge seg sveitt og i ro. Så rolig var det lenge sia han var.

Men dagen etter gjekk mora og såg på han. Ho syntes ikkje han såg ut rolig. Han merka [195] ho vilde spørre om einkvart, og da gjekk han og gav seg tida og venta på det.

«Kor du va i natt, Odin?» spurte ho.

Han stod og såg beint på henne, såg kor raudletten rann oppetter andlete hennar.

«I natt ja. Det æ gjord i natt, det gjord æ fer *di skyld!* Meir sei æ ikkj om det.»

Auga hennar vart større og blankare, dei stod imot han med eit nytt liv, både redde og glade; dei tok rundt ikring han og heldt han. – Men ho trur visst det var berre som ein leik ho! tenkte han.

«Æ står med eit brev her» sa han.

Ho blunkar til eit par gonger, forundra og skygg.

«Åt'n far min.»

«Men ka du vil *han* da? No?»

«Det e berre eit spørsmål.»

«Ja ja, Odin. Æ e no glad for at du e ansles enn han. Og reisi ifrå mæ, det gjer du ikkj, veit æ?»

«Nei? Det gjer æ da vel ikkj? Nei, det va berre eit spørsmål, som sagt.»

UT OR EVENTYRE

I.

[196] Otte Setran hadde fått seg opp ei lita bordhytte etter branden. Der var berre eitt rom, og der hadde han høvlbenken, kokeomnen og senga si. Døra gjekk beint ut på marka. Men det såg ut som han trivdes der, og det undrast dei i grunnen ikkje på.

Kva dei i bygda meinte om branden, var det likt til han ikkje gav seg det minste om; han lest som dei aldri fanns. Ja ja, ein kan bli huga på å ta verda den vegen òg, sa dei. Men det såg ut for det kunde bli ein trong veg for han. To forhør hadde det alt vore, og det tredje var i emninga. Han fekk reie seg utor det så godt han kunde. *Dei* hadde ikkje sett noko som var å nemne, og kunde ikkje svara noko for han. Det hadde brunne, det var alt dei kunde vitne; det og det klokkeslette. Og krøtera hadde han seld for forløyse.

Dei kunde ha komme til og gjort han ei beine likevel, hadde ikkje Åsel Håberg lagt seg borti det. Dei var viss på dei hadde gjort det, [197] når det bar i herdinga. Det skulde finnast både to og tre som hadde sett han fór sin veg dagen før det brann. Han rodde til byen i god tid, hadde dei sagt. Oppi fjorden fekk han motvinden, slik sa han det sjøl, han låg oppunder ein odde og bia, og utpå morgoparten kom han unna og til Holmen, til søstra. Og landvinds-stormen var det, da eit tak. Om morgonen, da folk kom opp, rauk det borte hoss han, og før dei vardest, stod det i lyse logen alt i hop. Da var det einkvan som mumla i, at det hadde vore nokre ungdommar inne om natta og halde leven, slikt hadde hendt før, sia han flytta dit; for han Otte låste aldri dør, han var ikkje den, og no såg ein korles det gjekk.

Men så kom Åsel kjørande. Ho tok dem for seg ein om senn og hørte dem ut: om dei ikkje hadde sett han reiste bort dagen før? og om dei ikkje visste der hadde vore nokon inne der om natta? Dei drog på det, i førstninga, ho hadde støtt slikt klo-tak på ein, men dei berga seg da så tålig, for øvrigheita og den ting vilde dei ikkje ha med å gjera; og da ho hadde fare, kom deretter seg: Det var slutt med den tida no, at ho Åsel Håberg hadde noko overmakt; folk heldt på og styrte seg sjøl; ho skulde heller ha vore i mak heime! Ho vilde ha gifta bort denne Andrea til han, det forstod seg, men elles fekk kvar og ein gå etter sin eigen nase. Det hadde brunne, som sagt, og da det var fråseggjort, kom Otte slengande heim og såg på; så [198] likesæl som ein annan frammandkar. – Det var bra eg ikkje

hadde krøtera no, sa han. Og det kunde dei gi han rett i. Krøtera hadde ikkje eingong vore assurert.

Og hadde han reint mjøl i posen, kvifor *kom* han ikkje da? Han visste da kor dei budde. Kvifor gjekk han ikkje fram som eit anna menneske?

Åsel sa det same til han, så varsamt ho kunde. Men ho merka det beit ikkje på han. Han måtte ha rett, på sin måte, og den fekk han ha. Elles var han ikkje å sjå i det siste.

– – – Ein kvelden, ei veker tid etter konfirmasjonshelga, sat han på høvlbenken og tegna med blyanten på ei fjøl han hadde på knea. Da trampar det utom døra, og det kjem ein inn og helsar. Otte forhastar seg ikkje med å sjå opp.

Det var Ola Håberg, klokkaren. Otte legg ifrå seg fjøla, ser seg omkring, og tenker på å stige ned av benken.

«Du får versågod å – –»

«– å bli ståanes, sei!» Ola lo stilt og godt, da han såg kor oppråd den andre var, for noko å sitte på fanns der ikkje. Godlåttan låg og bevra i alle dei fine andlets-rukkene, og auga blunka som på småguten. – Jaså, det er her profeten har sett opp temple sitt no? Gud bevare meg for å sette meg, eg er da ikkje så rå. Men for resten – han slengte seg opp på benken – lat meg kjenne på sessen din! Jaså, her sitt du og tenker ut det nye huse. Det skal bli eit som ikkje liknar dei andre, spår eg.

[199] Otte vart raudlett, men sa ikkje noko. Bortpå omnen stod limkjelen og putra, og breiddmed den kaffekjelen. Ola sat litt og vêra. – Jamenn sant hadde du rett lel, nasen min, du meinte her var kaffe på ferd; eg vågar *deg* eg!

Otte vart enda meir oppråd. Klokkaren var det mest frammande og uransakelige han visste, og no lukta her kaffe så det var ei skam. Det gjorde det all dagen. – Ja, eg kjente det no ikkje da eg gjekk heimafrå; det var myra mi eg skulde sjå til. Ho og eg har vore grannar i mange år. Vi er to aln tå same tye. Vi er like einslige båe to. Og serlig eg. I kveld ligg ho og har pynta seg med nokre snøfliser i lynge, halve mila med brunt og kvitt; og stjernene dei står og ser og ser og kjem ikkje lenger, dei har glømt seg bort liksom borna. Somtid stanar han for

og ser på henne, Vårherre òg.

Han sat litt og heldt auga med kjelen. – Og du er religions-stiftar som du har vore? Profet i ditt eige land? – Eg? Nei. Nei, eg er snekkar berre. Det eg trur, det trur eg, men det vil eg helst ha for meg sjøl. Folk får renne i veg på *sin* veg. – Ja lat dem endelig det, lat dei få stange av seg horna. – Det var det eg meinte ja. Eg vart meir og meir stø på det var det rettaste. – Ja. Men for resten: det er no ikkje eg da. Du skulde visst uroe dem noko meir enda. Du skal ikkje gå her og vera som – – ja ha: vera som eg ja, det har du rett i. Du smiler innvortes, ser eg, at som Klokkardauen [200] skal ein ikkje vera. Nei, ikkje du i alle fall. Snu andre sida til ja, når folk slår deg, det kan vera bra nok; men på slutten må ein bli *flat* av det? Ålvorlig tynn, ikkje sant?

Otte sat still og såg hit og dit bortetter golve. – Ja, dei får tru det dei vil, sa han med seg sjøl. Om branden, la han til og såg opp.

Ola vart litt stuss med i det same, og Otte drog på smilen. – Nei, det var denne gutstriken han hadde komme hit for, sa klokkaren og slo seg på knea. Han Odin. Han skulde knapt ha gått der i bygda lenger. Trudde ikkje Otte og det? At han skulde luftast ut litegrand?

«Ja?» svara Otte, han tok seg i skjegge.

«Ja, for elles bli det *folk tå'n* – du skjønna ka æ mein, Otte?»

Ola ser fast på han, kjem liksom fram gjennom ei skodd med både skøy og ålvor: Han er blanke skarvungen, og gudskjelov for det, men han står seg ikkje i lengda, er eg redd. Bygda ét opp han. Han er ingen juviking, vi kallar, det voks han seg tvert igjenom med han gjekk uti Kjelvika, etter som eg kan sjå, – han har havt ei god *lære*, gut!

«Han?»

«Ja, dyrede! Han hi vøri lenger enn i Amerika han. Han hi *levd*. Gjennom sju mannsaldr på sju år. Enno sitt det att ein snev, han e ein diktar å kall'. Og den som ikkj e det lenger, han tellⁿ³⁰ æ ikkj med. Han kjem ingen veig.»

[201] Men no var Ola ned av benken og fôr og såg seg om borti hylla, fann fram kaffekoppene og sukker og fløyte. – Eg vart så kaffeklein, eg seier snart alt eg

meiner. Otte måtte ned han òg, men visste lite kor han skulde ta til. Ola skjenkte kaffe, og så drakk dei. – Vondt? sa Ola, han såg opp i andlete til Otte. Det er ein drikk for profetar. Men gutdevelen, som sagt: No skal det stå om. For no skal han hovudstups ut i det. I det vi kallar live. Det må vera eit hardt laug. Den der gjentegreia bryd eg meg ikkje om. Men er det han som har gjort dette spelle med unghesten hans Iver, så, så, san! Det var ingen sving i det; det var eit småmannspek. Sette hesten bortåt opne veita – stakars tosk, seier eg! He? Klokkaren såg på Otte over koppen sin.

«Han Odin? Ka du bala ti no? Han Odin, sei du? nei vent no urliti!» Han tok seg fort til innre-lomma, trivla og leita, med auga stivt imot benken, fann fram ein brevlapp: «Sjå her, – det her fekk æ i går, ifrå å'n Odin. *Han* spør om det e æ som hi gjort det!»

«Du? Tøv åt mæ! Det e berre noko kjerringan vasa ti, det.»

«*Trur* dem det da?»

Ola lo så han dissa:

«*Trur* dem det *ikkj*, mein du?»

Otte smiler, han med, og sett seg på høvlbenken att. Han gir seg til å legge ut korles det har bore til:

[202] Han kom ifrå Håberg, hadde vore der eit erend og hadde hørt at guten skulde vera fråvist, tok så mot for seg og gjekk innom på Vennestad og spurte etter han. Men dei var ikkje heime, og så måtte han gå. Der stod unghesten attmed vegen og hadde tulla seg i tjørpålen, han åtte knapt så pass til band at han kunde lea seg. Tok så og flytta'n, – ein kan ikkje gå ifrå *dyra* slik. Så måtte han vel ha gjort det som ein fåne da, hadde ikkje ansa på det fanns veit der; det var litegrand skumt alt, det han kunde minnast.

No ser han opp på klokkaren att; det rører seg smått og fint kring auga og oppi panna:

«Ja, no veit du det. Og så har du vissta det i heile kveld; at det va æ som va gjerningsmann'.»

«Ja ha,» seier Ola, han har vorte raud med det same.

«Og no går æ te Vennestad i denne kveld og forteli korles det heng i hop.»

«Så blir du lempa på døra ja! – det vil æ jamisel vara med og sjå på!» Og så kunde dei snakke frampå om guten med det same, visst dei fekk lov å sette seg, la han til. Dei fekk slå seg i hop og sende han nokonstads, i skole eller kva det kunde bli. – Ja ja, sa Otte. – Ja, her var no som ein skole på Segelsund da; eller hadde vore, rettare sagt. Han Arthur la i veg både stort og godt han, men så *kom* der ingen. Det var det einaste peke han ikkje var [203] budd på. Det same kunde det kanskje vera. Lat dem reise eit stykke heimafrå. Det dei lærer, gir eg ikkje stort for, men folk skal den vegen no eit tak, og lat dem få stange av seg horna, som sagt, ut vil dei, ut, å så langt, langt, langt, og no er det hans Odin si tid. Ja, du kjenner det på deg, ikkje sant? At det kan bera både hit og dit med han? At han er farlig å kalle? Du er pliktig til å kjenne det på deg. Det er ikkje småting å vera far for nokon; det har eg aldri våga meg til.

Da dei står og skal gå, ser Ola seg i kring, rundt vegger og tak: Men at det brann da? Du let dem vel tru det dei vil, du? – Ja, kva anna skulde eg gjera. Det kjem vel opp ein gong, det som sant er. – Ja-a. Dei har fortalt meg det. Det skal vera ein gammal visdom. Berre han ikkje er for gammal. Ja ja san: du er jordens salt. Salt var dei glad i, alle i slekta vår. Så nær som eg. For resten, du Otte Setran: Vi to, vi er avskal, dei kallar; vi er avskal tå slekta vår. Og slik kjem dei for meg, mesteparten av folke i bygda, og i lande, – ja, eg veit da det er ikkje sant, men. Men jamenn var det arti at det brann hoss deg. At Vårherre gjorde deg det spelle. Og no treffer du han Iver, som sagt.

II.

Dei kom til Vennestad da folk sat og åt til kvelds.

Iver og Elen ser opp som snarast, møtes [204] med auga og ser seg ikring etter sess. Odin sett fram stolen sin, men Ola har alt funne vedkassa, og Iver bed Otte sette seg frami benken. Odin let stolen bli ståande, og står ved borde.

Iver ét seg sveitt som han plar gjera; det perlar blankt oppi skallepanna hans. Snakkar gjer han sjelden ved borde. Elen er snart ferdig med maten og går åt

kammerse til litlen.

Odin tok stolen sin borttil veggen. Han sat og vart meir og meir undersam. Gong for gong såg han på Iver. Ola Håberg snakka om vêre, som han pla gjera når han kom inn hoss folk, meir ålvorsam enn nokon annan, men aldri slik at ein kunde tru på det ålvore.

Best det er, seier Otte: Nei, eg skulde hit og snakke med deg om denne hesten din eg, Iver.

Iver legg ifrå seg grautskjeia; no får det vera gjort med det som gjort er, for i kveld. – Hesten? undrast han. – Ja, unghesten din, veit du. Det var eg som flytta han den kvelden; eg gav han enda eit dyktig tjørbeite. Men noko veit eller sandgrop det såg eg ikkje, du får tru meg på det, Iver!

Odin ser stivt på styfaren. Smilen kjem og går over andlete hans, går og kjem att: Kva veg vilde Iver ta no? Iver såg ned i golve.

«Jå, æ mått hit og snakk med dæ, Iver. Så ikkj ein annan ein skuld bli mistenkt.»

«Ingen ting å snakk om det. Det va oløkka som va ut.»

Elen har komme inn att. Ho står og ser [205] på Iver, og anlete lysnar meir og meir. Rett-no går ho fram og stryk sveitten av han, tenkte Ola.

«Det bli gæli, alt det æ røri borti!» Otte ser frå den eine til den andre og smiler: «Æ våga mæ no slik!»

«Men du Odin, du e vaksin kar no?» skaut Ola frami.

Dei andre følgde ikkje med i sprange, men Elen vart stukki og gav seg til å leite i saumøskja si.

«Nei, hesten,» sa Iver, «han va feig han. Vi snakka ikkj meir om det.»

«Får æ betal'n, så gjer æ det.»

Iver lo litt:

«Vi e no ikkj svoltninga heller!»

«Han e pengsterk no han Otte,» la klokka inn. «Han får snart assuransen fer husa sin.»

Det gav som eit nogg i heile stua, og Odin vart heit der han sat. Men Otte lo berre.

«Ja ja, det e bra nok, men æ ska ikkj ha noko tå pengan hans,» sa Iver.

Otte lo på nytt, og no såg han på Ola:

«No ska æ fortel dæ eitt, Ola Håberg: Du kom med mistankan her i kveld; både fer hesten og brand, ikkj sant?»

Ola flatna litt, kunde dei sjå. Odin sat stiv på stolen sin.

«Profet, profet!» sa Ola. – Men det eg trur, og det folk trur, det er to forskjellige ting. Eg var *folke*, da eg kom: han Iver og ho Elen og nokon kvar. Men det var elles han Odin her [206] vi skulde snakke om i kveld. Han er vaksen kar no, som sagt, og er det venger på han, så flyg han ut. Du skal vel ikkje gå heime her og ha det godt all din dag heller, veit eg?

Ingen sa noko, og Ola måtte til att. Han fortalte kva Otte og han hadde samsnakka om.

Iver småhosta nokre gonger. – Eg har tenkt på det same eg. Og er tida kommi, så får vi til å sjå på det. Eg skal hjelpe han det eg rekk, var meininga.

Elen ser lukkelig over dem alle saman. Otte veit ikkje kor han skal ta att seg. Odin får eit par kvasse rukker millom brunene, men han gjer seg stinn der han sitt. Ola har liksom ikkje hørt eller merka nokon ting.

Eit par års tid på skole eller i lære ja, hadde Iver tenkt. Det måtte ein vel stå ut med. Enda det vart litt krunglut å ombera han i arbeide. For det heldt på og var mon i gutladden no. Nei, dei skulde ha vore med den kvelden her da bjønnen kom! Det var sjau, san. Dei måtte oppi marka han og guten svartaste kvelden, og sauene tok dei midt framfor nasen på bjønnen, – dei hørte han brumla borti mørkre, han tykte dei vart *vel* så nærgåandes! Og han Odin føre tida! og sjøl veit om han ikkje hadde gitt han skotåa i tryne, hadde det slik høvd! Ja gu!

Var det laurdagskvelden det? spurte Ola.

Just nettopp ja, laurdagskvelden!

Men da var alt bjønnen dau!

Dau? Hadde dei skote han da?

[207] Nei, men dei slo han i hel. Det var hunden deira på Segelsund, – han var bjønn god nok han. Han hadde rive *ein* sau, i det minste. Resten gjorde folke, – du skulde akte deg for dem, Otte.

Var det hunden? Var det berre sladder og rør da?

Da sette Odin i og lo, og dermed lettna det all stua over. Iver kom sist i fliren, men han måtte til.

«Men vi *trudd* no det va bjønn lel!» sa Odin, liksom han vilde trøste styfaren.

Ola såg ålvorsamt på han:

«Det e trua det kjem an på. Hus-på det!»

«Men æ vil ikkj i nokon skole enda, så mykje dokk veit det!» Odin såg lystig over dem.

Det fekk dei no kjenne litt på, meinte Iver tørt.

Han hadde kjent på det. Det kjentes umulig.

Mora såg på han frå kråa der ho sat, og han merka kor lukkelig ho vart.

«Æ vil i snekkar-lera,» sa han; han såg hardt på henne.

Enno ein gong syntes dei stua stod på hald.

«Som du vil,» sa Iver, han reiste seg og skulde til stallen. «Æ ska kost dæ i veig, som sagt e.»

«Ja men – hi ikkj *du* rom fer mæ da?» han snudde seg til faren.

«Æ?» Otte vart ulik seg, mest som ein frammand mann å sjå til. No smilte han, men fattig [208] og vantruen, han likna tiggaren når dei byd han ein stor-seddel. «E det meiningja di det da?»

«Ja.»

«Nei, Odin?»

Det var Elen som sa det, og det kvakk i dem alle saman.

«Ja, det nøtta ikkj det, mor. Det får bli slik. For æ e ikkj raddⁿ³¹ verken han

hell pengan hans, det kan vara korles det vil, og desuten så –»

«Du gjer ikkj det, Odin? at du reisi ifrå mæ *no*?»

Han vart sittande og sjå på henne, men dei kunde merke han gav ikkje etter.

«Det e ikkj så fali fer dæ, no herette,» sa han stilt. Han viste med hovude etter Iver.

«Ja ja,» sa Otte. «Du veit det va ikkj mæ i mot, men.»

«Så kjem æ da, med all som først. Men i morrå reisi æ på martnan.»

«På martnan? Du?» Dei såg på han frå alle kantar.

«Ja. Æ tenkt enda å spør dæ om ein tikroning te låns?» han snudde seg til Ola.

«Det ska bli; og berre reis du; no kjenni æ att dæ.»

Iver hadde gått ut. Og da han kom inn att, stod frammandkarane på gonga. Odin vart med dem utom døra, og Ola leita fram tikroningen. Otte vilde òg gi han ein, men den tok han ikkje i mot. Eg skal koste meg sjøl all vegen, sa [209] han, berre vent til eg får arven min i Kjelvika; eller til det blir ei anna råd.

Odin vart liggande vaken. I morgo klokka 9 var dampen på Segelsund, og da bar det i veg, beint til marknas. Dei hadde alt fare, båtlag for båtlag, og i morgo fór resten, og han med. Han snudde seg i senga, vilde sova på det, – han hadde snudd verda, og no kunde ho stå der og vente med han sov.

Ute der låg stilla, kring husa og all vegen utover, han hørte henne så tydelig; og lenger unna der låg sjøen og mulla, og Kjelvikmarka og den tida, langt ute og borte. No nådde det aldri att han meir.

Inn i millom såg han fram for seg i mørkre og mot vindaug: No skulde han ikkje vera her lenger.

Og der tok det i døra. Men haken var på i kveld. Det var det, at ho Kristine fekk ikkje på marknaen i år, ho nådde ikkje til, for kallen var sengliggandes. Enno stod ho der. Ja ja, det fekk ikkje hjelpe det, ho skulde ikkje sitte her på senggavlen hans oftare, og slett ikkje i kveld. Ho var det mjukaste ein kunde ta i eller tenke på, og gjekk ho ikkje straks no, så sprang han opp og jaga henne. Han gjorde som

han vilde, det var ikkje for det, han spurte ikkje nokon, han kunde gjera *den store ondskab* ka stund som helst. Men det var einkvan som sa at han var Odin, han var ikkje nokon ringare. Det var mest som han skulde sjå Åsel på Håberg [210] inn i åsyna. Åselⁿ³² gav han seg elles sytten om, det skulde han fortele henne først dei råktest. Han var ein tå gammalkarane; om han ikkje var slik ein tosk som dei hadde vore.

Men da smatt haken av, og døra var opi. Ho hadde brukt hårnåla. No kom ho stillande hitover golvfjølene. Han snudde seg i senga, da ho hadde sitte der ei god stund og ruska i han og krisla han med håre nedi andlete: Var det noko ho vilde? – Vilde? Kunde aldri tru det! Men var det sant han skulde herifrå no? – Ja, enn om det var sant? – Nei nei. Men reiste han ifrå mor si da?

Han låg og tagde. Han svara ikkje henne på slikt. Men han tenkte over korles det var da han sat nedi stua i kveld, og så bar det ikkje bedre til enn at han sa det lel, etter kvart som det kom og gjekk gjennom han: Han far min er meg ein underlig krok. Han er tå eit finare slag enn alle dei andre, det er derfor dei riv i han alle i hop – eg skulde ha visst kven han er, for ein rennande! Ho mor, seier du? Ho har han Iver ho, han er sju gonger likare til kar enn eg trudde. Eg sat som eg lya etter einkvart, langt utant sjøen eller marka eller frå gammaltida, eg venta at det måtte gi meg eit lite skubb. Og det gjorde det. Nei, *du* forstår det ikkje nei, det var ikkje meininga mi heller, det. Dei har rett, båe to. Slik er verda, trur eg – ho kan gjera ein både vill og blind, skal ein til å tenke på henne. Men [211] eg skal til han far, som sagt. Og no kan du gå og legge deg, det blir ikkje så du får ligge her like vel.

Det tagde ho til. Da vart han forundra og ille ved, og da ho bøyde seg ned og kyste han, tok han handa kring nakken på henne og heldt henne. Så skuva han henne frå seg og bad henne gå, og no lystra ho. – Nei, for eg vil vera fri mann! mumla han; han tenkte både på mora og på Karen-Anna i det same, og på det sovna han.

III.

Morgonen etter var det blenkande finvêre, litegrand rimfrost frammed myr-

jaren og solgidder over fjorden og kring strendene, det var slik ein vaknande blåna rundt omkring, just slik som han hadde venta seg det.

Det tok litt tid før mora fekk han faraferdig, ho skulde ha rusta han skikkelig ut, var det likt til, og tankane gjekk i stå for henne rett som det var. Iver kom og stakk til han to ti-kroningar, to nye gule enda, og han og mora var med han utom døra. Der såg ho over han enda ein gong, var fornøgd med han og ønskte han lukka med seg. Og den var han stø på.

Rettsom det var, fór hugen til å springe i han, men i staden langa han berre på og gjekk; for dei spring ikkje dei som skal i veg og ture markna.

[212] Nedi svingen i Segelsundmarka stana han og lya etter dampen. Han er så vidt i farten kommen att, da blir han vår ein kjørar framfor seg, ein kvinnfolk-skapna som står og asar og skal vike hesten inn på vegen, men får det ikkje til, for eine kjerrehjule sitt fast attom ei bjørk. Det er bruna i Skare, og så er det vel ho Serina, kjerringa, ho har skyssa marknasfolk.

Hesten hadde vorte redd ein storfugl som flaug opp og hadde så nær sett ut i vegveita. No sat hjule fast, kom ikkje attende for ein stabbestein og ikkje fram for bjørka, og no venta kjerringa at han Odin skulde hjelpe henne. Først vilde han spenne ifrå, men det gjekk ikkje, for kjerre-armane stod og tvinga, og merra var oppøst og rykte att og fram. Steinen sat som han hadde rot i jorda; så vilde han løfte kjerra, men hjule kneip fast bortom bjørka. Han tok i lell, for det måtte gjerast, – rettno vart merra vill og la ut i veita; han tok i så det blådde for auga. Da small det i eine vognarmen, og i det same gjorde merra eit byks, armane rauk av, og merra over veita og ut i myra. Der var det botnlause dya, så ho sokk i til buken, og no kava ho seg ned og heldt enda på å slå Odin under seg. Endelig hadde han fått spretta ifrå bae armstubbane, og no låg merra still. Odin stod litt. Framfor dem var det berre gjørma. Serina suttra og snakka om å springe etter hjelp. Umulig ting, det visste han. *Han* måtte få hesten opp. Og ei råd måtte det bli.

[213] Der var no høysekken.

Han tok sekken, og reiv med seg atterfjøla av kjerra med det same, trødde det ned i myra framfor hesten, og tok i beisle. – Hjelper du meg no, sa han inni seg,

– hjelper du meg no, da vil eg seie – –

Det var stilt omkring, han syntes han var mo åleine. Serina stod der langt unna, på andre sida veita, ho venta på her skulde skje eit under.

«Så da, Bruna!» sa han.

Og opp kom ho, korles det no gjekk for seg eller ikkje, med framføtene på høysekken og fjøla ein augeblink og så inn på veitkanten, der lyngtorva bar så vidt, over veita og fram på vegen. Der stod ho og tøyde i taumane, tenkte alt så smått på å gnaga frammed kanten.

«No e bikkja berga!» sa han til Serina.

Ho smilte, men var elles stiv i andlete, – det går støtt så innpå kvinnfolk-krokane når det er einkvart med krøtera. No kom han for resten på at han skulde ha tatt av hjule det første han gjorde. Barneverk heile greia. Men det gjekk no bra lel, smilte han.

Så var kjerra fram på vegen, og armane surra så dei skulde halde heimover. Da eldar det gjennom all hans kropp: *Var* det båten som pipa her i sta? Lyden levna til i øyra på han, snudde liksom og kom att. Ja ja, no la han i veg. Han var alt i renne, sprang så det susa for øyra, over grinda og fram på bakken.

[214] Da såg han dampbåten kom sigande om Segelsund-husa og la til fjords. Lang og blåmåla, med skomskavlen både føre og etter seg og røyken veltande rull i rull attover med makt og velde. Dekke tjåkkfullt med svartkledd marknasfolk.

«Men e du besett da?» sette han i. Men han tok seg att midt i det. Han hadde sett merkelige ting nyst her.

Ja ja, der fór no marknaen og den tingen.

Han måtte smile der han stod. Han kom til å sjå seg sjøl, slik han kom settande og skulde i veg: litt framover i farten, og ålbogane litt ut, auga stivt og lukkelig fram gjennom verda, fram gjennom Kjelvik-marka og bygda og hit; gong og annan vart han ståande for og undre seg; gong og annan skjedde det eit under.

Og no bar det i veg att. Kvifor hadde han ligge uti Kjelvika og plaska? fór det gjennom han. Det var vel for det at han skulde kunne meistre sjøen om han kom i vegen nokon gong?

Han gjekk beint inn på Segelsund og spurte om å få låne båt. Han råkete frua sjøl, ho Mina, ho hadde brillar på og såg storveges ut, men da han spurte andre gongen, svara ho. Ho vilde vita kven han var for ein, og da ho hørte det, var det ja med ein gong. Jaså, det var han Odin? og kunde han verkeleg ro så langt da? Ho bad gjætarguten vera med og sette ut båten. Så kom ho i tankar og bad han vente, ho måtte mest le, men det høvde så rart, at her var ein [215] krok til som dampen hadde gått ifrå. Ho ropte opp på loftet, etter ei ho kalla Ingrid, og da litt hadde vore, kom det ned ei gjente på alder med han sjøl, eit lite tynnt ting som snakka nordlending. Henne skulde han ta med. Ho kunde ro, sa frua. Det måtte vera fosterdotra deira, ho skulde visst enda vera i slekt med dem.

Det bar i roinga, og det gjekk villig nok i førstninga. Gjenta sat atti båten med dei lettaste åra. Ho hadde ikkje kleint lag til å ro. Men landvinden, som han hadde hørt oppi fjorden før dei la i veg, kom både tett og tunghendt, og dertil fekk dei fallsjøen og motstraumen. Dei søkte livd frammed lande frå vik til odd, men så vart der ikkje anna enn breie beine fjorden, og han stod i ein frøs imot dem. Våte vart dei, og dag-lide vart det, og no såg han kor tynn og maktlaus denne gjenteryggen var, ein hjartelig fin skapna, og hang i gjorde han alt han evla, men ingen ting å legge til fjords med, det var dyr-plaging å kalle. Enno ein skvett fekk ho, og ein til så det hølja nedetter nakken og ryggen på henne.

Da såg han at han skulde ikkje på marknaen denne gongen. Han skulde snu og få henne velberga heim. Ho smilte og tok etter vêre, da han nemnte det.

«Dokker ska ikkje snu for mi skyld,» sa ho.

Neida, neida, men no var det ein høvelig segl-skjøtt heimover. – Kunde han segle da? i [216] dette vêre? Han svara ikkje på det, han såg ho leit på han. Ein stein for lite var det i færingen, og segle var ikkje av dei nyaste, men no mastra han opp og vatt det til vêrs.

Det gjekk dansande fint eit tak. Båten rente som fuglen på kvar båra og unnar kvar rossa, han var glad han hadde sloppe laus ein gong. Men no vart båten for lett på rore, han hadde for mykje segl. Odin fira i drage, men segle kom ikkje. Han tok i rakk-trossa, men ned vilde det ikkje. No hengte han seg i med full tyngd. Rakk-trossa datt av; ho var plukk-roten.

Og vinden la til. Båten skaut hit og dit, han tålte ikkje segle, han skjena som torskremte gjeita, visste ikkje kor han skulde av. Gjenta hogg i segle, og Odin gjorde det same, men rakken sat beinfast oppi mastra.

Det fór gjennom Odin, det var som ei rasp å kjenne på, at nyst her var han ute i knipa, og da bad han om hjelp og fekk henne, – det var berre barnverk. No var det alvor. Det var eitt å prøve: å gå til vinds med båten, no straks her, med det var rom sjø. Stod han da, så var dei berga. Gjenta såg på han. Ho såg ut liksom ho visste ho skulde døy, men ho leit på han lel.

Ja ja, no gjorde han det. Var det så at Gud var med ein og hjelpte, så fekk han vera her no, dei var mange, – dei som hadde vore i nøda slik og hadde ikkje anna råd visst enn å trive tak i han. Men før han nådde tanken til endes, [217] skar båten seg til sides sjøl, sjøen stod inn over ripa til le, eit berg å sjå til, og da Odin kom til seg att, låg han i vatne og kava, med skaute i neven og båra i eitt klask over seg.

Han kom seg opp på kvelve. Ville frøsande fjorden rundt i kring. Dette var å vera åleine. Fanns ikkje hjelp. No først kom han i hug gjenta. Der såg han henne, ho kom opp unna framslage på båten, ho klønte etter tak i ripa, men sjøane vaska henne vekk.

Endelig hadde han berga henne. Ho hang tålig bra. Han tenkte som snarast på å rope, men let det vera; han fekk det ikkje til. Da såg han ein båt kom baskande imot vinden frå Segelsund-lande, og ein til frå andre sida fjorden.

– – – Han var meint på å gå beint inn i stua til fru Mina så våt han var, men så møtte han henne utom døra.

Ho spurte om han verkeleg *var* vettlaus, om det ikkje fanns sjø-vett i han?

Han fortalte korles det hadde bore til. Elles var han like glad med kva dei sa eller trudde.

«Æ leit på Vårherre, at han skuld hjolp mæ,» sa han og såg henne i auga.

Ja, det gjorde han vel òg, det?

«Nei. Nei va det lekt!¹³³ Han va der ikkj – æ kjent det på mæ.»

Ho laga seg til og vilde komma med ei lang lekse, men så let ho det vera, like snart. Ho vart ståande halvveges som ho såg på han og [218] halvveges som ho

tenkte. Så bad ho han komma inn og få på seg tørre klæa. Nei, han skulde heim no, og så sa han farvel og gjekk.

Elen tok det rolig. Ho såg berre fortenkt på han, og da ho snudde seg, mumla ho med seg sjøl, at ein hadde mangt å takke Gud for.

«Ja,» sa Odin. «Du veit han e bra å ha, i bakhanda. For det om'n ikkj lystra mæ på timen. Du veit da æ *trur* på'n,» la han til med seg sjøl. «Han må da vel vera til?»

Da han kom ned frå lofte, hadde han pakka i hop tølène sine, og sa at no flytta han. Mora avlettast i andlete.

«No alt?» sa ho.

«Ja.»

«Men *gjer* du det da, Odin?»

«Ja, æ gjer det. Nei, æ skjønna det ikkj sjøl heller, men. Og ikkj e det vakkert tå mæ heller. Ska vel sjå å bli liti meir stadi sia. Ja, dokk får ha farvel da, og takk fer mæ!»

Dei stod der og var like langlette både Iver og Elen. No først kjente han at dei var bra folk, og kva det vilde seie. Det var ei varm og tung kjensle, ein gave med på vegen.

Men så snudde han seg ifrå dem og gjekk.

Det susa og bles enno, men det var blanke fin-vêre. Og han syntes no, liksom da han la i veg i dag-tidlig, at han hadde gjort ifrå seg gråmørkre og stuevarmen og gjekk i møte med ein høg og klår dag. Det var rart å gå slik reint ^[219] åleine ein frammand veg. Og slik hadde han kjent det med han var liten, nokon gong: Det var liksom ikkje å tru på det ein såg. Det var like storveges for det. Og *det* var godt for menneske: å vera åleine.

- [n1.](#) *Forfatternote:* ein-kavar ɔ: briskebuskar
- [n2.](#) utvendig] *rettet fra:* utvending (*trykkfeil*)
- [n3.](#) *Forfatternote:* ei gaufn ɔ: b e hendene fulle (vart berre brukt om mj l og korn)
- [n4.](#) kom] *rettet fra:* hom (*trykkfeil*)
- [n5.](#)  ] *rettet fra:* A (*trykkfeil*)
- [n6.](#) sprang] *rettet fra:* spran (*trykkfeil*)
- [n7.](#)  r] *rettet fra:* ar (*trykkfeil*)
- [n8.](#)  sel] *rettet fra:* Asel (*trykkfeil*)
- [n9.](#) *Forfatternote:* oradd ɔ: uredd.
- [n10.](#) *Forfatternote:* t v-fj l ɔ: vaskebrett
- [n11.](#) *Forfatternote:* savi ɔ: sevje
- [n12.](#) s g] *rettet fra:* sag (*trykkfeil*)
- [n13.](#) *Forfatternote:* messi det ɔ: mister det.
- [n14.](#) *Forfatternote:* st tt ɔ: stutt
- [n15.](#) *Forfatternote:* vala ɔ: verda
- [n16.](#) *Forfatternote:* sj lst rta ɔ: sj ldaua (sturta)
- [n17.](#) *Forfatternote:* Gu n ' oss ɔ: Gud n de oss.
- [n18.](#) *Forfatternote:* gluft ɔ: glupt
- [n19.](#) *Forfatternote:* lottin ɔ: huga
- [n20.](#) *Forfatternote:* mort ɔ: m rkt
- [n21.](#) *Forfatternote:* f rane ɔ: sko av avskorne sj st vlar
- [n22.](#) f r] *rettet fra:* f r (*trykkfeil*)
- [n23.](#) god til] *rettet fra:* godtil (*trykkfeil*)
- [n24.](#) Odin] *rettet fra:* Odein (*trykkfeil*)
- [n25.](#) konfirmert] *rettet fra:* komfirmert (*trykkfeil*)

[n26](#). *Forfatternote*: te års ɔ: til næste år

[n27](#). *Forfatternote*: tellene ɔ: fleirtal av telle (bartre)

[n28](#). *Forfatternote*: grop ɔ: grov

[n29](#). *Forfatternote*: smord ɔ: smurd

[n30](#). *Forfatternote*: tèll ɔ: tél (tæller)

[n31](#). *Forfatternote*: radd ɔ: redd

[n32](#). Åsel] *rettet fra*: Asel (*trykkfeil*)

[n33](#). *Forfatternote*: va det lekt ɔ: var det likt seg

Olav Duuns *I eventyre* er lastet ned gratis fra bokselskap.no